

# Rituell reproduksjon av buekorps: klasse, kjønn og materialitet



Foto: Evita Uglum

Evita Uglum  
Masteroppgåve  
Institutt for sosialantropologi  
Universitetet i Bergen  
Vår 2023



## Samandrag

I denne oppgåva vil eg sjå nærare på buekorps, ein bevegelse som blei starta på 1800-talet av ungdom, og som fortsatt er eit fenomen i Bergen i dag. Eg vil fokusere på buekorpsa opp mot rituale, og vil då komme inn på ulike tema som strøk, kjønn, klasse og materialitet. Alt dette vil vere med å kaste lys over ei utforsking i korleis buekorpsa har klart å overleve fram til i dag, og korleis dei blir reproduksjonale vidare. Ved observasjon, gode samtalar og deltaking på ulike buekorpsarrangement, har eg fått eit innblikk i korleis buekorpsa arbeider i dag med å ta vare på denne tradisjonen, og korleis dei bringer denne vidare, både ved å utvikle seg, samstundes som dei held på dei gamle tradisjonane. Dette kan ein til dømes sjå ved at samstundes som buekorpsa held på dei tradisjonelle rituala som uniform, marsjar og hierarki, fornyar dei seg ved å opne opp for at jenter kan vere med, samt i større grad viske vekk klasseskilnadane i samfunnet.

I denne oppgåva vil eg difor argumentere for korleis dei tre dimensjonane kjønn, klasse og materialitet kjem til uttrykk, og er med på å reproduksjonale buekorpsa i dagens bybilete. Her kjem eg mellom anna inn på korleis kjønn og likestillinga har endra seg gjennom tida då buekorpsa har eksistert. Eg vil også sjå nærare på klasseskiljet som var i samfunnet tidlegare, men som buekorpsa også utøver til ein viss grad også i dag. Det materielle synet vil eg komme nærare tilbake til i slutten av oppgåva, og vise til korleis verdi blir ivaretatt i buekorpsa, men også i Bergenskulturen.

Dette leier fram til mine hovudfunn i studien, kor ein kan sjå korleis buekorpsa står i spenninga mellom det tradisjonelle og det moderne, i eit meir og meir modernisert samfunn. Buekorpsa har ei viktig rolle som tradisjonsberar i Bergen, samstundes som dei skal fornye og utvikle seg i takt med samfunnet.

Evita Uglum

## Takkseiing

Etter fem år som tilflyttar og student i Bergen, byrjar eg endeleg å forstå Bergen og bergensarane. Å fordjupe meg i buekorps og deira historie, har vore ein viktig del av denne prosessen mot ein betre forståing. Dette har vore ei spennande og bratt læringskurve, som har gitt meg både innsikt i og forståing for bergensarane sin store stoltheit og patriotisme til eigen by.

Det er mange som fortener ein takk for at denne masteroppgåva kan seiast å vere ferdig, og at eg no kan senke skuldrene nokre hakk. Fyrst og fremst fortener min rettleiar, Bjørn Enge Bertelsen, ein stor takk. Takk for støtte når motivasjonen var låg, og for gode råd undervegs i denne prosessen. Takk for alle dei gode samtalane om Bergen og buekorps. Utan deg hadde ikkje denne masteren hatt noko retning.

Vidare må alle informantane mine få ei stor takk. Takk for alle forklaringar, for at de tok meg med på arrangement eg aldri visste at fanst, og for tålmod til alle mine spørsmål, som det til tider blei mange av. Det var ei stor ære å få følgje dykk, og eg håpar de framleis vil slå av ein prat om me møtes. Utan dykk – inga oppgåve. Buekorpsmuseet fortener òg ein ekstra takk for å vise meg rundt, og gje meg innsikt i historia til denne kulturarven som Bergen har. Hald fram med å ta vare på den viktige delen av byhistoria!

Takk til alle engasjerte rundt buekorpsa som skaper gode rammer for dei unge, og gode debattar for dei vaksne. Utan diskusjonane rundt buekorpsa ville me ikkje hatt utvikling, og utan nokon til å vaske uniformar eller til å stå på altanen å smile medan buekorpset går forbi, hadde ikkje buekorpsa vore det same. Me må hugse å setje pris på denne identiteten til Bergen dei gongene trommene vekkjer oss litt for tidleg ein søndagsmorgen.

Til slutt må Johan-Frederic og Rakel få kvar sin takk. Johan-Frederic for å ha halde motivasjonen min oppe, både under feltarbeidet og skriveprosessen. Takk til Rakel for hjelp med korrekturlesing, gode diskusjonar, og for å ha hatt trua på meg gjennom heile prosessen.

Takk, Bergen, hald fram med vise deg frå di beste side!

Evita Uglum

Bergen, mai 2023



## Innhald

Kapittel 1: Introduksjon .....	1
Metodologisk tilnærming .....	3
Tidlegare forsking på buekorps .....	6
Etiske utfordringar .....	7
Om buekorps i Bergen .....	8
Å analysere buekorps: Teoretiske innfallsvinklar .....	9
Rituale i antropologien .....	12
Presentasjon av dei ulike buekorpsa .....	13
Laksevågs Bueskyttere .....	15
Sydnæs Bataljon .....	17
Nordnæs Bataillon .....	19
Samanfatning og vegen vidare .....	20
Kapittel 2: Strøksidentitet .....	23
By og strøk i endring .....	24
«Vårt buekorps er best» .....	28
Buekorpsa vil bestå .....	30
«Eg e' kje fra Norge, eg e fra Bergen» .....	32
Overføringa av den gamle kunnskapen .....	37
Strøket .....	38
Kapittelkonklusjon .....	42
Kapittel 3: Eit samfunn i endring: Klasse og det rituelle i buekorpset .....	43
Klasse i antropologien .....	43
Klassetilhørsle .....	44
Ei stor kulturell feiring .....	48
Rollar som utfyller kvarandre .....	51
Alliansar og fellesmarsjering .....	55
Hierarki og overgangsriter .....	62
Kapittelkonklusjon .....	66
Kapittel 4: Eit utviska kjønnsskilje .....	67
Kjønn i antropologien .....	67
Er det plass til jentene i buekorpsa? .....	68
Maskulinitet .....	74
Kapittelkonklusjon .....	75
Kapittel 5: Den symbolske verdien .....	77

Å ta vare på historia.....	77
Eit antropologisk perspektiv på verdi og materialitet.....	77
Fana som symbol.....	79
Ein felles uniform .....	84
Respekt for viktige personar – levande som døde.....	91
Gåveutveksling .....	95
Kapittelkonklusjon.....	98
Kapittel 6: Avslutning .....	101
Litteratuliste .....	107

## Kapittel 1: Introduksjon

Buekorps<sup>1</sup> har eksistert i over 150 år, og har tidlegare vore i fleire byar og tettstadar i heile Noreg (Schønfelder, 1992:19). Det er ein bevegelse som blir drive av og for ungdommar, og med ein gong det vårast i lufta i Bergen, kjem dei ut i gatene for å marsjere og spele trommer. Bergen er den einaste byen i Noreg som framleis har buekorps. Kvifor er det slik at buekorpsa berre har klart å overleve i denne byen, men ikkje i andre? Dette er noko eg vil sjå meir på i denne oppgåva. For å søke å forklare korleis buekorpsa har overlevd, har eg valt å fokusere på dei rituelle dimensjonane hjå buekorpsa, og eg vil særleg sjå på korleis desse er knytt opp mot by og strøk. I denne oppgåva vil eg difor argumentere for og vise at reproduksjonen av buekorps i Bergen dels kan forklarast ved hjelp av dei rituelle elementa hjå buekorpsa. Dette vil eg søke å vise gjennom ei analyse av tre ulike dimensjonar som alle knytt seg til det rituelle: kjønn, klasse og materialitet. Eit rituale er gjentakande symbolske handlingar, og noko som vikar frå dei daglegdagse gjeremåla (Turner, 2017). Meir om rituale vil eg komme tilbake til seinare i dette kapittelet.

Å komme tett på buekorpsa, og å følgje deira sesong i 2022, var ei spesiell feltarbeidsoppleveling, og det gav meg innsikt i mange kulturelle ritual og tradisjonar med fleire komplekse sider. Blant anna såg eg at kameratskapet og det sosiale i buekorpsa står sterkt. Buekorpsa er i tillegg svært tydelege i bybilete i Bergen, og dei opplev at dei får mykje støtte av kommunen og andre som vil at dei skal fortsetje å lage liv i gatene. Det er også ein viktig sosial arena, der unge menneske kan møte kvarandre, lære seg disiplin og ta ansvar i ung alder. Sjølv når ein blir for gammal for å vere med i sjølve buekorpset, kan ein fortsatt bruke det som ein sosial arena, og vere med som støtte til dei ulike buekorpsa, formelt gjennom såkalla «gamlekarforeiningar», som er for dei som har vore med i buekorpset tidlegare.

Å komme i kontakt med alle dei menneska i Bergen som er involverte i buekorps, såg eg ikkje på som noko stort problem, utanom at det kanskje ville bli vanskeleg fordi eg er kvinne, og buekorpsa som eg skulle vere mest med var reine gutekorps. Dette viste seg å ikkje stemme. Då det blei kjent at eg skulle skrive masteroppgåve om buekorps, fekk eg kontakt med mange bergensarar og buekorpsintereserte. Dei ville gjerne fortelje meg om si store interesse. Ved at eg tok kontakt med ulike buekorps om at eg ville gjere feltarbeid hjå dei,

---

<sup>1</sup> Eg var valt å bruke skrivemåten buekorps i oppgåva i staden for den nynorske metoden som er bogekorps. Dette fordi eg vil bruke det slik som dei sjølve skriv det i Bergen.

spreidde også ryktet seg fort til andre buekorps om at eg skulle studere dei. Eg hadde tidleg i felterbeidet mitt lagt ut eit innlegg i ei gruppe på Facebook, om at eg skulle skrive masteroppgåve om buekorpsa i Bergen. Dette fekk eg god respons, og også ein journalist i Bergens Avisen kontakta meg, for å høyre meir om dette og skrive ein sak, slik at eg skulle få endå fleire kontaktar. Fleire buekorpsinteresserte tok kontakt med meg, og eg fekk fort eit godt nettverk å støtte meg på. Då eg skulle ut i felten, var det mange som visste kvifor eg var der, og kom bort for å snakke med meg, då dei hadde sett både innlegget på Facebook, og artikkelen i lokalavisa. Eg var også ganske forberedt på kva som venta meg der, og kva eg kunne sjå ekstra godt på, då eg på grunn av desse førebuingane allereie hadde mange gode kontaktar i buekorpsa som hadde informert meg godt i forkant av sesongen. Allereie første dagen ute i felt, tidleg i mars, i møte med eit nytt buekorps, fekk eg beskjed om å skrive ned datoar der det skjedde viktige ting, slik at eg kunne få med meg dette i oppgåva.

Å gjere felterbeid «heime» i den byen eller landet ein allereie bur i, er ikkje nytt i antropologien. Sjølv om ein tenkjer på felterbeid og antropologi opp mot eksotiske strøk og det ukjente, så har det blitt meir og meir vanleg å utforske også sin eigen kultur, som ein lev i sjølv. Ein treng ikkje å reise langt geografisk for å finne forskningsobjekt (Peirano, 1998:107-112). Det kan vere mykje ukjent i eigen kultur, noko som eg også fekk oppdage under mitt felterbeid av buekorpsa i Bergen.

Ein laurdag i midten av mars i 2022, gjekk eg ut på Nordnes, då eg hadde snakka med sjefen i buekorpset Nordnæs Bataillon tidlegare for å få vite kvar og når dei hadde eksersis. Det var kaldt, men fint vårvær, med litt solglint innimellom. Eg hadde fått greie på at eg skulle møte ved Depotbarakkene, noko eg ikkje visste kor var. Eg valte difor å berre gå ut mot Nordnes, i håp om å sjå buekorpset. Etter kvart som eg kom lenger ut, begynte eg å høyre trommer, og visste at eg i alle fall var på rett veg. Når eg var komme heilt ut på Nordnes, kunne eg både sjå og høyre Nordnæs Bataillon. Eg visste ikkje heilt kven eg skulle vende meg til, så eg tok kontakt med ein gjeng som stod og diskuterte årets medlemstal i buekorpset. Dette var ein gjeng med 5-6 gamlekavarar og medlemmar av velforeininga. Gamlekavarane er dei som er ferdige i buekorpset, men framleis er med for å hjelpe til, medan velforeininga består av foreldre og andre interesserte som hjelpt buekorpset dersom det trengst. Etter kvart spreidde ordet seg om at eg skulle skrive oppgåve om buekorps. Dette gjorde til at fleire og fleire kom bort for å presentere seg. Eg reiste heim igjen den dagen med ei lang liste og ein god plan på når eg skulle møte seinare den våren, og mange nye kjenningar som viste seg å skulle komme godt med seinare i felterbeidet. Då eg då hadde fått gode kontaktar, fekk eg også beskjed kvar

gang eg møtte opp, om kor eg skulle møte neste gong, kva som skulle skje, og kvifor dette var relevant for meg i mitt feltarbeid. Eg stilte difor mykje meir forberedt dei neste gongane, og hadde fleire eg kunne både spørje og snakke med dersom eg lurte på noko.

Sidan så mange tok kontakt med meg når eg var ute i felten, skjønte eg at buekorps betydde svært mykje for svært mange i Bergen. Eg fekk fort eit godt nettverk og gode informantar i fleire buekorps. Dette fekk meg til å tenke på kva som gjer buekorps såpass viktig i Bergen, og kvifor bergensarane er opptatt av å halde på denne tradisjonen i dag, når samfunnet har utvikla seg veldig mykje sidan buekorpsa blei starta. I tillegg ville eg finne ut kva ritual og tradisjonar buekorpsa har i løpet av sesongen, og kva som gjer dei så spesielle. Dette er nokre av spørsmåla eg skal gi svar på i dei neste kapitla.

### Metodologisk tilnærming

Heilt tidleg i løpet av feltarbeidet mitt, før eg møtte Nordnæs Bataillon, starta eg med å intervjuet tidlegare og neverande medlemmar i ulike buekorps. Dette var allereie tidleg i januar 2022, sjølv om den såkalla buekorpssesongen ikkje blir rekna for å starte før ut i mars kvart år. Dermed kom eg i kontakt med mange ulike informantar, og snakka med dei, uavhengig av kva buekorps dei høyrd til, då eg berre ville vite ein del generelt om buekorps. I alt hadde eg fem intervju eller samtalar med både aktive medlemmar og gamlekarakarar før sesongstart. Eg møtte nokre av dei på kafé for å snakke om buekorps, medan andre møtte eg på Buekorpsmuseet, som er eit eige museum for dette fenomenet i Bergen.

Nokre av intervjuet føregjekk ved at eg stilte spørsmål til informantane og dei svarte. Andre intervju føregjekk ved at me møttest berre for å snakke om buekorps. Dette førte til mange interessante samtalar, eg fekk eit godt innblikk på kort tid, og blei godt rusta på det som ville møte meg i buekorpssesongen. Eg har snakka med både eldre, som er ferdige i buekorpset for mange år sidan, og nokre yngre som er med i buekorpset den dag i dag. Eg har dermed fått eit innblikk i korleis buekorpsa er i dag, i forhold til korleis det var tidlegare. I tillegg har eg brukt Buekorpsmuseet her i Bergen, ein plass kor eg har fått med meg mykje god informasjon.

I denne studien var den mest føremålstenlege metoden observasjon av buekorpsa. Pierre Bourdieu meinte at ein kunne bruke deltagande observasjon for å finne ut av enkelpersonar sin praktiske kunnskap (Zahle, 2012:51). Feltarbeid og deltagande observasjon gjer at ein kjem tett inn på menneske og grupper som ein elles ikkje ville vore like tett på utanom. Fordelen med å bruke feltarbeid og deltagande observasjon, er at ein kan oppfatte

situasjonar som ein ikkje kan vidareformidle med ord. Dette gjer til at feltarbeid og deltagande observasjon, der ein får følgje menneska over tid, vil skape ein betre forståing av menneska og situasjonane (Jenkins, 1994:435-439). Mykje som skjer i ein deltagande observasjon er non-verbalt, og kan altså berre vidareformidlast til personane som er der og oppfattar og observerer situasjonen sjølv.

Etter at eg hadde snakka med ulike informantar frå ulike buekorps, nærma sesongen seg. Buekorpsesongen varar berre frå slutten av februar/byrjinga av mars, til juni, når skulane tek sommarferie. Det er i denne perioden at buekorpsa er ute og marsjerer. Utanom dette, så møter dei kvarandre også resten av året. Medan då er det meir øving for slaggarane, og sosiale fellesaktivitetar som kino, bowling og fjellturar. Eg valte då ut to buekorps eg ville følgje heile sesongen, sidan eg ikkje kan følgje med på alle, då dei har såkalla «eksersis» på like tidspunkt. Eksersis er når dei øver på å marsjere i gatene, noko som dei gjer to gongar i veka i løpet av sesongen. Valet mitt falt på Sydnæs Bataljonen og Laksevågs Bueskyttere, sidan eg allereie hadde skaffa meg gode kontaktar i begge buekorpsa. For å hente inn feltarbeidsdata, har eg hovudsakleg brukt observasjon, og snakka med dei andre som også har møtt opp for å sjå på buekorpset, ofte foreldre eller gamlekarar. Der har eg kunna spørje dei rundt meg om det som skjer i buekorpset, samtidig som eg har fått observere det. Det å ha kontaktar ute i felten frå dag ein, har gjort at eg kan tolke situasjonane, og diskutere dei med andre observatørar, for å kunne få eit betre bilet av situasjonsheilskapen.

Å komme så tett på buekorpsa, og både få snakke med dei, observere dei og kunne følgje dei over ein periode, gav meg eit godt innblikk i deira liv i denne rolla. Denne kvalitative forskingsmetoden bidrog til at eg vart kjend med informantane, slik at det vart lettare for dei å snakke med meg, etter kvart som dei blei betre kjende med meg og mitt prosjekt. Deltagande observasjon kan delast inn i fire ulike kategoriar. Dette er deltaking i aktivitetar, deltaking i samtalar, observasjon av samtalar og observasjon av aktivitetar. Ein kan også utnytte si eiga rolle i mykje større grad, ved å kunne vite kva rolle ein er i til ein kvar tid, og ta i bruk denne (Wadel, 2020:52). Å kombinere både deltaking og observasjon kan vere veldig nyttig. Det er ikkje alltid like lett å få til deltaking, og ein må då ta i bruk endå meir observasjon for å kunne samle inn tilstrekkeleg med informasjon (Wadel, 2020:55).

Om ein skal nytta Wadels metodologiske firedeling, var det ikkje så lett for meg å få til deltaking i aktivitetar, sidan eg ikkje er medlem i noko buekorps. Eg blei difor ståande på utsida å observere det som skjedde av aktivitet i sjølve buekorpset. Samstundes fekk eg delta blant dei som var rundt buekorpset. Eg blei fort ein del av dei som var for å sjå på buekorpsa,

og som deltok i aktiviteten som skjedde rundt. Dette gjorde til at eg også kunne spørje dei om situasjonar eg var usikker på, dersom det blei behov for dette. Gjennom sesongen fekk eg dermed mange samtalar med buekorpsmedlemmar og dei som stod rundt, noko som gjorde til at eg fekk eit godt innblikk i buekorpsa utan å måtte delta i sjølve buekorpset.

Etter at eg hadde vore ei stund ute i felten, vart eg tipsa om at eg burde observere Nordnæs Bataillon. I dag reknast dei som det største buekorpset, og er eit av dei tre såkalla «laurdagskorpsa» i byen, altså dei som marsjerer på laurdagar og ikkje søndagar som dei andre. Dette er ein skilnad eg skal analysere seinare i oppgåva. I samtalar nemnte fleire at Nordnæs Bataillon, også har litt andre ritual<sup>2</sup> enn det som fleire av dei andre buekorpsa har. Eg sendte så ein melding til den såkalla «sjefen» i bataillonen, altså han som er leiaren, og avtalte at eg skulle vere med å sjå på deira neste marsjering, som var på laurdag om berre to dagar. Han gav meg svar på kvar og når eg skulle møte, og kva eg kunne forvente denne laurdagen i april, slik at eg stilte litt forberedt.

Dei tre buekorpsa som eg har fokusert mest på, og difor kjem til å skrive mest om, er Laksevågs Bueskyttere, Sydnæs Bataljon og Nordnæs Bataillon. I tillegg til dette har eg snakka med ulike personar frå andre buekorps, noko som gjer til at eg også vil nemne fleire korps. Medan eg var ute i felten, og observerte dei ulike korpsa, møtte eg òg på andre korps. Dermed har eg fått sett dei fleste korpsa. Eg vil derfor referere også til dei andre i denne oppgåva. Buekorpsa har sine eigne måtar å skrive sine namn på. Sjølv om Nordnæs Bataillon hører til ute på Nordnes, har dei valt å bruke den gamle skrivemåten, som er Nordnæs. Det same gjeld Sydnæs bataljon, som brukar sitt gamle namn. Eg har difor valt å bruke deira skrivemåtar på namna deira i oppgåva.

Sidan eg bur i Bergen, var det veldig lett for meg å oppsøke miljøet. Eg hadde derimot ikkje trudd at det skulle vere så lett som det var å komme i kontakt med alle desse menneska som sat på all denne erfaringa og informasjonen. Alle dei eg har snakka med, var også veldig engasjerte, og ville fortelje meg mest mogleg. Eg har ikkje levd tett opptil nokon som er med i eit buekorps, men har møtt opp på alle eksersisdagane og andre spesielle dagar, slik som alle i buekorpsa også har gjort, og eg har på denne måten følgd deira rituelle kalender.

---

<sup>2</sup> Rituale er min definisjon som eg kjem til å bruke i denne oppgåva, medan dei fleste i bevegelsen sjølve nyttar ord som tradisjon eller vane.

## Tidlegare forsking på buekorps

Det har meg kjend tidlegare berre blitt skreve ein etnologisk studie av buekorps, nemleg Anne Kari Skårs masteroppgåve frå Universitetet i Bergen frå 1984 med tittelen «Tradisjon – kameratskap – disiplin». På fleire måtar, har Skår drive med ei tilsvarende type forsking som eg har gjort, særleg metodisk med observasjon og intervju. Som meg følgde ho ein buekorpsesong, i hennar tilfelle Nygaards Bataljonen, og Skår var med på deira aktivitetar, og blei kjend med gutane som var med i buekorpset. Ein skilnad er likevel at eg har følgt tre buekorps, og sett meir på heilheita blant buekorpsa, i staden for å fordjupe seg i eit einskild (Skår, 2017:17-18). Skår skriv elles om fleire av dei same tema som eg vil ta opp i denne oppgåva, som kjønn og klasse, og korleis eit buekorps er bygd opp og drive. Sidan Skår gav ut oppgåva si i 1984, har talet buekorps endra seg; nokre har komme til, medan andre er nedlagde. Den gongen var det heller ikkje snakk om jenter i buekorpset. Dei sto berre på sidelinja, utan å få vere med i sjølve korpset. Dagens jentekorps har starta opp etter arbeidet hennar (Skår, 2017:194). Desse er Løvstakkens Jægerkorps (re-stifta i 1999)<sup>3</sup>, Lungegaardens Buekorps (stifta i 2011) og Damsgårdsfjellets Bataljon (stifta i 2018).

Buekorpsene tillater kun gutter som aktive medlemmer. I de seinere årene har det vært en del diskusjon om buekorps og jenter. Holdningen i buekorpsene er fortsatt klar: Å være soldat, offiser og gamlekar har alltid vært og skal derfor alltid være forbeholdt gutter og menn (Skår, 2017:194).

Dette er eit sitat som er henta frå oppgåva til Skår. Sidan denne tida så har kjønnsrollene både i samfunnet og i buekorpsa endra seg mykje, og kjønnsdimensjonen i buekorpsa, både før og no, er noko som eg vil diskutere meir i kapittel 4. I mi oppgåve vil eg bruke Skår sitt arbeid til å identifisere ei utvikling i buekorpsrørsla.

Også antropologen Marianne Gullestad tar for seg litt om buekorps i sin analyse om Bergen. I 1979 skrev ho boka *Livet i en gammel bydel*, og denne var både eit samarbeid mellom ho og Bergen Kommune, og eit resultat av hennar mastergrad i sosialantropologi. Den omhandla korleis det var å bu i strøka Verftet og Nøstet, som er to små bystrøk i Bergen. Gullestad ser på korleis forhalda knytt til bustad er, og kva som skjer rundt i strøket. Vidare kjem ho inn på buekorpsa, som også den gang gjekk rundt i gatene, og skapte liv og røre, akkurat slik som i dag. Hennar analyse ser på buekorpsa opp mot strøket dei er i, og kva det

---

<sup>3</sup> Blei oprinneleg stifta i 1903, men var i dvale i fleire år, før det blei starta opp igjen i 1999, då ope for både jenter og gutter (Løvstakkens, u.å.).

har å seie for byen, særleg Verftet og Nøstet (Gullestad, 1979:186). Gullestad si bok forklarar *strøket*, og korleis dette er oppbygd-ei tematikk eg vil skrive meir om i kapittel 2. Denne boka kom ut nokre år før Skår si oppgåve om buekorpsa, og byen har difor utvikla seg mykje sidan også denne boka kom ut. Likevel vil eg prøve å bruke begge desse, til å sjå på utviklinga i strøket i Bergen, og få ein forståing over korleis byen er blitt slik som den er i dag.

I tillegg har det blitt skrive mykje litteratur generelt om både buekorps og Bergen (Gullestad[1979], Schønfelder[1992], Thorsen[2013], Langlo [2020], Sørensen[2020]). Mykje av dette er eldre forsking, men også noko har komme ut dei siste åra. Dei fleste buekorpsa har litteratur som er skrive om dei, og som er gitt ut i bokform. Noko av dette forheld eg meg til i oppgåva, då det har relevans for studien min.

### **Eitiske utfordringar**

Av forskingsetiske grunnar, så vel eg å anonymisere dei som eg har snakka med, noko informantane er informert om. Dei som eg har hatt samtalar med, har også godkjent at eg kan bruke dette i oppgåva. I følgje den norske personopplysningsloven er kravet at samtykket skal vere uttrykkjeleg, altså at ein er sikker på at ein har fått eit samtykke. Det skal også vere informert og frivillig, utan at det er tvang eller gåver involvert (Hagen og Skorpen, 2021:179).

Feltarbeidet mitt har vore utførd i tråd med dette, og eg har fått løyve til å bruke informasjonen som informantane mine har gitt meg. Det er heller ikkje noko sensitiv informasjon som blir forska på, og alt eg har vore med på har skjedd i det offentlege rom. Utfordringa her var rett nok at det var vanskeleg å få snakke med ungdommane som var med i dei ulike buekorpsa, som ikkje var over 18 år. Difor har eg valt å snakke mest med dei som er over 18 år og som kunne gi munnleg samtykke, og hovudsakleg offiserane og dei som har vore med ei stund. I tillegg har eg også snakka med ein del foreldre til buekorpsmedlemmane. Sidan eg skulle fokusere på rituala, gjekk dette veldig fint, då rituala ikkje har forandra seg noko særleg dei siste åra, og dei som kunne mest om det, er dei som har vore med over ein lengre periode. Då eg observerte dei ulike buekorpsa, har dei fleste visst om at eg skal skrive oppgåve om buekorpset. Eg har også snakka med fleire av buekorpsa på førehand og avklart at det er greitt at eg er med å observere det som skjer under samlingane deira.

Som lesaren allereie skjønnar, så er det grenser for anonymisering, sidan eg vil bruke namna på buekorpsa, då dette er relevant for ulike praksisar i dei ulike korpsa. For å forklare kven som har gjort kva, vil eg bruke deira titlar i buekorpset, som offiser, adjutant, soldat eller sjef, som alle er ulike roller i buekorpsa.

## Om buekorps i Bergen

Som nemnd innleiingsvis, er buekorps noko som etter kvart har blitt eit heilt særeige sosiokulturelt fenomen for Bergen. På slutten av 1800- og 1900-talet eksisterte det i fleire byar og bygder rundt om i Noreg, men i dag er det berre igjen femten buekorps att – alle i Bergen, der 12 av dei berre er for gutter, eit er blandingskorps, og eit som berre er for jenter (Buekorpsmuseet, u.å.). Det blei også stifta eit nytt buekorps så seint som i november 2018, som heiter Damsgårdssjellets Bataljon. Dei hadde sin første sesong i 2020, og er då det nyaste buekorpset i byen (Damsgårdssjellets Bataljon, u.å.).

Med eit nyoppstarta buekorps i byen, strekk likevel historia om buekorpsa seg langt tilbake i tid. Det er mykje usikkerheit på kva som var det første buekorpset i Bergen, og på grunn av ulike historiske kjelder, er det mykje strid om kva som faktisk er det eldste buekorpset. I dag blir Dræggens rekna som det eldste buekorpset, i alle fall av dei som er gjenlevande. Dette blei stifta i 1856 (Schønfelder, 1992:58). Likevel kan fleire ting tyde på at det har bestått enda eldre buekorps i Bergen før. Det eldste som ein veit om i dag, er Baneveiens Kompagni, som blei stifta i 1848. Dette eksisterer ikkje lenger, og når eg har spurt informantane mine om kva slags buekorps som er eldst, har det vore mykje forskjellige meiningar om dette, alt etter kva buekorps ein er med i eller har tilknyting til (Langlo, 2020:326).

Det som er ein viss einigheit i, er at buekorpsa oppstod som ein leik, der gutter i gatene etterlikna sine fedrar, som den gong var med i den såkalla borgarvæpningen. Dette var 1800-talet sitt heimevern, og dei hadde då eksersis på Engen i Bergen sentrum, noko som gjorde til at også buekorpsa i byen fekk sin oppstart. Dette er då heilt tilbake til 1853, men ein har sett liknande leikar heilt tilbake til Ludvig Holberg si tid, på 1600 og 1700-talet, då han har skrevet om liknande leikar blant gutane allereie frå si tid (Sørensen, 2020:251).

Den såkalla «buekorpsesongen» varar som nemnt berre i nokre få månadar på våren, fram til juni, og når ein høyrer buekorpsa utanfor vindauge, er dette eit sikkert vårteikn, i følgje bergensarane. For, buekorpsa står veldig sterkt i det ein kalla det bergenske. Det er ein intens sesong, med mykje marsjering, eksersis og andre ulike aktivitetar. Det meste av opplegget er likt frå år til år, med ulike dagar som blant anna fellesmarsjering, feiring av stiftingsdag, idrettsdag, såkalla landturday og 17. mai.

Kvar fjerde år blir det det også arrangert *Buekorpsenes dag*, som er ein ordentleg festdag for bergensarane, og spesielt for dei buekorpsengasjerte. Denne dagen vart feira sist den 28. mai 2022, då eg gjorde feltarbeid. Då blei det ein skikkeleg festdag i sentrum, og det var mange flotte buekorps å sjå, og mange bergensarar trekte ut i gata for å få med seg det som skjedde. Allereie då eg kom til sentrum, var det mykje folk i gatene. Klokka var berre 10 på formiddagen, og programmet deira hadde allereie starta. Dette skulle halde på heilt fram til klokka seks på kvelden, så buekorpsa gjekk ein lang dag i møte. Då det seinare var klart for marsjering gjennom sentrum for alle buekorpsa, var det så mange menneske som stod og såg på, at det var vanskeleg å finne ein god plass for å få god utsikt til buekorpsa som kom. Dette viser kor viktige buekorpsa er, og kor mange som vil få med seg når dei marsjera rundt i gatene. Ein kunne tydleg sjå at alle som marsjerte under fanene, iført uniform denne dagen, var veldig stolte. Når ein kunne sjå kor mange som hadde stilt seg opp i gatene for å få med seg buekorpsa sin fellesmarsj denne dagen, seier dette noko om kor viktig og spesielt buekorpsa er for byen og menneska som bur her.

Det som skil buekorps frå andre barne og ungdomsklubbar, er at den blir drive av medlemmane sjølve. Det vil seie at det er barn og ungdom som står for drifta av dei ulike buekorpsa. Dermed ligg det mykje ansvar på ungdommane, spesielt dei som har blitt valt inn i styret. Alle buekorpsa har også ei øvre aldersgrense på medlemmane, og for mange er denne 21 år, men dette varierer også frå buekorps til buekorps kor strenge dei er på dette. Dersom ein blir eldre, må ein søke om å få vere med, men her er det ulike praksisar frå buekorps til buekorps. Når ein har blitt for gammal til å vere med i buekorpset, kan ein bli med i gamlekarane. Kvart buekorps har ein gamlekarforeining, og dette er for alle dei som har vore med i buekorpset tidlegare, og som fortsatt vil vere med i noko liknande buekorps. Gamlekarane stiller opp dersom korpset spør om det, og hjelper også til med det økonomiske i buekorpset. Men alt i alt blir buekorpset drive av dei som er med der, utan særleg innblanding frå andre vaksne personar.

## Å analysere buekorps: Teoretiske innfallsvinklar

Som dei føregåande sidene har vist, finst det ei rekke ulike måtar ein kan nærme seg fenomenet buekorps – både historisk og antropologisk. I denne oppgåva vil eg skilje meg litt frå ein del annan forsking ved at fokuset vil vere på ritual i buekorpsa, særleg korleis desse blir utførte og vidareførte i generasjonar. For å vise korleis desse rituala kjem fram, vil eg bruke teoriar om klasse, kjønn og materialitet. Desse dimensjonane nyttar eg til å få ei forståing av korleis rituala veret utført, og oppgåva vier eit kapittel til kvart av dimensjonane.

Dette er for å vise til kvifor rituala er viktige, og kvifor dei blir utført som dei blir. Eg vil også sjå på buekorpsa si utvikling.

Før eg tek fatt på desse dimensjonane, vil eg gi ein innføring i strøksidentitet, og vise kvifor strøket i Bergen er så viktig, kanskje ekstra spesielt for buekorpsa. Eg vil difor starte med å bruke Jenkins (2008) for å kunne forstå kva identitet er. Geertz (2005) studerte hanekamp på Bali, og såg dette i samanheng med å bære stoltheit ovanfor sitt strøk, og korleis rituala og tradisjonane kan sjå annleis ut utanfrå enn for dei som er inne der det skjer. Vidare vil eg sjå på vidareføringa av buekorps, og dermed nemner eg Hanne Müller (1996) sin teori om munnleg overføring av kunnskap. Dette er essensielt for at buekorpsa skal kunne fortsetje i framtida. Mykje av den kunnskapen som ein har i buekorpsa er ikkje slik som ein kan skrive ned, men noko ein må vidareføre ved å vise og forklare.

Når eg skal sjå meir på klasse innanfor buekorpsrørsla, har eg valt å gå inn på roller og korleis desse blir utførte, og står i forhold til kvarandre. For å kunne sjå nærmare på klasse, hierarki og rollar, så har eg valt å ta utgangspunkt i Goffman (1992) sin teori om rollar. Han forklarar at korleis ein framstår til andre, er med på å skape ein sosial interaksjon. Menneska spelar så forskjellige rollar, alt etter korleis situasjon ein kjem inn i, og taklar dette på ulike måtar. Gjennom livet må ein gjennom ulike roller, og dette er noko som eg også vil setje inn i buekorpssamanheng, ved hjelp av Goffman sin teori.

Vidare skal eg gå inn på klasseskilje i forhold til stad. Eg kjem då til å bruke mykje av Morell (2015) sin teori rundt dette, for å sjå korleis samfunnet har utvikla seg frå eit klasseskilt samfunn, til slik det er i dag, der skilnadane blir meir og meir utviska. Eg vil då også ta i bruk Anderson (1996), som fokuserer på det førestilte fellesskapet, noko som ein kan sjå oppstår både innan buekorpsbevegelsen, men også i byen buekorpsa er ein del av. Vidare kjem eg til å sjå på festivalteori, og ta i bruk då blant anna Regis (2001), som skriv om paradar i dei fattigaste bydelane i New Orleans. Dei har noko som dei kallar for *andre linje*, og dette er paradar som tek plass kvar søndag i løpet av ein periode på rund sju månadar. Dette vil eg sjå på opp mot buekorpsa, og trekke linjer herifrå, då ein kan sjå litt av dei same tendensane i USA, som ein ser hjå buekorpsa i Bergen.

Når eg vidare skal skrive meir om det å endre på rollane, og gå inn i nye rollar, kjem eg til å komme inn på Gluckman (2004), og sjå meir på det å endre rollane, og kva dette ritualet kan ha å seie i buekorpsa, og korleis eg kan sjå dette i ein antropologisk samanheng. I

tillegg kjem eg til å bruke ein del av Turner (2017) sin teori, for å forstå overgangsrituala som ein står ovanfor når ein er med i eit buekorps. Eg ser då spesielt på korleis ritualet blir gjennomført når ein går frå å vere ein buekorpsgut eller jente, til å bli med i gamlekarane. Ein går då frå å vere ungdom, til å bli voksen, og må då gjennom eit mellomstadie, som blir kalla for liminalfasen, der ein står litt mellom ulike stadier og roller (Turner, 2017). Desse vil utfylle kvarandre, og eg vil prøve å forstå roller og klassar, knytt opp mot rituale, ved å bruke desse teoriane. I tillegg vil eg også nytte meg av Gluckman (2004) som skriv om det å snu rituala på hovudet. Dette er alle teoriar som eg vil bruke for å analysere rituala som er i buekorpsa, og kople det opp mot den materielle delen av antropologien, noko eg kjem attende til i kapittel 3.

Som nemnd er kjønn ei viktig dimensjon, og dette kan også knytast opp mot rituale. Eg vil då bruke sentrale antropologar som forska om kjønn, inklusive Ortner (1972) sin teori om natur og kultur. Ho skriv om korleis verda blir dominert av menn, og kvinnene er undertrykte. Dette refererer ho til som natur og kultur, der kvinnene blir sett på som natur, medan menn er kultur. Vidare skapar dette kjønnsforskjellar, og er noko eg diskuterer meir i dette kapittelet (Ortner, 1972). Her kjem eg også til å bruke Butler (2020), for å analysere det kjønna perspektivet i buekorpsa, då ho meinte at kjønn var noko som ein preformerte, og ikkje noko ein var. Dette vil eg gå meir i djupna av i kapittel 4.

Noko eg også tek opp i oppgåva er det materielle. Her vil eg særleg sjå på Graeber (2001) sin teori om verdi, som fortel noko om korleis ulike samfunn har ulike måtar å måle verdi på, og ulike måtar å sjå på utvekslinga av verdi (Graeber, 2001). Eg vil også gå nærmare inn på uniformen deira, og korleis ein ser på verdien av denne. For å kunne forstå dette, har eg valt å ta i bruk Hertz (2007) sin teori om kvifor ein brukar uniformane, og korleis ein får respekten for denne.

Opp mot Graeber og Geertz, vil eg også bruke Mauss (1995) sin teori om gåveutveksling, og sjå på denne opp mot kvifor gåveutvekslinga er eit viktig ritual i buekorpsa. Mauss argumenterer i si bok, *Gaven* (1995), kvifor utvekslinga av gåver har ei så viktig rolle i ulike samfunn, og korleis det skapar relasjonar mellom menneske. Med dette ser han spesielt på korleis gåver er viktige både symbolsk og sosialt, og ikkje berre ein økonomisk transaksjon (Mauss, 1995).

## Rituale i antropologien

Hovudfokuset i oppgåva mi vil vere å identifisere og forstå ritual innanfor buekorpsa, noko antropologien gir gode føresetnader for å gjere. Men å finne ein felles definisjon på kva som er eit rituale og ikkje er vanskeleg i antropologien. Det som det likevel synest å vere einsemd om, er at det er ei spesiell type hending, som har mykje til felles med anna menneskeleg aktivitet, men som likevel skil seg ut frå dette ved å ikkje vere del av den daglegdagse aktiviteten. Likevel har antropologar prøvd å lage ein felles nemning for kva som er eit rituale, og har komme fram til at eit rituale er ein dynamikk som er spesifikk for akkurat den gruppa menneske. (Kapferer, 2005:35-37). Dette er noko som ein kan sjå igjen i buekorpsa, då deira rituale er særeigne for dei, og kanskje er litt vanskeleg å forstå for dei som står utanfor gruppa.

I denne samanhengen, kan det og vere nyttig å tenkje på ritualteorien til Victor Turner. Han flytta fokuset på ritual frå representasjon til prosess. Han fokuserte då meir på korleis ritualet blei utført som ein prosess, og ikkje berre korleis det blei framstilt som eit rituale utanfrå. Med dette, vart han også særleg kjend for overgangsritualet, der fokuset var på overgangane mellom ulike stadium og roller i livet (Turner, 1960). Dette er noko eg vil komme tilbake til, særleg i kapittel 3. Ritual er symbolske handlingar som ein brukar for å oppretthalde samfunnet og relasjonane der, og for å markere større hendingar i løpet av livet. Dette vil eg bruke i oppgåva mi når eg skal analysere det rituelle i buekorpsa (Kapferer, 2005).

Clifford Geertz sin studie om hanekamp på Bali (2005) kan, i tillegg til strøksidentitet, også koplast opp mot rituale. Dette er ein av dei klassiske studiane innanfor rituale, og eit godt eksempel på kvifor ein må sjå på rituale frå gruppa sitt eige perspektiv for å forstå det. Her hadde befolkninga hanekamp, altså at hanane deira kjempa mot kvarandre til den eine døydde. Dei satsa pengar på kva hane som skulle vinne, og vinnaren av hanekampen var han som gjekk ut med ein overlevande hane. Dette blei sett på som underhaldning på Bali, sjølv om det ikkje var ein lovleg handling. Sjølv om dette var ei form for ulovleg underhaldning, handla sjølve ritualet om mykje meir enn berre å underhalde. Det blei sett på som eit symbol på både manndom, ære, verdighet og respekt (Geertz, 2005). Med dette eksempelet frå Geertz, kan ein sjå tydeleg at ritual ofte har ein annan betydning enn det som det ser ut som utanfrå.


Denne oppgåva gjev eit blikk på buekorps, kor eg går gjennom tre overordna tema, klasse, kjønn og materialitet. Hovudtemaet er likevel ritual, då buekorpsa har mange ritual

som dei utfører, og er dette temaet står sentralt i antropologien. Eg brukar difor denne ritualteorien som eg har nemnt her, for å kunne forstå rituala som eg har møtt på i buekorpsa.

I denne oppgåva vil eg sjå på rituale ut frå at det er ein hending som skil seg frå det kvardagslege, og noko som blir gjort for å markere noko større. Eg vil også sjå nærmare på Turner sin analyse av overgangsriter, spesielt når eg seinare i oppgåva skal analysere overgangsritene som eg observerte hjå buekorpsa. Det rituelle er eit viktig moment i buekorpsa, og den rituelle syklusen er med på å reproduksjonere dei, ved at det skapar engasjement rundt buekorpsa.

### Presentasjon av dei ulike buekorpsa

Her presenterer eg dei tre ulike buekorpsa som eg har valt å følgje i løpet av sesongen 2022. Både Laksevågs Bueskyttere og Sydnæs Bataljon er søndagskorps, medan Nordnæs Bataillon er eit laurdagskorps. Dette handlar om kva dag dei marsjerte på opphavleg, som igjen reflekterte sterke klassekiljer kor arbeidarklasseborn måtte arbeide på laurdagar, medan borgarskapets born ikkje måtte det. Dette er noko eg vil komme tilbake til i kapittel 3, som omhandlar klassetilhøyre. Dei tre er alle spreidd utover byen, og presenterar ulike delar og strøk av byen. Figur ein er eit kart eg har laga som syner ein oversikt over alle buekorpsa i Bergen, slik som dei er i dag. Til dette kartet har eg tatt inspirasjon av frå Lotte Schønfelder si bok «De bergenske buekorps» som kom ut i 1992. Sidan den tid, har det blitt lagt ned korps, og nye korps har komme til. Eg har lagt til dei nye korpsa, i tillegg til at eg har lagt til sentrale plassar som eg skriv om i oppgåva elles. Kartet er meint som ein oversikt over dagens buekorps, med utgangspunkt i kvar dei har sin eksersisplass.



Figur 1 Kart over Bergens buekorps. Illustrasjon: Evita Uglum

I tillegg til dette, er det også vedlagt ei ordliste (Vedlegg 1) med uttrykk knytt til buekorps som ein møter på i løpet av lesinga av oppgåva. Dette er ord og uttrykk som er typisk for buekorpset, og som blir brukt her for å forklare ulike tema som eg skriv om.

### Laksevågs Bueskyttere

Laksevågs bueskyttere er eit buekorps som eg kom tidleg i kontakt med, allereie før felterbeidet starta. For å få litt greie på korleis eg kunne komme meg inn i buekorpsrørsla, valte eg å ta kontakt med sjefen her ganske tidleg. Dette var for å få vite om det var greitt at eg var med ute i felten, og kva moglegheiter eg hadde for å komme i kontakt med dei ulike tilhøyrande til buekorpset. Eg hadde difor ein god samtale med sjefen tidleg, og opplevde denne som veldig bra og informativ. Eg følte meg allereie inkludert, og kjente meg klar før å starte på felterbeidet, og bli med på heile sesongen deira, frå start til slutt. Eg fekk kommentarar første gong med dei som for eksempel «du må vere med oss frå klokka 06 den 17. mai!» og «neste søndag må du komme, for då skal me ha fellesmarsjering». Dette gjorde til at eg følte med ein gong at eg var velkommen til å følgje dei resten av sesongen.



Figur 2 Eksersis i bukta på Laksevåg, Laksevågs Bueskyttere. Foto: Evita Uglum

Laksevågs blueskyttere blei stifta den 8. Mai 1894 (Schønfelder, 1992:64). Fargane deira, som kjem til uttrykk både på uniformen og i fana, er raudt, kvitt og blått. Buekorpsset held til på Laksevåg, som er litt utanfor bykjerna, og her har dei både samlingslokale og eksersisplass, i bukta på Laksevåg. Buekorpsset er i såkalla «allianse», som er dei som dei har ekstra godt samarbeid med, med Løvstakken Jægerkorps, som ikkje ligg langt vekk frå dei geografisk. Buekorpsset er relativt stort i forhald til dagens buekorps, og stilte med rundt 30 gutar på linje sesongen 2022. Buekorpsset marsjerar med bogar som *bevæpning*. Dette er altså kva gevær buekorpsa brukar når dei er ute på marsjering. Det som er ekstra spesielt med dette buekorpsset, er at dei kvart år har eit stort tønnebål på Laksevåg, på eksersisplassen deira, som buekorpset står for. Dette har dei hatt ansvaret for sidan 1903 (Hartvedt og Skreien, 2008). Også i sesongen 2022 var det tønnebål. Då møtte mange frå heile byen, og buekorpset hadde bygd eit stort og flott bål, hadde kioskar med sal av mat, og eit flott sceneshow for store og små.



Figur 3 Tønnebålet på Laksevåg. Foto: Evita Uglum

Buekorpset verkar å vere svært aktiv, også utanfor sesong, halloweenfest, turar til trampolineparkar og eigne filmkveldar. Buekorpset blir godt drive, og dei har mange engasjerte gamlekarar og foreldre som hjelpt til dersom dei treng dette. Det var eit kjekt buekorps å følgje med på, og å sjå på korleis dei tok over bukta på Laksevåg når dei hadde marsjeringar på søndagane i sesongen. Det var også mange som kom for å sjå på buekorpset når dei marsjerte, noko som viser tydeleg kor viktige dei er for strøket sitt. Sesongen 2022 vann dei også den årlege kåringa «Årets buekorps», kåra av 17. mai komiteen i Bergen (Tvedt, 2022).

### Sydnæs Bataljon

Tidleg i feltarbeidet fekk eg kontakt med fleire av gamlekarane i Sydnæs Bataljon, noko som gjorde det naturleg å fortsetje å følgje dei. Sydnæs Bataljon har tilhaldsplassen sin på Sydneshaugen, som ligg oppe på høgda i Bergen sentrum. Det blei stifta i 1863, og feirar stiftingsdagen sin den 7. juni, sjølv om det er uklårt når buekorpset blei starta (Schønfelder, 1992:82). Sjølv om dei opphaveleg er eit søndagskorps, har dei valt å legge marsjeringsdagane til laurdagar i sesongen. Dette er noko eg vil komme meir tilbake til i kapittel 3.

Buekorpset har samlingslokale i ein liten kjellar på Møhlenpris eit stykke frå eksersisplassen sin, som er i Vinjes Gate. No ventar dei på om det kanskje kan dukke opp betre moglegheiter seinare, då lokalet ikkje rommar like mange som dei kunne ønske, og dei håpar også på medlemsvekst i bataljonen. Under eit møte med bataljonen, fekk eg vere med å sjå lokala deira. Gamlekarane viste veg, og me måtte gå eit stykke frå der dei hadde eksersis, for å komme til lokalet. Eg hadde tidlegare vore i fleire andre buekorpslokale, så forventningane var ganske høge til det som skulle møte meg. Me nærma oss så Møhlenpris, som ikkje er ein del av Sydnæs Bataillon sitt område. Då me kom til lokalet såg eg at det var lite. Kjellaren låg nede i eit lite bygg, og eg fekk ein omvising, noko som ikkje tok så lang tid. Der hadde dei eit lokale med ein liten kjøkkenkrok, eit spisebord, og litt plass til oppbevaring. Før hadde dei alle effektane sine heime hjå medlemmar eller gamlekarar, då dei ikkje hadde plass til oppbevaring. Dette er dei heldigvis ferdige med, då dei no har fått eigen plass til oppbevaring i sitt nye lokale. Sjølv om lokalet ikkje var like stort som dei eg tidlegare hadde sett, verka dei glade for å endeleg ha ein plass å samlast igjen, etter å ha stått utan plass ei stund, noko som eg kjem meir tilbake til i kapittel 6. Gamlekarane viste meg lokalet, og forklarte at her hadde dei sosiale samlingar, til dømes som frukost på nasjonaldagen, før dei starta med marsjeringa, eller juletrefest som dei hadde i desember, utanfor buekorpsesong.

Dette er ein viktig del for å skape eit samhald i korpset, og for å få folk til å bli verande frå sesong til sesong. Meir om det sosiale fellesskapet og viktigeita av dette, kjem eg meir attende til i det siste kapittelet i denne oppgåva. Sydnæs Bataljon er i allianse med Sandvikens Bataljon og Skansens Bataljon. Denne alliansen blir kalla for SSS-alliansen. Dei har ulike arrangement i lag, som fellesmarsjering ein laurdag kvar sesong.

I sesongen 2022 marsjerte buekorpset med bogar som *bevæpning*, men dette er noko dei kjem til å endre neste sesong. Eg kjem meir attende til dette i kapittel 5. Dette buekorpset følgde eg på heile *Buekorpsenes dag* og på stiftingsdagen deira, som i 2022 blei lagt til nærmaste laurdag, den 11. juni. Dette var veldig kjekt. Det er eit lite buekorps, med lågt medlemstal, noko dei håpar på at skal stige i sesongen 2023, då dei har 160 års jubileum. Dei jobbar no aktivt for å rekruttere medlemmar, slik at korpset skal bli større og endå meir synleg på Sydnes.



Figur 4 Sydnæs Bataljon stiller opp før marsjering i Sydnesgaten på buekorpsenes dag 2022. Foto: Evita Uglum

## Nordnæs Bataillon

Nordnæs Bataillon er det siste buekorpset eg valte å følgje i 2022-sesongen. Dette er byens største buekorps i dag, men har også hatt både betre og dårligare tider tidlegare (Schønfelder, 1992:70). Buekorpset er stasjonert ute på halvøya i Bergen sentrum, som heiter Nordnes. Her har dei eksersispllass på Tollboden, men brukar også resten av Nordnes flittig. Dei har samlingshus på Fredriksberg, som tidlegare var ein festning. I tillegg til dette, har buekorpset ein stor eigedom i Fyllingsdalen, som heiter Nordnæsdalen, og er oppkalla etter buekorpset. Her har dei masse aktivitetar og overnattingar i løpet av heile året, noko eg kjem eg attende til i kapittel 5.

Buekorpset er eitt av tre laurdagskorps, og er i allianse med Nygaards Bataljon og Dræggens Buekorps, som er dei to andre laurdagskorpsa. Dei har ulike aktivitetar i lag, som fellesmarsjering og idrettsdag. I tillegg besøker dei kvarandre på deira stiftingsdagar, og har då ein eksesisoppvisning, kor dei overleverer gåver. Når ein har eksesisoppvisning, så har buekorpsa ein oppvisning, der dei småspring rundt etter ordrar frå sjefen, for å forsvare fana si. Eksersisdagane blir ofte avslutta med ein eksersisoppvisning, og det er også oppvisning på større dagar. Dette vil eg komme meir tilbake til i kapittel 5. I løpet av sesongen 2022 var eg med på mange av deira aktivitetar, som stiftingsdag, idrettsdag, *landtursdag* og såkalla *tulleeksersis*. Desse dagane og det rituelle innhaldet i dei kjem eg meir attende til i kapittel 3 og 5.



Figur 5 Nordnæs Bataillon på deira faste eksersiseplass, Tollboden. Foto: Evita Uglum

## Samanfatning og vegen vidare

Problemstillinga mi søker etter å kaste lys over korleis reproduksjonen av buekorps i Bergen dels kan forklarast ved hjelp av dei rituelle elementa hjå buekorpsa. Dette vil eg utforske gjennom ei analyse av tre ulike dimensjonar, kjønn, klasse og materialitet.

Eg vil starte oppgåva mi med å bli betre kjent med byen og menneska som bur her. Eg går nærmare inn på kva som gjer deira strøk spesielt, og kvifor dei identifiserer seg med dette området. Vidare vil eg sjå på dette knytt opp mot buekorpsa, som også er veldig strøksbundne. Eg vil setje fokus på kvifor buekorpsa eksisterer den dag i dag, og kva strøket og menneska rundt har å seie for dette. Deretter tek eg eit blikk på korleis utviklinga til buekorpsa har vore, då medlemstala har gått mykje opp og ned gjennom tidene. Her viser eg korleis innbyggjarane i bykjerna har endra seg, og korleis bydelane i seg sjølv har endra og utvikla seg med tida. Alt dette vil eg sjå opp mot buekorpsa sin eksistens den dag i dag.

Deretter vil eg sjå på korleis buekorpsa opptrer i forhold til maktfordeling, klasse og hierarki. Buekorpsa er inndelt i eit klasseskilje som er med frå gammalt av. Sjølv om klasseskiljet er utvaska frå samfunnet elles, held buekorpsa på tradisjonen. I tillegg til at buekorpsa har eit klasseskilje seg i mellom, så har dei også eit hierarki i kvart buekorps. Alle har sine roller som dei må utføre for å få buekorpset til å fungere. Eg vil difor utforske korleis dei ulike rollene spelar inn på korleis rituala i buekorpsa blir utførte. I tillegg vil eg gjere ein samanlikning med ein festival i USA som Helen Regis analyserer, og sjå på denne opp mot buekorpsa, og rituala der.

Vidare vil eg sjå nærmare på kjønn og diskutere utviklinga av dette i buekorpsa. Jentene har ikkje fått vore med sidan byrjinga, og er det er berre no i nyare tid at dei har komme på bana. Eg vil sjå på det kjønnsdelte Noreg, og korleis buekorpsa har endra seg i takt med likestillinga. Kjønnsdiskusjonen har alltid stått sterkt i buekorpsa, og kjønnsrollene er i stadig utvikling. Her vil eg analysere korleis kjønnsrolleutviklinga har påverka buekorpsa, og dermed ta i bruk antropologar som blant anna Sherry Ortner, for å forstå utviklinga av kjønnsproblematikken. Dette vil kaste lys over korleis buekorpsa endrar seg over tid, men likevel tek vare på dei viktige rituala som dei alltid har hatt, uavhengig av endringar utanfrå.

Kapittel 5 vil omhandle det materielle, og tydinga av dette knytt opp mot rituala som buekorpsa utfører. Eg vil då sjå meir på korleis ulike gjenstandar er viktige for å halde rituala gåande. For å få ei forståing av gjenstandane deira, vil eg sjå meir på verdi, og knytte dette vidare opp mot rituale. Buekorpsa fornyar seg stadig, og sjølv om både folk og stadar både

fell vekk og endrar seg, lev buekorpsa vidare gjennom objekt. I dette kapittelet vil eg bruke delar av teoriane til David Graeber, for å forstå verdiperspektivet i buekorpsa. Her skildrar eg kor verdifulle dei ulike gjenstandane deira er, og kvifor dette er med på å reproduusere buekorpsa.



## Kapittel 2: Strøksidentitet

I dette kapittelet går eg nærare inn på strøksidentitet, og kva dette har å seie for buekorpsa og korleis dei vert reproduusert i samband med strøksidentitet. Det å identifisere seg med strøket – eit uttrykk også mange nyttar når dei snakkar om buekoprs og området desse er i – er noko eg såg mange av mine informantar gjorde. Når eg i denne oppgåva refererer til strøk, er dette dei mindre plassane i Bergens ulike bydelar. Strøket er ikkje like stort som heile bydelen, men samstundes er det større enn nabolaget, slik også Gullestad refererte til i sin analyse frå 1979 (Gullestad, 1979:58). Strøka består av bebuarhus, som dannar eit sosialt fellesskap, mykje av dette på grunn av fellesareala som dei har ute, altså plassen mellom husa. Desse blei, og blir framleis brukte til fellesaktivitetar mellom bebuarane, som for eksempel buekorpsaktivitet (Gullestad, 1979:62). «Plassene har alltid hatt en spesiell betydning, fordi ein del aktiviteter krever et visst areal ... Beboerne oppfatter det som om gater, smug og plasser «hører til» de husene ved siden av» (Gullestad, 1979:62). Strøket og gatene blir altså danna av bebuarane, og dei tek over rommet og gjer det til *sitt*.

Dette temaet kan kastast lys over gjennom forskinga til Clifford Geertz. Geertz skriv, som tidlegare nemnt, om å identifisere seg med eit strøk. Når balinesarane arrangerer hanekamp, er det spesielt viktig å vinne, for å vise sin status og identitet i sin landsby og sitt strøk. Det har ikkje berre med premien å gjere, men kva status ein får i sitt strøk og knytt dermed identitet og område saman (Geertz, 2005). Dette vil eg her overføre til buekorpsa, for å forstå kvifor strøksidentiteten står så sterkt i buekorpsrørsla og hjå bergensarane generelt. Oppgåva ser meir på korleis strøksidentiteten blir forma og praktisert, med tanke på det rituelle i buekorpsa, og kvifor strøket er ein viktig del av buekorpsa.

Buekorpsa er veldig bundne til sitt strøk, og det er noko som er viktig for dei. Dette kan ha med å gjere at det er ein veldig gammal tradisjon, så gammal at ein ikkje eingong veit når det blei starta opp med desse leikane. Det å ta vare på kulturarven og tradisjonane ser ut til å vere viktig for bergensarane. Dette kan ein tydeleg sjå når det er så mange som er med på å støtte opp om buekorpsa den dag i dag, spesielt når dei viser seg i sitt strøk. Sjølv om Bergen har gjennomgått mange endringar som by, så forheld buekorpsa seg mykje til slik som det var før i tida. Strøka og gatene endra seg, men buekorpset marsjerar likevel i dei same gatene i dag, som dei gjorde då dei starta opp, så sant som dette er mogleg. Buekorpsa tek mykje av byrommet, og byen gjev dei også tillating til dette. Innbyggjarane vikar når det kjem eit buekorps marsjerande, og dei aller fleste står på sidelinja og heiatar fram buekorpset, sjølv om dei kanskje ikkje har noko anna med det å gjere, enn at det er i den same byen som dei sjølve

er i. Buekorpsa tek byrommet og lagar det om til *sitt*, noko som eg vil komme tilbake til seinare i dette kapittelet.

Det er mykje utskifting av menneske, og kven som bur kor i Bergen, slik som i dei fleste andre byar. Mykje har nok skjedd i det Bergen kommune blei slått saman med dei andre kommunane rundt, og fleire såg sitt snitt til å flytte lenger ut frå byen. Bolighusa blei meir spreidde, og ein kunne velje å flytta ut frå byen (Haaland, u.å.). Slik utflytting og byvekst er også noko som påverkar buekorpsa. Dei må prøve å tilpassa seg byutviklinga, samstundes som det er viktig for dei å halde på tradisjonar og rituale for både buekorpset og strøket elles. Kvart korps har ulike plassar i *sitt* strøk som er viktige for dei. Etter kvart som det kjem nye bebuarar inn i byrommet, blir det kanskje ekstra viktig for buekorpsa å markere sine ting og sitt territorium. Korleis blir strøksidentiteten endra og vedlikehalde i eit byrom med store demografiske og sosioøkonomiske endringar som Bergen? Dette vil eg diskutere nærmare i dette kapittelet.

### By og strøk i endring

Kva identitet ein har, og kva ein vil identifiserast med er ikkje noko dei fleste går rundt å tenker på til dagleg. «Nordnes er vårt strøk. Me tilhører det, og bataillonen har vore her i all tid. Dette er også noko som bebuarane her er klar over, og når me har stiftingsdag den 3. mai, flaggar nesten heile Nordnes» sa eit velforeningsmedlem ved eit av mine feltarbeidsobservasjonar. Men kvifor er strøksidentiteten så viktig for desse menneska?

Jenkins meinte at identitet er viktig, spesielt for å kunne kategorisere og sortere ut menneske, enten det er som gruppe eller som enkeltpersonar. Vidare viser han at ein må forstå seg sjølv, før ein kan forstå andre menneske i samfunnet. Ulike faktorar som kjønn, etnisitet, rase, nasjonalitet, religion og yrke er med på å danne identiteten til menneska (Jenkins, 2008). I dette tilfellet, når det gjeld strøksidentitet, er det mange som er knytt til same strøket, og identifiserer seg med det. Dette kan vere av ulike grunnar, og tidlegare erfaringar, som har bidratt til å gjøre dette strøket spesielt for dei. Ein av desse grunnane, kan nettopp vere buekorpset. Mange har vokse opp med buekorpset i gatene heilt frå dei var små, og dette er noko som identifiserar både dei og strøket. Dermed heng buekorpsa og strøket tett saman, og byggjer identitet parallellt med kvarandre. Grupperinga strøket gjev enkeltmennesket gruppeidentitet, og strøka vil då lage eit skilje mellom vår identitet og andre sin identitet. Det vert då både som eit skilje frå andre og eit særeige for sitt strøk.

Eit eksempel her som kan synleggjere kor viktig identitet er, var *Buekorpsenes dag*, som blei arrangert den 28. Mai 2022. Då fekk eg invitasjon til å vere med gamlekarane seinare på kvelden, då dei skulle på ein felles buekorpsfest, noko eg sjølvsagt takka ja til. Etter at dagens offisielle arrangement var slutt, møttest alle som var buekorpsinterreserte, og det blei, naturleg nok, mykje buekorpsnakk. For å komme oss til denne plassen som det skulle vere fest på, måtte me gå gjennom heile strøket som Sydnæs Bataljonen held til i. Gamlekarane kunne då fortelje meg kvar dei hadde eksersis i dag, i forhold til i *gamle dagar*, og korleis strøket *deira* hadde forandra seg. «Eg hugsar som liten gut. Det å sitje i vindaugskarmen når buekorpset kom marsjerande forbi, det var eit stort høgdepunkt, noko ekstra stas ved å bu akkurat på Sydnes.» Her kan ein sjå korleis buekorpsa vert forbunde til strøket, og dermed gir identitet til strøk og person. Strøksidentiteten står sterkt, og kanskje ekstra sterkt hjå buekorpsa, sidan dei er veldig strøksbundne med eit buekorps til kvart strøk. Identiteten til buekorpsa er henta frå strøket dei har opphav i, og identiteten til strøket vert forsterka av det lokale buekorpset. I dette samspelet står enkeltindividet, og utviklar sin einskilde strøksidentitet.

To perspektiv på korleis samspelet mellom strøksidentitet og buekorps dette har utvikla seg er Markens Bataljon og Nordnæs Bataillon. Markens Bataljon, som truleg vart starta av gutane som budde i denne gata i 1854, viser korleis strøket har fått svakare tilknyting til buekorpsa i nyare tid. Då eg tidleg i januar snakka med dei som er med i buekorpset, kunne dei bekrefte at det på dette tidspunktet ikkje var nokon som var med i buekorpset som er busett i Marken lengre. Dette var noko eg la merke til at spesielt dei eldre i Markens Bataljon tykte var litt dumt, og reflekterer kanskje at dei har vore med på ein anna utvikling av byen enn det dei yngre har. Det kan sjå ut til at dei eldre i buekorpset knyt i større grad buekorpset opp til strøket, enn den utviklinga ein kan sjå no når buekorpsmedlemmane og strøket ikkje nødvendigvis heng like tett saman lengre.

Det andre dømet på endring er Nordnæs Bataillon. Dei siste 150 åra har dei hatt eksersisen sin på Tollboden. Dette er noko som er viktig for dei at buekorpset fortsett med, sjølv om den fysiske plassen no har blitt til ein stor parkeringsplass. Denne parkeringsplassen er stengd dei dagane bataillonen skal ha eksersis der, og er noko ein ikkje ser på andre parkeringsplassar i Bergen, men berre denne, som blir reservert til buekorpset kvar laurdag i eksersissesongen. Likevel har det hendt at det har stått bilar parkert der, når dei ikkje skulle. Tidlegare måtte gutane bære vekk bilane. I dag er det satt opp skilt, og det er både parkeringsvakter som passar på, og kranbilar som kan hjelpe til å få vekk bilane dersom dei er

i vegen (Kvamme, 2022:156). Dette viser kor mykje plass buekorpsa tek i byrommet, og det blir ein slags territoriell identitet.

Nordnæs bataillon og Markens bataljon viser dermed to ulike perspektiv på strøk og identitet. Medan Markens bataljon viser spenninga mellom utvikling og fornying på den eine sida, og ynskje om tradisjon og bevaring på den andre, viser dømet med Nordnæs bataillon kor langt dei strekk seg for å halde på ein av dei viktige tradisjonane til buekorpset.



Figur 6 Gatekunst av ein soldat i Sydnesgaten. Foto: Evita Uglum

### «Vårt buekorps er best»

«Slik er det berre. Alle seier at deira buekorps er det beste. Difor er også *mitt* buekorps best» fekk eg høyre då eg var på min første eksersis på Laksevåg i mars 2022. Denne vårdagen møtte eg opp for det som skulle bli mitt aller første møte med buekorpsrørsla i løpet av feltarbeidet mitt, der eg faktisk kunne observere dei, og eg vil i det følgjande kapittelet gi ei oversikt over korleis ein vanleg eksersis og marsjering artar seg. Eg hadde snakka med sjefen i Laksevågs Bueskyttere, for å vite kor og når eg skulle møte. Då eg gjekk av bussen på Laksevåg, såg eg bueskyttarar med ein gong, og spurte om eg kunne ta følgje med dei til lokalet, der eg hadde avtalt å møte buekorpset. Dei viste veg, og då eg kom inn i lokalet deira, sat det 10-12 bueskyttarar der, klare for marsjering. Her samlar offiserane seg ei stund før oppmøtet til marsjeringa, slik at dei kan ta i mot resten av buekorpset etter kvart som dei kjem. Det er då tid for å snakke med andre medlemmar, og skape relasjonar gutane i mellom, utan at alt er så seriøst som det er når dei er ute på marsjering.

Då eg kom inn i lokalet, vart eg tatt veldig godt i mot, og det var mange av gutane der som ville fortelje meg om korleis det var å vere med i buekorpset. «Det er så kjekt å vere med, og me får eit godt samhald oss i mellom» er eit representativt sitat for kva gutane fortalte meg. Eg vart vist rundt, og det hang mykje historie frå buekorpset og Laksevåg på veggane. Det var både eldre bilete og utmerkingar som buekorpset har fått tidlegare.

Pre-marsjering var det god stemning i lokalet, og gutane både snakka og tulla med kvarandre, både soldatar og offiserar. Etter ei stund, var det klart for å starte med dagens marsjering. Gutane gjekk ned i kjellaren i samlingshuset sitt, for å finne fram utstyret som dei skulle ha med seg på marsjeringa. Med utstyr, meiner eg trommer, fane, hellebardar og sablar. Dette er utstyr som alle buekorps brukar når dei er ute på marsjering, og er noko eg vil komme meir tilbake til i kapittel 4, om viktigheita av det materielle i eit buekorps.

Etter at dei hadde tatt på seg utstyret, gjekk gutane nedover mot bukta på Laksevåg. Då dei kom ned der dei skulle marsjere, blei buekorpset delt i to. Offiserane med slaggarane stilte seg opp på ein anna plass enn resten av soldatane. Då det hadde gått nokre minuttar, kom slaggarane, faneberarane og sjefen marsjerande bort til resten av buekorpset som var oppstilt på plassen. Dei stilte seg opp i eit samla korps, før dei starta med marsjeringa. Denne dagen var det mange som møtte opp for å sjå på buekorpset. Det var både foreldre, besteforeldre, gamlekavarar og elles andre som ville få med seg buekorpset ute på marsjering. Det var stolte foreldre som følgde med på sönene sine, og gamlekavarar som kom for å sjå

korleis det sto til med buekorpset denne sesongen, og kor mange som stilte på linje i år, eit moment som alltid er spennande og eit tal som ofte vert tolka som om korpset styrkt eller svekka seg.

Då gutane gjekk for å øve på marsjeringa, kom eg i snakk med ei mor som hadde med ungar i buekorpset. Ho var ikkje frå Bergen, men har budd her i nokre år. Sjølv om det var mykje nytt og uvitande for ho, fortalte meg det ho kunne om buekorps, som var utruleg mykje. Eg fekk eit veldig godt innblikk i kva buekorpsa var, og ikkje minst kor mykje det betydde for dei som var med, både som medlemmar, men også som foreldre eller føresette. Som dette glimtet tyder, er buekorpset og ein sosial arena der foreldre møttest, med buekorpset som eit sentralt tema.



Figur 7 Eksersis i bukta på Laksevåg, Laksevågs Bueskyttere. Foto: Evita Uglum

Guten til mora som eg snakka med, blei med i buekorpset for eit par år sidan, og blei med fordi kompisane hans var med i buekorpset. Kompisane og denne guten budde i nærleiken av Laksevåg, og det blei difor naturleg for dei å velje buekorpset med tilhøyregheit her. Dette blei ein fin avkopling for gutane, der dei kunne henge saman med kompisane, og også bli kjent med nye guitar. Den sosiale fellesskapen står sterkt i buekorpsa, enten det er mellom gutane, foreldra eller gamlekarane. Mora eg snakka med, sa også at sjølv om det var ein aktivitet for ungane hennar, tykte ho at det var kjekt å møte her kvar gong, for å snakke med dei andre foreldra som også budde i strøket hennar, Laksevåg.

Då me før marsjering sat oppe i samlingshuset deira, snakka eg med ein del eldre gutar som hadde nokon år bak seg i buekorpset. Han eine av desse var veldig opptatt av at eg skulle få med meg alt som han sitt buekorps dreiv med. «Du må få med deg tønnebålet i juni» og «Kjem du neste søndag også?». Vidare forklarte han kor flott Laksevågs blueskyttarar var. Dette var det finaste korpset av alle, og dei var verkeleg stolte av sitt buekorps og strøket som buekorpset høyerte til. Eg merka også dette godt då eg var med andre buekorps, at dei var veldig opptatt av å vise fram sitt buekorps og kvifor det var det beste av alle. Eg fekk ikkje noko spesifikk grunn til kvifor akkurat deira buekorps var best, for «slik er det berre», blei eg fortalt av medlemmane sjølve.

Noko eg la godt merke til når buekorpsa var ute og marsjerte, var kor engasjerte lokalbefolkinga var. Dette merka eg spesielt godt på Laksevåg når blueskyttarane kom marsjerande og mange sto utanfor døra eller på terrassen for å sjå. Ei slik tilstadevering av folk under marsjering, viser at buekorpsa er viktig for strøket dei er i, og ofte stod folk med store smil rundt munnen i det buekorpset kom marsjerande forbi.

Både byen, sentrum og strøka forandra seg. Det same gjer buekorpsa. Denne gamle tradisjonen blir fortsatt elска og hata av både bergensarar, innflyttarar og turistar. Buekorpsa er ikkje like tett knytt opp mot strøket i dag, som den dagen dei blei starta, men strøka er framleis ein viktig faktor i identiteten til buekorpsa. Strøket blir flittig brukt av buekorpsa, sjølv om byen har utvikla seg, og strøka ikkje lengre er like tydeleg oppdelte i dag.

### Buekorpsa vil bestå

Som eg har vist over, har strøka har forandra seg mykje gjennom tidene. Dette kan også ha vore med på at buekorpsa hatt større svingingar i medlemstala gjennom tidene. At det i skrivande dagar ikkje er på topp, er ingen hemmelegheit. Medlemstala går ned, og det er vanskeleg å rekruttere nye medlemmar. Buekorpsa har hatt mange god tider med høge medlemstal, slik som i 1946, då Nordnæs Bataillon var heile 210 soldatar på linje. Etter dette har medlemstala svinga litt, men jamt over hatt rundt 100 soldatar på linje, noko som er veldig bra samanlikna med andre korps. Medlemstala har gått litt opp og ned heile tida, noko som gjer at nokre av buekorpsa må bli halde «kunstig i live» dersom medlemstala blir for låge. Dette vil seie at nokre av gamlekarane er inne og hjelper mykje til med styringa av korpset, fram til dei som er med blir litt eldre, og kan ta over styringa sjølve igjen. Under ein samtale med ein av gamlekarane i Sydnæs Bataljon, kom det fram at bataljonen fleire gonger hadde hatt så lågt medlemstal at dei som gamlekarar måtte inn for å kunne halde buekorpset i live.

Til dømes har Sydnæs Bataljon henta inn tidlegare medlemmar som har sluttat, for å ha nok folk i buekorpset med kunnskapen som trengst. Det er ikkje berre Sydnæs som har slitt med dette. Både Sandvikens Buekorps, Wesselengens Bataljon og Fjeldets Bataljon har også måttat gjort dette tidlegare, i følgje fleire av dei eg har snakka med om dette. Dette er noko som ikkje er ideelt, sidan buekorpsa skal drivast uavhengig av dei vaksne, men er noko som er nødvendig. Det er viktig for strøket, og då særleg gamlekarane at buekorpsa består, så dei hjelpt ekstra mykje til for å få dette til å gå. Det siste ein vil i Bergen, og kanskje aller mest i sitt eige strøk, er at buekorpsa skal gå tapte.

Allereie i 1996, kom det ut ein avisartikkel i Bergensavisen frå Eivind Pettersen, om at buekorpsa sine medlemstal var på veg ned, og at ein difor burde slå saman buekorpsa. (Pettersen, 1996). Buekorpsa har alle stadar, gater og personar som er viktige for sitt buekorps, og som også er med på å oppretthalde sitt eige buekorps, som ein sjølv har tilknyting til, eller ein gong har vore med i. Dei buekorpsa som eg observerte, hadde sine faste ruter som dei marsjerte i, sine historiske rundar, og sin eigen oppstillingsplass, slik som dei har hatt det i alle år. Dei går alltid den same ruta når dei tek den historiske runden, og dei markerer dei stadane og personane som har vore viktige for dei opp gjennom tidene, og som har vore med på å bygge identiteten til buekorpset. Dette gjer til at ein knyt seg i stor grad til strøket som ein held til i, og strøksidentiteten står sterkt hjå buekorpset. Det å slå saman eit buekorps, vil då vere problematisk, då alle buekorpsa har sine stadar, ritual og verdiar som dei identifiserer seg med.

Sjølv om buekorpsa er inne i ein svak periode når ein ser på medlemstala, kan dette endre seg. Dersom ein ser på tala frå tidlegare tider, kan ein for eksempel sjå at Nordnæs Bataillonen har gått veldig opp og ned i medlemstal. Dei var for eksempel heile 186 soldatar i 1880, medan dei frå 1904 til 1916 ikkje kom seg over 90 soldatar. Etter dette gjekk tala opp igjen, og dei var ikkje under 90 soldatar før i 1949 igjen. I 1946 når krigen var slutt, var Bataillonen oppe i heile 210 medlemmar (Bing, 2018:381-392). Medlemstala har altså endra seg, og gått både opp og ned i løpet av tida, og at dei vil gå opp igjen seinare er godt mogleg. Det er ulike ting som spelar inn, som for eksempel krigen i 1940-45 og koronasituasjonen frå 2020 til 2022. Også den digitale utviklinga har påverka dette. Pettersen poengterer i sitt innlegg i Bergensavisen (1996) at det er meir freistande for dagens born og unge å vere heime og spele data enn å vere ute å marsjere i kulden. Etter dette har tidene endra seg endå meir, og buekorpsa har vore nøydde til å følgje med i tida. Mange av buekorpsa sine lokale har blitt utstyrt med tv-spel, slik at medlemmane kan samlast der å spele, i staden for å sitje heime

kvar for seg. Dette skapar eit samhold som er viktig i eit buekorps, som skal vere mykje ilag i løpet av ein sesong.

Mange av buekorpsa har vore i dvale, eller vore nedlagt i nokre år, før dei har starta opp igjen nokre år seinare. Eit eksempel på eit buekorps som har vore nedlagt tidlegare, er Markens Bataljon. Dei var i dvale i 6 år, før det starta opp igjen i 1973 (Markens Bataljon, u.å.). Til tross for denne nedgangsperioden, er bataljonen oppe og går den dag i dag, med mange medlemmar, og eit flott lokale.

Sidan buekorpsa utviklar seg i takt med tidene, kan dei klare å overleve også denne gongen, til tross for därlege medlemstal. Dessutan har alle buekorps mange i ryggen som kan hjelpe til dersom det skulle bli endå därlegare tider. Dei har gamlekarane, velforeininga, foreldre og befolkninga i strøket som kan hjelpe til, og kjem til å hjelpe til dersom det skulle bli behov for det. Mange av desse er stadbundne, og knytt til strøket og Bergenshistoria. Buekorpsa har eit territorium der dei forheld seg til strøket. Når ein snakkar om territorium, blir desse delt inn gjennom grenser på bakken. Vidare kan territorium også vere meir abstrakt, og omfatte dei sosiale inndelingane av grupper, og korleis desse blir skilde frå kvarandre (Barth, 1999). Strøket er eit fysisk rom, som vil bestå, uansett kor mange endringar som byen måtte gå gjennom. Samspelet mellom strøk og buekorps gjer at buekorpsa framleis kan klare å bestå, trass endringar i strøket, og at tilbodet for born og unge forandrar seg. Identiteten til strøket vert styrkt av buekorpset, og difor er buekorpsa ynskja av bebruarane. Dermed kan buekorpsa oppstå att, sjølv om dei somme gonger har därlegare vilkår. Til dømes vart Løvstakken Jægerkorps lagt ned, og seinare starta opp att to gonger (Buekorps, 2004). Forankringa buekorpsa har til strøka, vil på denne måten gjere buekorpsa meir motstandsdyktige mot endringane som skjer elles i samfunnet.

### «Eg e'kje fra Norge, eg e fra Bergen»

Sjølv om det riktignok fanst buekorps andre stadar i Noreg tidlegare, som eg nemde i kapittel 1, så er buekorpsa no heilt særeige for Bergen, og er noko mange nordmenn forbind med byen. Eit kjent våreteikn i Bergen, er når ein kan høyre trommene og buekorpsa som kjem marsjerande gjennom gatene. På kalde laurdagar og søndagar i mars, ofte med snø, regn og kalde blå grader, er buekorpsa klare for å starte våren i Bergen. Sjølv kor kaldt og surt det kan vere på værfronten i Bergen, stiller buekorpsa opp når det vårast. Det same gjeld gamlekarane, foreldre og lokalbefolkninga. Bergen er eit samla folk, som støttar opp om kvarandre.

«Thomas Hylland Eriksen har jo sagt at Bergen er verdens minste kontinent. Og den fornemmelsen kan man jo få noen ganger, når man går rundt i Bergen» (Hammerborg, 2020:10).

Hammerborg påstår at Bergen er eit førestilt fellesskap, og han trekk på Benedict Andersons arbeid som opphaveleg kom i 1983. Med dette meiner Anderson at medlemmane førestiller seg eit fellesskap, sjølv om ein aldri vil møtast eller ha kontakt med dei fleste innanfor dette fellesskapet (1996:19). Andersons og Hammerborgs lesing av Bergen som eit sterkt førestilt fellesskap resonnerer godt med mitt felter arbeid når eg snakkar om Bergen og bergensarane. Bergensarane er veldig opptekne av at dei skal verne om byen sin, og dei kjenner på same byidentitet og bystoltheit som nordmenn føler for Noreg (Hammerborg, 2020:13). Dette kunne eg også sjå når eg var ute i felten og såg på buekorpsa. Bergensarane som då stod og såg på buekorpsa, og dei som eg snakka med, var veldig opptatt av *sin* by og *sitt* buekorps, begge deler omtala med enorm stoltheit. Det at strøket står så sentralt hjå buekorpsa, kan ein kanskje sjå på som eit førestilt fellesskap. Strøket som buekorpsa er knytt til, vert snakka om, som *deira* og *vårt* strøk. Dette vil seie at ein ser på dei som tilhører strøket som ein fellesskap, noko som heng saman med Jenkins (1994) sitt syn på identitet.

For å forstå strøksidentiteten som oppstår i Bergens bydelar, så vil eg bruke Anderson sin teori om førestilte fellesskap. For det vil oppstå eit førestilt fellesskap i byen, og ikkje minst i strøket. Det at ikkje alle kjenner kvarandre, betyr ikkje at ein ikkje kan føle på eit fellesskap. Anderson meinte at menneske som lev i same samfunn, som ikkje har noko med kvarandre å gjere, berre passerer kvarandre på gata, utan å bli kjende med kvarandre, likevel vil føle på eit visst fellesskap. Sjølv om ein ikkje kjenner dei som bur i same by, så er ein likevel bevisste på at dei er der, og opptrer i det same rommet som ein sjølv (Anderson, 1991:36-37). Dette kan ein også sjå i strøka rundt om i byen. Menneska lev i det same samfunnet, har ulike felles interesser, men blir ikkje kjende med kvarandre. Likevel føler dei på eit fellesskap, då dei veit at kvarandre er der, og at ein kanskje har dei same interessene for sitt strøk. Dette gjer til at strøka står sterke saman, og kan difor løfte fram buekorpset som hører til *sitt* strøk. På denne måten vert identitet knytt opp til samspelet mellom strøk og buekorps på fleire måtar. Strøksidentiteten kan dermed fremje stoltheita over også buekorpset.

Noko som også er veldig viktig er at ein berre held seg til sitt buekorps, og sitt strøk. Er ein først blitt med i eit buekorps, skal ein vise lojalitet til dette buekorpset, og det blir ikkje tatt positivt i mot dersom ein vel å bytte buekorps etter at ein har begynt. Dette var noko eg fekk beskjed om heilt i byrjinga av mitt felter arbeid, då eg kom i snakk med nokre

buekorpsmedlemmar medan me satt i samlingshuset deira. Då blei det snakka om buekorps, og kor viktig det var å vere lojal mot sitt buekorps. Det tok ikkje lange tida før eit litt ømt tema kom opp, og det blei fullt fokus på dette. Her hadde ein i buekorpset bytta til dette buekorpset frå eit anna som han hadde vore med i tidlegare. Dette var noko som ikkje var populært, men var kanskje noko han kjente aller mest på sjølv.

«Det er jo litt merkeleg å bytte buekorps, og sjå at mitt gamle buekorps marsjerar utan meg. Far min gjekk også i det buekorpset, så det sat litt langt inne å bytte, men eg gjorde det fordi eg kjente fleire i dette buekorpset. Men i dag har eg eit godt forhald til begge buekorpsa».

Ein får ei spesiell tilknyting og kjærleik til det buekorpset kor kanskje dine foreldre og besteforeldre har gått i, og det som ein har sett marsjere i det strøket som ein er vaksen opp i. Denne guten som hadde bytta buekorps, hadde tidlegare gått i eit buekorps der faren hadde gått før han. Seinare ville han bytte til eit anna buekorps, sidan kameratane var der. Ingen av buekorpsa sa noko på dette, og det var ikkje noko problem å bytte korps. Einaste problemet han støytte på, var at faren ikkje var særleg nøgd med at han bytta buekorps, og derfor kjente han også litt på dette sjølv. Likevel tykte han det var kjekt å vere med i begge buekorpsa, og var glad for at dei begge var store og flotte buekorps den dag i dag.

For mange bergensarar er det også viktig at barn og barnebarn blir med i buekorps. Dette fordi det er viktig for det bergenske. Bergensarane omtalar seg sjølve ofte som ein eigen nasjon, og eit eige folk. For å kaste eit perspektiv på kva dette betyr, kan ein sjå på dette sitatet til Frode Grytten:

«Vi er ein nasjon i gummistøvlar. Vi er eit folk som rotar rundt med dugnad, matpakke og restskatt under eit skiftande skydekke. Bergen vil så mykje meir. Bergen vil gå i floss og finskor i øspøs regn. Bergen vil pynte seg på ein måndag. Bergen vil vere på sitt beste absolutt heile tida» (Grytten, 2015:9).

Dette sitatet viser korleis bergensarane sjølve tenkjer om seg sjølve som ein nasjon, og kor viktig det er for dei å vise fram sine beste sider. Buekorpsa er ei av desse sidene bergensarane vil syne fram som sitt eige, og dermed vert denne forståinga av Bergen som nasjon med på å byggje opp forståinga av buekorpsa som ein viktig del av identiteten til Bergen.

Då eg var med ein laurdag tidleg i april, og såg på Nordnæs Bataillon, kom eg i snakk med ein gjeng med gamlekavarar. Eg forklarte at eg skulle skrive om buekorpsa, og ville vite

mest mogleg om korleis eit buekorps fungerte, og korleis det var å vere med i eit buekorps. Ein eldre mann som eg då snakka med, hadde vore med i buekorpset heilt sidan slutten av krigen, var klar på at det at han ville aller helst at sine etterkommarar skulle vere med i buekorps. Det var viktig at han sine etterkommarar førte denne tradisjonen vidare, så om han fekk gutar til barnebarn og oldebarn, skulle dei bli introdusert til buekorpset tidleg, slik at dei sjølve ville bli med når dei vart gamle nok til det.

«Eg vil jo at mine ungar skal få den same fantastiske opplevinga som eg fekk den gongen då eg var med i buekorpset sjølv. Det kameratskapet som ein får her er unikt, og noko anna enn det ein finn i idretten, musikken eller andre fritidsklubbbar. Alle er alltid velkomne til å bli med i buekorpsa».

Dette viser kor viktig det er for dei som har vore med i eit buekorps tidlegare, at tradisjonen blir bevart, og buekorpsa blir oppretthaldne, slik at fleire kan oppleve buekorpset og viktigheita av dette.

Men sjølv om svært mange under mitt feltarbeid gir uttrykk for at alle i Bergen likar buekorpsa, så er det ikkje heilt slik det er og mange gir også uttrykk for at dei ikkje likar dei: Det er mykje tromming, dei stoppar trafikken, og tek mykje plass i gatene, meiner nokre. Andre som ikkje likar buekorpsa er innflyttarane som ofte framhevar tromminga, og at dei går i vegen for trafikk og folk i gatene.



Figur 8 Bilete av avisutklipp frå Buekorpsmuseet, oprinneleg frå Bergens Tidene. Foto: Evita Uglum

Eit avisutklipp som eg fant på veggen på Buekorpsmuseet under eit besøk der, frå 1990-talet, var frå ein som ville at buekorpsa skulle bli lagt ned. Kommentaren var blitt skrive av Rune som var frå Åsane, men hadde flytta til Austlandet. Han meinte at buekorpsa lagde trafikkfarlege situasjonar, og såg for mykje ut som militærer. Ukultur kalla han dette, og meinte med det at heile bevegelsen skulle bli lagt ned. Dette viser korleis også bergensarane har splitta meiningar om buekorps.

Buekorpsa og deira praksistar, inklusive deira ritual, lagar altså mykje diskusjonar. Eg fekk også erfare dette då eg var med på marsjering i sentrum med Nordnæs Bataillon sin stiftingsdag den 3. mai. Dette er ein stor dag, og her kan ein verkeleg seie at buekorpset tek seg til rette i sitt strøk og i byrommet generelt. Då buekorpset på ettermiddagen skulle marsjere frå Nordnes, og inn til Torgalmenningen, brukte dei bilvegen, slik dei pleier å gjere. Då dei akkurat hadde komme seg inn på denne, kom det ein bil bak, som ikkje var veldig fornøgd med dette. Han fløyte og skreik at dei måtte komme seg ut av vegbana, og lurte på kva tull dette var. Sjåføren var også bergensar, men tydelegvis ikkje fornøgd med oppførselen til buekorpset. Då dette skjedde, reagerte buekorpset med å berre fortsetje å marsjere i det same tempoet, og vise at dei også kan bruke denne vegen like mykje som bilane.

Det å vere opptatt av sin plass, eller sitt fedreland, blir kalla for patriotisme. Ein kjempar for friheita til sitt fedreland (Nilstun, 2021). Sidan mange av bergensarane er veldig opptatt av sin by, og for at dei skal vere størst og best, vil eg tørre å påstå at det finst ein del patriotar i Bergen. Mykje av dette kan ligge i at Bergen tidlegare var hovudstaden i Noreg, men tapte den tittelen nokre år seinare. Då Noreg i 1814 skulle bli eit sjølvstendig land og lausribe seg frå Sverige, var bergensarane med – og dei snakka høgt. Der kom patriotismen for Noreg fram, og dei skulle ha eit fritt Noreg, noko som dei fekk gjennom (Hammerborg, 2020:40). Dette kan også vere mykje av grunnen til at bergensarane er så opptatt av sin eigen by i dag. Bergen sin sterke byidentitet blir sett på som særeigent i Noreg, og bergensarane kjenner på ein stoltheit knytt til sin by, slik som mange kanskje kjenner på tilknytinga til landet sitt (Hammerborg, 2020:13). Ut frå dette har det komme ei utsegn som seier at «Eg e'kje fra Norge, vi e fra Bergen!». Sjølv om utsegnet har opphav langt tilbake i tid, så blir det brukt også i dag av bergensarane.<sup>4</sup> I dag blir det brukt meir som ein stoltheit til byen ein kjem frå, og bergensarane seier det for å vise at dei er bergensarar (Hammerborg, 2017).

---

<sup>4</sup> Det blei første gong brukt i 1855, då dampskipa *Bergen* og *Norge* krasja og skipet *Norge* forliste. Dei gjenlevande blei stilt opp på dekk for at dei skulle teljast, og der inne sto det ein frå skipet *Bergen*. Han skreik

Under eit av besøka mine på Buekorpsmuseet, blei eg ståande å snakke med ein tidlegare buekorpsgut, og erkebergensar. Han fortalte meg det at bergensarane ikkje såg bak seg, altså austover mot fjella: dei såg berre Bergen og utover havet, som om dei var eit eige land, utan hovudstaden på andre sida av landet. Kva som var utanfor Bergen var dei ikkje interessert i, då Bergen var alt for dei, og som deira Noreg. Dette var han sin forklaring av Bergen, på eit litt spissa nivå, og som ekte bergensar.

### Overføringa av den gamle kunnskapen

Dersom ein skulle starte opp eit nytt buekorps, vil ein slite med kvar ein skal hente kunnskapen frå. Sjølv om mykje av det som skjer i eit buekorps er nedskrive og oppbevart, er det også mykje som ikkje er det – det me gjerne omtalar som munnleg overført informasjon. Overføring av kunnskap er vanleg i buekorpsa. Sjølv om mykje kan lesast, er det veldig vanskeleg å lese seg opp på korleis buekorpsa skal framstå. For eksempel korleis eksersisen skal vere, er noko som må lærast. Også korleis ein skal følgje dei ulike ordrane ein får, er noko som må øvast mykje på, og er ikkje like lett å lese seg opp på.

Mange blir med i buekorpset fordi kanskje far, mor (skjeldnare), bestefar eller søsken har vore med tidlegare. Dette gjer også til at kunnskapsoverføringa blir vidareført i familien, og tradisjonen kan oppretthaldast. Overføringa av kunnskap skjer i stor grad munnleg i buekorpsa. Dette er også viktig, då det ofte byrjar så små gutter eller jenter at dei ikkje kan lese når dei byrjar i buekorpset. Mykje av overføringa skjer ved taus overføring, ved hjelp av observasjon som blir overført kvart einaste år, og kvar einaste gong dei er ute å marsjerar. Også nokre av marsjane til buekorpsa, altså det som slagarane slår, når dei er ute på marsjering, blir lært berre ved å lære det vidare.

Det å gå inn som sjef i eit buekorps for eksempel, er noko som krev ganske mykje – ikkje berre av personlege eigenskapar. For å ta over som sjef, har ein mest sannsynleg mange år bak seg i buekorps, og har observert korleis sjefen opptrer over fleire sesongar. Ein har også som soldat lært seg kva dei ulike kommandoane betyr, slik at når ein trer inn som sjef, vil ein ha lært korleis sjefen opptrer, mykje ved hjelp av å observere over fleire år. Det krev altså ganske mykje læring for å vere med i buekorpset.

Hanne Müller (1996) skriv om viktigheita av kunnskapen som blir overført frå person til person, utan å nødvendigvis bli nedskriven nokon plass. Den vil då bli overført via

---

då ut «eg e'kje fra Norge, eg è frå Bergen!», og dermed er dette utsegnet gammalt, sjølv om det blir brukt i dag, i andre samanhengar (Hammerborg, 2017).

observasjon eller deltaking. Kunnskapen som medlemmane i buekorpset allereie sit på, blir overført til nye medlemmar ved at dei berre gjer slik som dei andre medlemmane gjer. Sjølv om kunnskapen ikkje blir gitt vidare ved at det er nedskrive nokon plass, er det likså godt å berre vise kunnskapen vidare til andre (Müller, 1996:225). Dette gjeld spesielt når det er kroppslege ting som skal lærast vidare.

Edward T. Hall kom med eit omgrep i 1959 som han kalla for «uformell kunnskap». Uformell kunnskap handlar om korleis ein lærte ved å sjå på korleis andre gjorde det, i staden for å bli fortalt eller lese seg opp på det sjølv. Dette gjer det til ein lettare måte å lære på, og ein treng ikkje å lese seg opp på det ein skal lære, som ofte er vanskeleg i ulike situasjoner (Müller, 1996:227). Denne læringa er noko som ein til dømes kan sjå når det gjeld marsjeringa i buekorpset. Dette er korleis buekorpset går når dei er ute for å vise seg fram til byen og strøket sitt. Marsjeringa kan vere vanskeleg å forklare eller skrive ned til andre. Derfor blir dette lært vidare gjennom generasjonar, ved at ein observerer, deltek, og til slutt lærer seg det, og det sit i kroppen.

Ein søndag eg var ute i felt for å sjå på Laksevågs Bueskyttere, fekk eg sjå korleis kunnskapen var overført i buekorpset, mykje berre ved å observere kva andre i buekorpset gjorde. På denne eksesisdagen var det fullt fokus på marsjering på alle soldatane. Dei delte seg opp i grupper, og gutane skulle marsjere best mogleg. For å få dette til, viste dei soldatane som hadde vore med i nokre sesongar tidlegare korleis det skulle gjerast. Dei nye soldatane gjorde det same som dei andre, og etter ei stund kunne dei marsjere saman heile buekorpset. Under denne seansen, var det ikkje mange ord som blei brukt, då soldatane hovudsakleg lærte ved å sjå på dei andre, gå bak dei, og gjere det same som dei. Dette gjer til at kunnskapen som buekorpsa sit på blir overført, slik at tradisjonane, rituala og kulturen vil leve vidare gjennom generasjonar. Folk blir bytta ut, men tradisjonane består, mykje på grunn av den viktige kunnskapsoverføringa. Denne forma for overføring av uformell kunnskap, styrker dermed buekorpsa sin reproduksjon.

## Strøket

Som nemnt tidlegare i denne oppgåva, skreiv tidlegare sosialantropolog Marianne Gullestad om livet i ein gammal bydel. Her såg ho på korleis folk som budde der forheldt seg til strøket sitt. Strøksidentiteten står fortsatt sterkt i Bergen, sjølv om tidene og busetnaden har forandra seg. Gullestad skriv om utleige på Verftet og Nøstet, dei strøka ho har studert tidlegare. Den gongen, då alle buekorpsa blei starta og dei hadde si storheitstid, var busetnadsmønsteret

annleis. Det blir berre færre og færre menneskjer som blir buande i desse små strøka i sentrum. Nedgangen i befolkninga her var 28 prosent frå 1960 til 1970 (Gullestad, 1973:27).

På Nøstet og Verftet er det ikkje buekorps som høyrer til i dag. Tidlegare har det vore eit buekorps som heitte Nøstets Bataljon. Det vart starta i 1870, og marsjerte heilt fram til 1961, med mange pausar mellom dette (Hartvedt, Skreien, 2001). Då eg var på *buekorpsenes dag*, og gjekk med ein gjeng med gamlekarar frå Sydnæs Bataljonen ned til Nøsteboden, ein pub på Nøstet i Bergen sentrum, stoppa me med ein statue som sto på Nøstet. Statuen heitte *Nøstegutten*, og blei reist av *Nøstegutar* og *Nøstejenter* i 2011 som eit minne frå bataljonen. Ein av desse gamlekarane frå Sydnæs kunne også fortelje at faren gjekk i Nøstets bataljon. Sjølv om buekorpsa døyr ut, lev dei fortsatt vidare i strøket og i den bergenske historie, og er viktige for dei som har tilhøyregheit til desse korpsa. Strøka har buekorps som tilhøyrer dei, sjølv om mange av dei er nedlagte. Slike statuar kan ein sjå rundt om i heile Bergen, både frå nedlagte korps, og dei som fortsatt er aktive i dag. Dette vil eg komme meir tilbake til i kapittel 5.



Figur 9 Statue av Nøstegutten. Foto: Evita Uglum

Også i 1973 kunne Marianne Gullestad sjå at befolkninga inne i sentrum endra seg. Husa var dårlege og ikkje heldt så godt i stand. Dette førte til at barnefamiliar som etter kvart fekk eldre barn, som er i buekorps-alder, flytta ut, for å leve med ein betre standard. Studentar og unge vaksne med dårleg råd, flytta inn i desse strøka i sentrum. Ein fekk då eit befolkningsskifte, noko som også kan vere med på å få buekorpsa inn i ein nedgang (Gullestad, 1973:27).

Dersom ein tek utgangspunkt i Nordnes bydel, har denne endra seg mykje sidan Nordnæs Bataillon byrja å marsjere i gatene, og bruke det som *sitt* område. I dag brukar dei Fredriksberg festning til samlingsplass, og *Krutthuset* som står igjen frå 1706 er det berre bataillonen som brukar til sitt lokale, både som samlingshus og til oppbevaring av utstyr og uniformar. Frå gamalt av var dette eit kruthus, og bataillonen begynte ikkje å bruke det før i 1930. Fredriksberg begynte dei å bruke i 1960-åra (Kvamme, 2022.45). Byen har altså endra seg i forhald til gutane, slik at dei skal kunne ha ein plass å vere, og buekorpsa vil dermed bestå. Fredriksberg er blitt Nordnæs Bataillon sitt territorium, sjølv om det er ein viktig del av heile byen. Ved å bruke denne plassen aktivt, kan bataillonen vise kven sitt territorium dette er.



Figur 10 Nordnæsbataillon oppstilt på fredriksberg festning på stiftingsdagen deira, den 3. Mai. Foto: Evita Uglum

I *Morgenavisen* den 13. januar 1983, kom sjefen den gongen i Laksevågs bueskyttere med eit utsegn om å bli ekskludert. Morgenbladet skriv at Skansens Bataljon skal gå frå gevær til bogar. Dei skriv at dei er det sjette korpsset som tar i bruk bogar. Dette reagerte Laksevåg på, og dei meinte at ein ikkje kan gløyme Laksevåg når ein skriv om buekorps. Dette er noko som dei tek tungt, og det er viktig for dei, buekorpsset og strøket og ikkje bli gløymde. Kanskje også ekstra viktig då dette var det einaste buekorpsset på andre sida av Puddefjorden på denne tida, og byen var ikkje like samla som den er i dag. Ein er altså veldig opptatt av at strøket sitt, der ein høyrer heime, ikkje skal bli gløymt eller sett vekk ifrå. Poenget var ikkje at det var feil tal, men at ein ikkje skal gløyme Laksevåg, sjølv om det er eit strøk som den gong låg litt utanfor sentrum.

## Laksevåg Bueskyttere har orde

I *Morgenavisen* av 29. des. 1982 står det en artikkel om at Skansens Bataljon skal gå over ifra geværer til buer.

Så langt er alt greit, men så står det at Skansen er det sjette korpsset som tar buer i bruk. Der tar artikkelforfatren imidlertid skammelig feil. Han har på en eller annen utrolig måte «glemt» LAKSEVÅGS BUESKYTTERE i sin opprømsing av de korps som går med buer, og en slik tabbe er ikke lett å tilgi for oss Laxianere.

*Morgenavisen* har jo medarbeidere som er «inside» i Buekorpsverdenen, og de skulle da vite så pass at en slik feil skulle unngås.

LAKSEVÅGS BUESKYTTERE har marsjert i en årrekke med buer — dermed blir Skansens det syvende buekorps som tar i bruk buer. Det vil si at over halvparten av byens buekorps bruker buer, så Turistsjefen skulle ha litt å velge mellom hvis han har tenkt å bruke noen av dem til relamefremstøt for byen.

Jeg håper at *Morgenavisen* får dette på trykk slik at folk her på Laksevåg får roet ned gemyttene.

Ellers vil jeg gi ros til *Morgenavisen* for de gode dekningane de gir buekorpssene (med unntak av LAKSEVÅGS BUESKYTTERE) og håper at «dokken fortsetter med det».

Og så håper vi til slutt at denne lille glippen — i alle fall for oss Laxianere — bare var et engangstilfelle.

Med Buekorpslisen  
Odd Hugo Eriksen  
sjef/Laksevågs Bueskyttere

MORGENAVISEN Torsdag 13. januar 1983

Figur 11 Avisutklipp fra Buekorpsmuseet, opphavleg frå Morgenavisen. Foto: Evita Uglum

Buekorpsa er ikkje berre viktige for dei som er medlem eller gamlekarar i dei. Det er viktig for strøket, og for byen, og det er heilt spesielt for Bergen og bergensarane. Saman med fotballaget i Bergen, Brann, er dette Bergen for veldig mange. Buekorpsa skapar eit eige territorium, i sitt strøk, på sine premiss. Dei tek byrommet, og gjer det om til sitt eige. Buekorpsa brukar byrommet flittig, og det er nesten umogleg å ikkje få auge på dei i løpet av vårsesongen, dersom ein oppheld seg i sentrum. Dei er synlege, spesielt i sitt eige strøk. Dette gjer også til at mange forbinder dei ulike strøka opp mot buekorpsa.

## Kapittelkonklusjon

Dette kapittelet viser korleis buekorpsa vert styrkja og reproduusert grunna forhaldet mellom strøk og identitet. Grunna den førestilte fellesskapen strøket byggjer opp, og buekorpset si tilknyting til strøket, vert buekorpsa assosiert med noko positivt inn mot den førestilte fellesskapen og gruppeidentiteten. Medan buekorpsa har varierte medlemstal, og strøk og by er i stadig endring, vil dette samspelet likevel bestå, og halde ved like posisjonen buekorpsa har. Strøksidentiteten lagar skilje mellom «vårt» strøk og «dei andre sitt» strøk, og eigenarten til kvart buekorps bygger opp strøksidentiteten. Patriotisme rundt både strøk og by i Bergen skil seg frå resten av landet, og når buekorpsa vert sett på som ein viktig del av kva som gjer Bergen til Bergen, vil desse førestillingane gjere at tradisjonane i buekorpsa vert reproduusert. Det er også fleire andre faktorar som er med på å reproduusere buekorpsa, noko som eg vil ta for meg i dei neste kapitla.

## Kapittel 3: Eit samfunn i endring: Klasse og det rituelle i buekorpset

I dette kapittelet vil eg gå i djupna på klasse, og sjå på korleis ulike sider av denne dimensjonen er med på å reproduusere buekorpsa. Dette vil eg sjå på i samanheng med det rituelle som skjer i buekorps, og eg vil komme inn på dei ulike rollene som ein møter på i eit buekorps, og sjå på korleis det er oppbygd, korleis dei heng saman og korleis dei er avhengige av kvarandre. I dette kapittelet vil eg fokusere på Regis sin analyse av festivalen «andre linje» i New Orleans, og kople denne opp mot buekorpsa.

Der det er menneske, er det ulike klassar og roller som skal fyllast. Samfunnet blir delt opp i ulike klassar, som er sosialt bestemt av samfunnet. Eit perspektiv på dette, er at det er ei form for sosial differensiering, som skil folk frå kvarandre (Eriksen, 2018.159-160). Dette er noko som ein kan sjå i dei aller fleste samfunn – også i Noreg. Då buekorpsa blei starta, var det eit tydlegare klasseskilje i Noreg, som ein ikkje ser like godt i dag. Forskjellane buekorpsa i mellom var store den gong, og ein kan også i dag sjå igjen nokre av skilja, sjølv om det kanskje ikkje blir praktisert på same måten i dag. Gamlekarane i Nordnæs Bataillon går blant anna framleis med flosshatt i dag, noko dei andre buekorpsa ikkje gjer. Dessutan er buekorpsa opne for alle, slik at ein ikkje lengre kan skilje så mykje på klasse og økonomien til kvar familie og enkeltmedlem. Det norske samfunnet har endra seg, og klasseskiljet har blitt meir og meir utviska, noko som også reflekterer over i buekorpsa.

Eg kjem til å bruke hierarki i tråd med klasseskilje og roller. Hierarki tyder i denne samanhengen korleis dei ulike rollane i buekorpset står i forhold til kvarandre, og korleis makta er fordelt innan kvart buekorps. Det å vere med i eit buekorps handlar om å tre inn i ei rolle, og å handle saman med dei andre i gruppa di. Eg vil sjå særleg på korleis rolledanninga er med på å reproduusere buekorpsa, og korleis buekorpsa er bygde opp frå då dei starta opp til i dag. Eg vil også sjå på korleis samfunnet har utvikla seg rundt buekorpsa, særleg opp mot klasseskiljet.

### Klasse i antropologien

Å dele samfunnet inn i ulike klassar, er med på å bestemme korleis den sosiale delinga blir i eit samfunn. Klasseskiljet er med på å skape forskjellar blant menneska i samfunna, men også på å oppretthalde den sosiale strukturen. Marx utvikla teorien om samfunnsklassar på midten av 1800-talet, og klassane blei då bestemde ut frå eigedom. Det handla då om kor mykje ein eigde, og kor mange ein hadde under seg, som for eksempel arbeidarar eller bønder. Vidare

blei samfunnet delt inn i tre forskjellige hovudklassar. Desse var borgarskapet, småborgarskapet, og heilt nedst på rangstigen var arbeidarklassen (Eriksen, 2021:156-167).

Max Weber kom med ein teori om klasseskilje som ikkje berre omhandla det økonomiske aspektet, men også det sosiale aspektet. Denne teorien handla meir om korleis ein kunne dele menneska i samfunnet inn i klassar utan å sjå på dei økonomiske kriteria. Eitt av døma på dette, er korleis ein får ein medfødd rang, som føl slektskapet (Eriksen, 2021:157). Dette kan ein også sjå igjen på kastesystemet i India, der du blir fødd inn i familien din sin kaste (Eriksen, 2021:151), som altså er klassesett tilhøyre til familien.

Korleis ein ser på klasse, kan difor vere ulikt, då ein kan dele samfunnet inn i ulike klassar, basert på ulike kriterie. Dette gjer til at det også har vore mykje diskusjonar på korleis ein skal dele inn og definere klassar. Medan nokre meiner at klassar skal delast inn i kva ein eig eller har, så meiner nokre at ein skal dele det inn i korleis ein sjølv ville ha laga ein sosial rangering (Ortner, 2006:23).

Også Pierre Bourdieu forska på klassdeling av samfunnet og han analyserte særleg det franske samfunn ut frå eit analytisk system der han delte inn i kulturelle klassar. Makta i desse klassane blei bestemde etter symbol, og den øvste klassen bestemde kva som skulle høyre til kva klasse, og kva som skulle vera danna og ikkje – eit arbeid han særleg gjorde i boka Distinksjonen (2015/1979). Det var då den øvste klassen som bestemde verdien på ulike ting, slik at dei kunne dele opp i klassar ut frå personleg kapital, og kva enkeltmenneske hadde av verdi. Makten blei knyttta opp mot symbol, og dei gav då meir verdi til element som dei hadde sjølve i sin klasse, medan dei gav mindre verdi til det som høyrde til andre klassar (Eriksen 2021:160).

Ulike teoriar på klasse blir laga ut frå ulike samfunn. Bourdieu sin teori, som blei laga i henhold til det franske samfunnet, passar for eksempel ikkje i alle samfunn, medan det blir laga andre teoriar som ikkje passar inn i det franske samfunn. Samfunna er ulike og utviklar seg i ulik takt. Dette gjer til at også klasseinndelinga i samfunnet vil vere forskjellig, og ein kan ha ulike teoriar til ulike samfunn på korleis samfunnet blir inndelt. Eg kjem til å forhalde meg mest til Bourdieu sitt syn på makt, fordi denne passar best til den analysen eg skal foreta meg på buekorps.

### Klassesett tilhørsle

Som tidlegare nemnd, så deler ein buekorpsa inn i to ulike grupper, laurdagskorps og søndagskorps. Grunnen til at ein deler det opp slik heng igjen frå den gongen dei blei stifta, og

kjem frå kva vekedag dei ulike buekorpsa hadde sin møtedag på. Dei buekorpsa som var laurdagskorps den gongen, var dei rike og velståande, som hadde tid til å bruke laurdagen sin på slike aktivitetar, og ikkje måtte arbeide. Søndagskorpsa var dei som ikkje hadde moglegheita til å marsjere laurdagane, og måtte då bruke søndagane til dette. Sistnemnde korps høyrdde den gongen dermed til arbeidarklassen (Skår, 2017:83).

Klasseskilje mellom dei ulike strøka finst dermed frå gammalt av og, sjølv om det ikkje er dei same klasseskilja i dag – i alle fall ut frå visse definisjonar, så heng det med laurdagskorps og søndagskorps igjen. Som eg har vist i det føregåande kapittelet, så er dessutan ikkje buekorpsa like strøksbundne lengre: – Det er ikkje slik at det berre er medlemmar i buekorpsa som bur i strøket. Ut frå eit perspektiv, så kan ein dermed seie at klasseskiljet har blitt viska vekk – med unntak skiljet mellom laurdags- og søndagskorpsa. Laurdagskorpsa har eksersis på laurdagane den dag i dag også, medan dei fleste av søndagskorpsa har på søndagane.<sup>5</sup>

I dag er det berre tre laurdagskorps, Nygaards Bataljon, Nordnæs Bataillon og Dræggens Buekorps. Resten av buekorpsa er søndagskorps. Fleire seier at forskjellane ikkje er så store. Likevel kan ein spore nokre forskjellar om ein til dømes ser på uniforma. Laksevågs blueskyttere, Damsgårdsfellets Bataljon og Løvstakken Jægerkorps har for eksempel berre kvite skjorter, og ikkje svarte jakker utanpå, slik som alle dei andre buekorpsa har. Dette har nok med kva dei ulike buekorpsa hadde råd til då dei starta opp. Og sidan uniforma er ein viktig del av identiteten til buekorpsa, vert ikkje desse endra på. Dei skal haldast slik som dei alltid har vore, sjølv om dei har fått ein del endringar opp gjennom åra (Brosing, 1957:194-195).

Marx definerte klassar ut frå eigedom (Eriksen, 2021:156). Dette vil seie at jo meir verdi du eigde, jo høgare klasse var ein i. Dette stemmer også med korleis det var i Noreg på denne tida. Søndagskorpsa høyrtte då til arbeidarklassen, som selde si arbeidskraft til borgarskapet. Borgarskapet var dei som var meir velståande, og tente betre. Desse danna då laurdagskorpsa (Eriksen, 2021:157). Sjølv om forskjellane er utvaska eller utsydelege, så kan ein sjå forskjellar på blant anna økonomien til dei ulike buekorpsa. Til dømes sit Nordnæs Bataillon på ein del eigedom og pengar fordi dei har fått dette ved tidlegare anledningar. Dette

---

<sup>5</sup> Likevel er det ganske mange søndagskorps som har valt å marsjere i gatene på laurdagane i staden for søndagane, då tidene har forandra seg, og klasseskiljet har blitt vaska vekk, i alle fall med tanke på helg. Men dei er fortsatt søndagskorps i dag, slik som før, sjølv om dei vel å marsjere på laurdagane.

gjer også kanskje til at det er ulik størrelse på dei ulike buekorpsa no. Det er ikkje like lett å skaffe medlemmar for eit buekorps som berre har pengar til å reise til Sotra, ei øy utanfor Bergen, som det er for eit buekorps som reiser til Danmark eller England. Dagens eksisterande laurdagskorps har høge medlemstal, i forhald til i alle fall nokre av søndagskorpsa, som slit med å berre overleve slik det er i dag.

I dag ser ein ikkje så stor forskjell på laurdag- og søndagskorps, bortsett frå dagen dei marsjerar på. Skilnadane har blitt meir og meir utvaska, og dei fleste som blir med i eit buekorps, blir ikkje med på grunn av statusen til korpset.

Til tross for at buekorpsa har ulike økonomiar å halde seg til, er det gunstig for alle medlemmane å vere med i kva slags buekorps dei vil. Ein betalar nesten ikkje noko for å vere med, slik at det skal vere moglegheit for alle å vere med, uavhengig av økonomisk situasjon. Kontingenget i 2022 låg på 100-300 kroner, med litt skilnader frå buekorps til buekorps, noko som er overkommeleg for dei aller fleste. Eg fekk også vite at dersom nokon av ungdommane hadde problem med å betale denne, fekk dei likevel vere med, då buekorpsa sitt mål er å inkludere alle, uavhengig av deira bakgrunn. Uniformen får ein også låne av buekorpset, og det einaste ein må stille med sjølve, er bukse, skjorte og finsko. Meir om korleis uniforma er bygd opp, og korleis ein går kledd, vil eg komme tilbake til seinare i kapittel 4, når eg kjem meir inn på dei materielle verdiane i buekorpsa.

Alle skal altså ha moglegheit til å vere med i buekorpset, og ein kan på den måten seie at dei har ein egalitær eller horisontalisering innstilling til det sosiale og det økonomiske: – Dersom ein samanliknar dette med andre idrettar som blir tilbydd til born og unge i dag, skil buekorpsa seg ut. Spelar ein fotball i ein idrettsklubb i Bergen, så må ein stille med ein del eige utstyr, ein må betale ein kontingent, som mest sannsynleg er høgare enn den i buekorpsa, og ein må også som foreldre stille til dugnad. Det å stille til dugnad, er ikkje noko som buekorpsa krev, då dei har eigne folk til dette, som velforeininga og gamlekarane. Dersom ein likevel vil stille opp for buekorpset, er alle foreldre velkomne til dette, og til å vere med i velforeininga.

I dag er det ikkje eit stort og synleg klassekilje verken i Noreg eller blant buekorpsa. Morell skriv om korleis klassekiljet i forhald til stad har endra seg gjennom tiden, i El Barri, ein bydel i Barcelona. Han fortel om korleis bydelen har endra seg frå å vere ein stad for arbeidarklassen, til å bli ein stad for turistar, og deretter til ein stad der sexarbeidarane, narkotikaseljarane og sigøynarane haldt til. Det har blitt ein plass der dei som ikkje har noko

utdanning eller jobb blir buande, og dei andre bydelane rundt ser ned på dei (Morell, 2015:107-108). Sidan bydelen sine innbyggjarar blei dårligare og dårligare stilte, blei også boligprisane lågare, og strøket mindre og mindre populært. Ein kunne tydlegare og tydlegare sjå eit klasseskilje ut frå kva bydel ein var busett i (Morell, 2015:109).

Skilnadar på bydelane slik som det var i Spania, kan ein også sjå i Bergen. Nordnæs Bataillon, som er eit laurdagskorps haldt til ute på Nordnes, der budde dei som var i borgarklassen, og dette var difor eit finare strøk. Dersom ein tek turen litt ut av bykjerna, og over Puddefjorden, kjem ein til Laksevåg. Her høyrer Laksevågs Bueskyttere til, og er eit søndagskorps. Laksevåg har lenge vore eit område med mykje industri og arbeidsplassar. Dette har ført til at arbeidarane har busett seg her (Ramsli, 1998:9). Bydelen hadde også BMV-Bergen Mekaniske Verkstad og andre store og viktige skipsverft. Dette har opp gjennom tidene vore med på å skape mange arbeidsplassar, og gjorde Laksevåg til eit arbeidarstrøk (Ramsli, 1998:3). Laksevåg har også skilt seg ut frå Bergen by på andre måtar. Det var tidlegare ein eigen kommune, og for å komme til Bergen, måtte ein ta ferje over Puddefjorden, der det i dag er ei bru. I dag er Laksevåg ein del av Bergen, og eit sentralt område å bu på, sjølv om ein tydleg kan sjå at dette har vore eit industriområde tidlegare, då det er mykje industribyggarar den dag i dag. Industrien skapte også eit klasseskilje på Laksevåg, der arbeidarar og industrieigarar var motsetjingar (Hagen, 2021).

Morell (2015) sin teori kan trekkast opp mot korleis ting var i Bergen tidlegare. I Es Barri, blei bydelen forandra, og den tok seg opp igjen. Boligprisane steig og det blei ein tryggare bydel. Vidare siterar Morel Corsin-jiménez. Han seier at plassar handlar om kva folka der gjer det til, og ikkje kor dei er. Rommet blir altså danna av personane som er i det. Dette er noko som ein også kan sjå i Bergen, og bydelane der. Laksevåg, som var ein bydel med berre arbeidarklassen, danna Laksevågs Bueskyttere, som er eit søndagskorps. Då Es Barri fekk andre tilflyttarar og miljøet endra seg der, blei klasseskiljet i heile byen nesten heilt viska ut, då det ikkje var klare linjer lenger på klassar i forhold til stad (Morell, 2015:115). Dette er det same som har skjedd i Bergen over tid, og klasseskiljet opp mot bydel og stad har blitt gradvis utviska med tiden, og ein kan ikkje lenger skilje dei ulike bydelane i forhold til klasse like godt lenger. Klasse er som nemnt tidlegare ei form for sosial differensiering, som skil menneska frå kvarandre i grupper. Slik blir samfunnet delt opp, for at det skal fungere optimalt, og at alle rollane blir fylt ut. Dette har skjedd i Bergen også, men skilnadane har blitt mindre med åra.

## Ei stor kulturell feiring

Det skjer mykje gjennom ein relativt kort og intens buekorpsesong, som kan samanliknast med for eksempel festivalar, som eg også har nemnt tidlegare i oppgåva. Festivalar blir ofte kopla til nasjonal stoltheit og skapar både overskrifter og politisk engasjement. Ofte blir festivalane knytte til ein kulturell praksis, der det sosiale står sterkt (Frost, 2016:569-570). Dette er noko som ein også kan sjå i løpet av buekorpsesongen – kor ein særbergensk patriotisme, som eg har vist over, står sterkt, og spesielt tilhøyrslle til byen som buekorpset er stifta i. Byen får i løpet av denne perioden eit enormt stort fokus på denne gruppa, noko som gjer dette til eit festivalliknande fenomen. Det sesongavhengige fokuset på buekorpsa, er med på å oppretthalde bevegelsen, og deira eksistens. Festivalar er altså eit sosialt kulturelt fenomen, og er difor noko som buekorpsa kan sjåast i samanheng med.

Eit døme på ein festival som kan samanliknast med buekorpsesongen er det som blir kalla for andre linje. Kvar søndag frå midten av august til seint i mars, blir den fattigaste bydelen i New Orleans i USA omgjort til tradisjonelle førestillingar, som store gatefestar der mellom 3000-5000 menneske deltek i paradar. Dei transformerer byrommet til ein alternativ sosial orden, som blir skapt av dei deltagande menneska i paraden (Regis, 2001:472). Dette blir sponsa av frivillige organisasjonar, og det er medlemmane av desse organisasjonane som hovudsakleg er med i paraden. Dei kler deg opp i ulike kostymer, og viser seg fram i gatene. Lokalbefolkninga kan også vere med på paraden, men er då ikkje ein del av andre linje, som utelukkande er for medlemmane i dei ulike organisasjonane. Dei kan gå ved sida av, dersom dei vil vere med på feiringa. Første linje er derimot berre for organisasjonane, og dei øvste leiarane. Deltakarane i paraden spelar også ulik musikk og opptrer med ulike show som skapar liv og røre i byen (Regis, 2001:473-474). Dette er noko som dei færreste kvite i byen har vore med på før. Likevel blir det store medieoppslag og det er noko som dei færreste i byen går glipp av i denne sesongen. Til tross for dette er det få av dei kvite innbyggjarane som faktisk veit kva denne tradisjonen handlar om. Det handlar blant anna om å formidle sin tradisjon som opphaveleg stammar frå afroamerikanske samfunn i byen, og er blitt ein del av byens kulturelle arv (Regis, 2001:475). Dette er altså ein viktig tradisjon som afro-amerikanarane har i New Orleans kvart år, og som er viktig for at dei skal kunne reproduusere denne kulturarven. Det er forfedrene deira som starta med dette, og for å kunne vidareføre dette, og hylle kulturen, så er det viktig for innbyggjarane å vise dette fram i byen. Dei tek over byrommet fleire stadar samstundes, for å vise at dei også er ein del av byen, og eit viktig bidrag til kulturarven og tradisjonane.

Regis si analyse frå New Orleans og dynamikkane i denne festivalen kan nyttast til å synleggjere sentrale element hjå buekorpsa. Både buekorpsa og andrelinja har ein fast sesong der dei tek over byrommet til visse tider, for å vise fram sin bevegelse og si kulturarv. Vidare er dei er begge sosiale og kulturelle fenomen, som er godt synlege i bybilete. Det blir også både drive av frivillegheit, og både buekorps og andrelinja skapar liv og røre i bybilete med både musikk og opptredenar utanom det vanlege. Eg har i tidlegare kapittel snakka om uniformane som buekorpsa brukar under marsjeringa si. Også her likskapar med paradane i New Orleans., sidan også har spesielle kostymer for anledninga. Sjølv om ikkje alle er like der, og paraden har litt meir livlege og fargerike kostymer, så viser det fortsatt tydleg kven som er med i paraden og ikkje, slik som det også gjer i buekorpset.

Paraden i New Orleans er noko som er utanom det vanlege, og ein legg merke til det i byrommet. Dei viser at dei også skal ha sin plass i samfunnet, slik som buekorpsa også gjer, når dei kvar helg i nokre månadar marsjerer rundt i byen. I studien min ser eg mellom anna på dei ulike rollane innad i buekorpsa, korleis dette dannar eit hierarki, og korleis makta blir fordelt. Når ein ser på maktfordelinga i paraden i New Orleans, så er denne delt inn i tre delar, der organisasjonane er første linje, medlemmane er andre linje, medan innbyggjarar generelt er tredje linje. Dette er eit system som berre fungerer når dei er samla i paraden. Dei andre dagane og månadane i året der det ikkje er parade, er desse inndelingane heilt ubetydelege. Dette er også slik ein ser det i buekorpset. Rollene er viktige i fellesskapet dei har, medan med ein gong ein ikkje er samla lenger, så er dei ulike rollane og hierarkiet ubetydeleg.

Noko som også er viktig i paraden til afro-amerikanarane, er musikk og show. Dei lagar mykje liv og røre i gatene, og gjer det til noko som fengjer innbyggjarane. I paraden i New Orleans er jazz og R&B-musikk viktig, då det er mykje av deira kulturarv, og er med på reproduksjonen av paraden og kulturarven (Regis, 2001:474). Å lage musikk og røre er også noko som buekorpsa er dyktige på. Når dei kjem marsjande gjennom byen, kan ein høre trommemusikken på lang veg, og det slår ekstra godt mellom dei høge bygningane i byn. Dei opptrer ofte samstundes i byen, så kvar enn ein går ein laurdag eller søndag i Bergen by, vil ein kunne høre trommene frå fleire kantar i visse tidsrom. Dette er også noko som Regis kunne oppleve i New Orleans. Ho køyrt rundt i byen for å finne fleire paradar å følgje med på. For å søke seg fram til paradar vurderte ho bebruarane sine ansiktsuttrykk. Dersom dei såg spente eller forventningsfulle ut, kunne ho rekne med at paraden skulle gå forbi denne gata (Regis, 2001:477). Dette kan ein også sjå i buekorpsa. Fleire gonger då eg skulle møte opp på buekorpsa sine eksersisdagar følgde eg berre etter fleire innbyggjarar som enten snakka om

buekorpsa, eller gjekk målretta mot området. Ein kunne sjå forventningane til folk, og kor dei skulle. Dette hjelpte meg mykje når eg skulle oppsøke ulike buekorps. Slik eg også har fortalt tidlegare i oppgåva mi, kunne eg også følgje trommelyden for å komme meg på rett spor, slik som Regis kunne med paradane.

Både paradane og buekorpsa skapar mykje engasjement i dei månadane dei er aktive. Sjølv om ikkje alle innbyggjarane i New Orleans veit kva paradane er, og nokre bergensarar ikkje er interessert i buekorpsa i det heile teke, så er det fortsatt mykje medieoppslag om dei. I perioden frå mars til juni, er lokalavisene i Bergen fulle av oppslag om buekorpsa, om kva dei gjer i løpet av sesongen, og om kven som har jubileum. Dette gjer til at dei kaprar ein endå større plass i byrommet, ved å bevisstgjere fleire over at buekorpsa er ute på marsjering igjen. At det blir skapt masse blest om rolla til buekorpsa og til andrelinja i media, kan vere bra. Dei er begge opne for alle slags menneske, enten det er for å vere aktiv, eller som tilskodar.

Dersom ein ser vekk i frå kjønn, er buekorpsa ein organisasjon der alle har vore velkomne, uavhengig av bakgrunn, økonomi eller ferdigheiter. Det er ein veldig inkluderande organisasjon som inkluderer alle – og er også der ganske likt med den horisontale, egalitære og inkluderande dimensjonen ved paradane i New Orleans, i alle fall i Regis si analyse. Dei seinare åra har buekorpsa også begynt å inkludere jentene, sjølv om det berre er nokre korps for jenter til no (Løvstakkens Jægerkorps, Lungegaardens Buekorps og Damsgårdsfjellets Bataljon). I buekorpset er ein velkommen om ein har minoritetsbakgrunn og uansett kva familie ein kjem frå. Buekorpsa blir forbundne med sterke sosiale strukturar, der dei alltid har vore inkluderande til ei viss grad. Dei har endra seg i likt tempo med det fleirkulturelle Noreg, men ikkje like mykje i forhald til likestillinga, noko som eg vil komme meir tilbake til i neste kapittel. Dei verna om tradisjonen, samstundes som dei er ein inkluderingsarena, der alle kulturar får ta del (Loga, 2011:79).

Buekorpsa reiser også på ulike turar. Nordnæs Bataillonen var denne sesongen i Stavanger, medan Sydnæs Bataljonen reiste til Sotra, ei øy like utanfor Bergen. Her kan det oppstå ein eigenandel på kvar av medlemmane som ikkje alle har råd til å betale. Eg spurte difor ein av informantane mine om korleis ein gjorde det dersom nokon ikkje hadde råd til å vere med på turen. Ho kunne då forklare meg at det ikkje skal visast forskjell på medlemmane, så buekorpset støttar dei som ikkje har råd til å betale, slik at alle kan vere med, uavhengig av situasjonen heime eller i privatøkonomien.

Det at alle er velkomne, gjer buekorpsa til ein heilt unik moglegheit for barn og unge i Bergen. Det å ta del i eit slikt fellesskap som ikkje dømmer deg etter kva du kan eller kva du har. Det å få bli ein del av noko større er nok også viktig for mange. For buekorpsa er meir enn kva Bergens befolkning får sjå i gatene når våren kjem. Buekorpsa har eit godt samhald som ein ungdomsklubb også utanfor marsjeringa. Det å komme inn i eit miljø der ein føler ein blir ivaretatt er viktig for mange. Dette merka eg første gongen eg var ute med eit buekorps. Eg møtte på Laksevåg før deira eksersis ein søndag i slutten av mars. Då møtte offiserane i lokalet tidlegare, for å ta imot resten av buekorpset når dei kom seinare. Det å sjå korleis dei eldste i buekorpset tok i mot dei yngre og kanskje heilt nye og usikre medlemmane var veldig fint å sjå. Dei vart ønskt varmt velkomne, og dratt med inn i gjengen med ein gong.

Samhaldet mellom gutane var veldig bra, til tross for store aldersforskjellar. Dei blir litt viska ut når gutane samlast og er ilag som eit buekorps. Det sosiale samhaldet er noko heilt spesielt. Dette gjeld også når ein er ferdig i buekorpset, og går over til å bli gamlekar. Eg kom i snakk med ein av gamlekarane på *Buekorpsenes dag*, som kunne fortelje at han har fått ein bestevenn gjennom gamlekarane, som er mange år yngre enn han sjølv. Aldersforskjellen er noko som blir viska ut, mykje fordi dei har dei same interessene, og møttest i gamlekarforeninga. Eg fekk også sjå dette i fleire situasjonar denne dagen, då alle snakka med alle og hadde det kjekt saman, utan tanke på kva alder dei var eller kva bakgrunn dei hadde. Einaste fokuset var på buekorpset, og at dei hadde dette som ein felles interesse.

### Rollar som utfyller kvarandre

Når det gjeld utforminga av buekorpset, er dette litt ulikt frå buekorps til buekorps, men nokre inndelingar er universelle for alle buekorpsa. Det er dei same rollane som blir utførte kvart år, men forskjellige personar som går inn i dei ulike rollane etter kvart som nokon sluttar, og nokon nye kjem inn, og er klare for å tre inn i ei ny rolle. Det å få ei viktig rolle i buekorpset er stort, og den blir tatt seriøst av den som utfyller rolla. Korleis eit buekorps er oppbygd og korleis rollane er fordelte, er noko som eg har tileigna meg kunnskap om ved å snakke med ulike informantar og observert dei ute i felten.

Eg vil no greie ut om desse rollene. Utgreiinga mi startar heilt fremst i buekorpset. Der går leiaren som blir kalla «sjefen». Saman med seg der, har han eller ho med seg ein *adjutant*. Dette er hjelparen til sjefen, og skal til dømes vere med å passe på at alle er med på linje heile tida. Sjefen skal gi ordrar til resten av buekorpset, slik at alle følgjer dei same ordrane. Etter dette kjem *fanegarden*, dei som har ansvaret for å bære fana. Dei bytar ofte på dette, då det kan bli tungt å bere på fana i lengda. Fana skal jo vere oppe heile tida, så lenge buekorpset er

ute på marsjering, og når ein skal helse eller drive med faneparade, vil det bli ekstra tungt å halde den. Då er det godt å vere fleire om å bere på den.

Etter fanegarden, kjem *første kompani*. Dette er det *soldatane* som utgjer. Dei går med trerifler eller bogar, og dette er den første rolle ein går inn i når ein startar i buekorpset. Dei aller yngste medlemmane er soldatar, og høyrer til ein *pelotong* og eit *kompani*. Kompaniet er delt inn i to pelotongar, der kvar av desse pelotongane har ein sjef. Denne sjefen blir kalla for *løytnant*. *1. løytnant*, som har ansvaret for første pelotong, er også *kompanisjef*. Etter som det er to kompani, vil ein då ha to kompanisjefar og fire løytnantar. Kompania er delt inn i første og andre kompani, med slagargjengen mellom seg. Eit buekorps består av to kompani og fire pelotongar uavhengig av kor stort buekorpset er. Det vil då bli store kompani dersom det er eit stort buekorps. Men dersom eit buekorps har mangel på medlemmar, kan ein kutte det ned, slik at ein berre har eit kompani. Men ein prøver så mykje som mogleg å klare å vere to kompani i buekorpset, då dette vil sjå best ut utanfrå. Dette kan også vere for å (rituelt eller estetisk) kunne beskytte buekorpset betre, ved å ha to kompani. Dette er moglegens for å beskytte fana, då denne er veldig viktig. Dette er noko eg også vil komme tilbake til meir i kapittel 5. Kvart kompani har også *Løytnantar* med seg. *Løytnantane* si oppgåve er å passe på at alle i pelotongen gjer slik som dei skal. Dei skal også gi ordrar ut frå dei ordrane som sjefen gir.

*Slagargjengen* deler buekorpset opp ved å vere plassert mellom kompania, og det er dei som gir frå seg all lyd i buekorpset. Dei har ansvaret for å spele ulike marsjar som dei og resten av buekorpset skal marsjere til. I motsetnad til resten av buekorpset har dei øvingar nesten heile året. Dette er fordi det krev ganske mykje å lære seg dei ulike marsjane, som er det dei spelar når dei er ute på marsjering. Også her er det ein person som har ansvaret. Det er *tamburmajoren*. Dette er han som styrer resten av slagarane, og bestemmer korleis marsj som skal spelast. Nokre av marsjane er bestemte på forhand kor og når dei skal spelast. Eit eksempel på dette er når ein går forbi ei kyrkje. Då er det berre ein som skal spele, og dette blir då tamburmajoren, sjefsslagaren. Det er også berre han eller ho som skal slå under faneparaden som all marsjering blir avslutta med.

Rollene som dei ulike medlemmane i buekorpset har, er roller som dei går inn i, når dei er samla. Desse rollane blir særleg synlege når buekorpset er ute å viser seg offentleg, og marsjerar eller har eksersis. Erving Goffman kalla dette for ein fasade, der ein person opptrer i eit bestemt mønster innanfor ei gruppe, i eit bestemt tidsrom (Goffman, 1992:27).

Vidare skriv Goffman om opptreden. Når ein går inn i ei rolle, er det for å gjere ei opptreden, som passar til denne rolla. Den personen som er i rolla, må utføre dei tilhøyrande oppgåvene, og utføre det på best mogleg måte. Det er viktig at både den personen som utøver rolla er interessert i å gå inn i denne, slik at det blir ekte for dei rundt, som blir kalla publikummet (Goffman, 1992:24). Goffman bruker omgrepet fasade på korleis ein person opptrer. Dette er uttrykksmiddel som ein tek i bruk under opptreden, både bevisst og ubevisst.

Goffman skil mellom *frontstage* og *backstage*, og samanliknar rollene i daglelivet med eit teater. Når ein gjer ein opptreden, vil ein vise ein fasade, også kalla for *frontstage*. Dette er korleis ein framstår når ein skal vise seg i sin rolle til andre, som når ein er på ei scene. Det å utfylle si rolle, slik at fasaden blir oppretthaldt er viktig for å kunne oppstre i den rolla som ein blir tildelt. Med *backstage* meiner Goffman korleis ein opptrer når ein ikkje skal vise fasaden, men vere meir seg sjølv, i si eiga rolle, der ein ikkje er like tilgjort som når ein er *frontstage* (Goffman, 1992). Eit døme på korleis frontstage kan vere i buekorpsset, er når dei er ute på marsjering eller utøver *bataljonseksersien*. Kvart buekorpsmedlem må då gå inn i si rolle, som ein berre er inne i når ein er saman med dei andre, i buekorpssamanheng. Dersom ein ser på korleis buekorpsmedlemmane er når dei opptrer *backstage*, er dette når det er ein mindre seriøs arena. Når dei er samla utan at dei er i uniform, for eksempel på ein spelekveld, er dette *backstage*. Dei har fortsatt dei same rollene, der sjefen er sjef også då, slik som når dei er ute på marsjering. Likevel er dette ein arena der ein ikkje treng å utøve rolla på same måte som når dei er ute i felten. Dette kan føre til at nokre kjem i ein sjølvstendig rolle. Dette vil seie at ein må oppfylle forventningar til ulike roller som ein har (Goffman, 1992). Dette er noko som til dømes sjefen kan oppleve når han eller ho har denne rolla. Når dei er ute på marsjering, må han eller ho vere autoritær, og vere streng dersom resten av buekorpsset ikkje gjer slik som dei skal. Når dei derimot skal vere i lag som buekorps *backstage*, kan han oppstre som kompis, og må då utfylle sjefsrolla på ein anna måte. Dette kan vere veldig vanskeleg å skilje mellom, og det kan bli vanskeleg å alltid bli oppfatta på riktig måte.

At alle utfører rollene som dei blir tildelte i buekorpsset, er viktig for at dei skal fungere slik som dei skal. Det er viktig for korleis buekorpsset ser ut utanfrå, men også viktig for at det blir drive på ordentleg vis, i forhold til blant anna det økonomiske, og at marsjeringa skal bli best mogleg. «Alle er viktige. Same om du er soldat eller om du er sjef» vart eg fortalt tidleg i feltarbeidet. Sjefen gir ordrar, men soldaten som går bakarst, må også følgje med å passe på at alle som er framfor han går på ei rett linje. Alle går inn i si rolle, om det er som soldat, sjef, løytnant eller slagar.

Det som eg såg spesielt i buekorpset, var at sjølv om ein må jobbe seg opp til ulike roller, og nokre roller er meir ettertrakta enn andre, er det ikkje nokon rolle som er viktigare enn andre. Alle rollane er like viktige for at ein skal få det til å fungere, og det er heilskapen som utgjer buekorpset.

Det er når ungdommane kjem i lag at dei trer inn i rolla som buekorpsgut eller buekorpsjente. Ein kan argumentere for at buekorpset ikkje er noko så lenge dei ikkje er saman som eit felles korps, der alle har den same uniforma, og opptrer etter dei rollane som ein har fått utdelt. Goffman skriv i si bok om rollespel, at ein opptrer som eit lag, der rollene til dei ulike individua enten liknar kvarandre, eller at det er ulike opptredenar som klaffar med kvarandre, og blir til ein heilskap (Goffman, 1992:72). Det sistnemnte er noko som passar godt for buekorpsa. Her er det ulike roller som skal fyllast, og dersom ein av medlemmane vel å ikkje følgje den rolla som han eller ho har fått tildelt, vil dette øydeleggje for heile gruppa. Ein må stole på at alle utfyller rolla si, slik at buekorpset skal fungere. Kvar enkelt er ein del av eit lag, med eit felles mål om å få det til å fungere (Goffman, 1992:74).

Også i forhald til dei andre buekorpsa, vil buekorpset framstå som eit lag. Dei har ulike roller når dei kjem saman, og alle medlemmane i buekorpset må forhalde seg til sitt buekorps si rolle i forhald til dei andre buekorpsa. Når laurdagskorpsa har felles idrettsdag i Nordnæsdalen, er det Nordnæs Bataillon som har invitert med seg dei andre buekorpsa, og dei må då vere dei som tek ansvar. Nordnæsdalen, som eg nemnte i kapittel 1, vil eg også komme meir tilbake til i kapittel 5. I følgje Goffman, vil Nordnæs då vere det opptredande laget, medan dei to andre laurdagskorpsa vil vere publikum (Goffman, 1992:81). Dette er roller som heile laget må gå saman med for å få det til å fungere, og gjer derfor kanskje samspelet betre i buekorpset.



Figur 12: Idrettsdag i Nordnæsdalen. Foto: Evita Uglum

I tillegg til at kvar og ein skal ha sine roller dei skal utføre i buekorpset, har dei også felles roller som dei skal utføre ilag som eit lag. Det er då viktig at alle som er med i buekorpset er obs på si eiga rolle, og laget sin rolle saman, slik at desse blir utført på best mogleg måte, og kan koplast med kvarandre.

### Alliansar og fellesmarsjering

Som nemnd tidlegare, så samarbeider laurdagskorpsa godt saman, og utgjer ein såkalla allianse, slik som mange av buekorpsa har. Men slik har det ikkje alltid vore: – Det var krigeriske tilstandar mellom laurdagskorpsa tidlegare, men i 1862 starta dei med ein felles utmarsj kvart år. Dei danna eit fellesråd i 1910, og avslutta dei felles utmarsjane sine med oppvisning på Møhlenpris (Hartvedt, Skreien, 2001). Dette driv dei også med i dag.

I vår var dei på fellesmarsj i strålande vær. Dette er ein dag som blir gjennomført kvart einaste år, er noko alle dei tre laurdagsbuekorpsa er med på, og det skapar mykje oppmerksamheit rundt buekorpsa frå innbyggjarane i Bergen. Det starta med at alle tre laurdagskorpsa marsjerte bort til Festplassen midt i Bergen sentrum. Der stilte dei seg opp, og vart ønskt velkommen av dei tre sjefane i buekorpsa, før dei gjorde seg klare til å marsjere.

Det var mange frammøtte både av foreldre, gamlekarar og andre engasjerte bergensarar. Til tross for at det var i regnbyen Bergen, var det veldig flott ver, og sola skein. Det verka som om heile byen hadde trekt inn til sentrum for å nytevêret. Buekorpsa marsjerte opp gjennom svingane til restauranten Bellevue i Fjellsiden – kor dei skulle eta lunsj saman. Etter buekorpsa kom det mange som ville vere med å sjå på marsjen deira opp til Bellevue, før ein kjem opp til eine byfjellet i Bergen som blir kalla for Fløyen.

På veg opp svingane, starta dei tre buekorpsa ein *battle* mellom slagarane. Slagarane frå alle dei tre buekorpsa samlar seg då på ein plass og står tett i tett. Då er det om å gjere å slå sin marsj, og prøve å få dei andre til å miste takten frå sin marsj. Ein marsj er ein song som ein spelar på trommene buekorpsa går med. Desse marsjane er litt ulike frå buekorps til buekorps, men samstundes som dei har fleire marsjar til felles. Ein må då slå høgast, noko som krev mykje uthald og fokus frå slagarane. Her er det om å gjere å vise kven sitt buekorps som er best. Det blir nok aldri kåra ein ordentleg vinnar, då alle buekorps meiner at sitt eige buekorps er det beste. Dette vart veldig intenst, og spennande å følgje med på. Gutane slår marsjen sin til dei blir helt sveitte, og resten av buekorpsa står og føl spent med, og heiør på sitt korps.



Figur 13: Ein slaggarbattle, her mellom Laksevågs Bueskyttere og Løvstakkens Jægerkorps, under deira fellesmarsjering på Laksevåg. Foto: Evita Uglum

Då gutane hadde ete lunsj, var det klart for å marsjere igjen. Dei marsjerte ned svingane igjen, for å gå inn i ei av hovudgatene i Bergen, Olav Kyrres gate. Her var det mange som stod og såg på buekorpsa då dei gjekk forbi, og dei måtte helse gjennom heile gata. Buekorpsa skal helse på kjentfolk, æresmedlemmar og gamlekarar når dei går forbi. Då må faneberaren halde fana rett ut frå kroppen, og ikkje opp. Då buekorpsa nærma seg slutten på den lange gata, kan ein sjå at faneberaren er sliten etter den tunge marsjen.

Då buekorpsa hadde marsjert over Nygårdshøgda, stoppa dei på Møhlenpris. Dei gjekk inn på fotballbana der, eitt og eitt buekorps, medan den såkalla «gamlekarmusikken» spelte songen til det korpset som gjekk inn. Gamlekarmusikken er eit musikkorps som er danna av gamlekarar, og er med å spelar på store dagar. Buekorpsa stilte seg opp, og gjorde seg klare for å utføre eksersisoppvisningen. Dette er noko som eg berre har sett hjå laurdagskorpsa, men som eg har spurt søndagskorpsa om. Dei forklarte meg at det eigentleg er noko som er i alle buekorps frå gammalt av, men at ikkje alle er mange nok medlemmar no, til å kunne utføre dette.

Når dei gjer eksersisoppvisinga si, går dei gjennom eit program som er innøvd. Alle medlemmane i buekorpset gjer då ein oppvisning, der dei føl kommandoane som sjefen kjem med, som for eksempel *mot infanteri, fanevakt og artillerifront*. Dette fekk eg vite at er ord som er henta frå det militære, då dei brukar desse i det norske forsvaret, men også truleg i den tidlegare borgarvæpningen, som er utspranget til buekorpsa. Hovudpoenget med denne sesjonen er å vise at ein beskyttar fana. Dei spring då i eit spesielt mønster rundt fana, og stoppar opp i spesielle stillingar, der dei for eksempel stiller seg på to rekker etter kvarandre, der den fremste rekka er nede på kne, og gjer klar rifla si, og dei bak står oppreist, klar med si rifle, slik at det ser ut som om dei er klar for å beskytte fana si, dersom nokon skulle angripe. Dette ritualet viser korleis ein beskyttar noko som er verdifullt for dei. Meir om verdien av blant anna fana, kjem eg nærmare tilbake til i kapittel 5.



Figur 14 Eksersisopptreden på Møhlenpris under laurdagskorpsa sin årlege fellesutmarsj til Bellevue og Møhlenpris. Foto: Evita Uglum

Denne tradisjonen med fellesutmarsj har laurdagskorpsa heldt på med lenge, heilt sidan dei begynte med det i 1910. Det er fortsatt ein stor dag for store og små, og er ein aktivitet som fengjer. Heile dagen blir avslutta med Nystemten, «nasjonalsongen» for bergensarane. Den blir brukt på slike store arrangement, som for eksempel jubilea til buekorpsa. Ein song som denne er noko som kan gi ein ekstra patriotisk følelse, og ein ekstra følelse av eit fellesskap. På denne måten gir det ein fysisk realisering av fellesskapet som oppstår i byen (Anderson, 1991:141).

Søndagskorpsa danna seg også eit fellesforbund – allereie i 1908. Då hadde dei fellesmarsjering og oppvisningar saman (Hartvedt og Skreien, 2001). Sjølv om søndagskorpsa ikkje berre held seg til søndagane lenger, har dei ein fellesmarsjering kvar sesong, som føregår i sentrum, på ein søndag i sesongen. I tillegg til dette, har dei ulike korpsalliansar med kvarandre. Dette er buekorps som samarbeida tettare med kvarandre, og har fellesmarsjeringar og andre samlingar ilag.

Laksevågs Bueskyttere er i korpsallianse med Løvstakken Jægerkorps, og ein av dei første gongene eg var ute i felt for å sjå på Laksevågs Bueskyttere, hadde dei besøk av Løvstakken Jægerkorps i bukta på Laksevåg. Dette var ein stor dag, spesielt for Laksevågs Bueskyttere som fekk vise fram sitt strøk, og marsjere i sine gater. Me var heldige medvêret, då det kom fram litt sol i løpet av denne søndags ettermiddagen, etter ein elles så regntung formiddag. Strøksidentitet og tilhøyrsbla til strøket til buekorpset, er spesielt synleg på ein slik dag.

Når dei to buekorpsa blir samla i ein bydel slik, er det litt meir høgtidleg enn når dei er aleine. Laksevågs Bueskyttere helsar på buekorpset dei får besøk av, medan besøket går inn på plassen, helsar tilbake, og stiller seg opp med ansikta vendt mot det andre buekorpset. Både foreldre, gamlekarar og andre står rundt og føl nøye med på det som går føre seg på plassen. Det er ein stillheit som gjer til at ein berre kan høre sjefane som snakkar. Etter at buekorpsa, og alle dei andre som møtte opp har tatt ein runde gjennom strøket på Laksevåg, og fått vist fram sitt strøk, og fått vist seg i strøket, hadde dei ein *slagarbattle*, til liks med laurdagskorpsa. Her var målet å få det andre buekorpset ut av si takt. Begge buekorpsa meinte dei sjølve var best, og vann konkurransen, då det ikkje blei kåra nokon offisiell vinnar.

Då marsjeringa og *slagarbattelen* var ferdig, var det tid for felles faneparade. «Parade for fana» er noko dei gjer etter kvar gong dei har vore ute med fana. Dette er for å heidre fana, då dette er noko som betyr veldig mykje for dei, og det er den som viser korleis buekorps som kjem marsjerande. Når ein utfører ein faneparade, skal fana i nokre buekorps vere rett ut frå kroppen, medan den i andre buekorps skal vere rett opp. Det som er likt for alle buekorps, er korleis ein utfører faneparaden. Faneberaren skal gå fram, med små skritt. Mellom desse skritta, skal beinet vere strakt ut frå kroppen. Dette er noko som krev ein del øving, då dette ikkje er så lett, når ein også skal bere fana, som veg ein del. I tillegg skal tamburen, altså hovudslagaren, spele ein bestemt marsj, som faneberaren skal følgje. Han eller ho går sju skritt fram, før han eller ho snur, og går like mange skritt tilbake. Dette er ein fin seanse, og

både buekorpset og dei andre frammøtte er heilt stille og føl godt med på den som utfører paraden.

Når det er fellesmarsjering, er det ekstra mange som møter opp. I tillegg stoppar det også opp mange bergensarar som ikkje har noko personleg tilknyting utover den førestilte fellesskapen (Anderson, 1996) som er å vere bergensar. Dette er noko som samlar bergensarane, og det dannar eit fellesskap, sjølv om mange ikkje er direkte involvert i buekorpsa. Det er veldig mange som er interesserte i buekorps, eller har eit forhald til dei, som føler seg ein del av dette fellesskapet, sjølv om dei ikkje sjølve kjem til å ha noko med dei alle fleste å gjere (Anderson, 1996:19). Ein kan altså seie at bergensarane er eit førestilt fellesskap, men også at buekorpsrørsla er eit slags førestilt fellesskap seg i mellom.

Ein søndag i kvar sesong, har søndagskorpsa fellesmarsjering i sentrum. Då møtest alle buekorpsa, bortsett frå dei tre laurdagskorpsa. Også dei søndagskorpsa som har marsjering på laurdagane til vanleg møter denne laurdagen, sidan dei opphaveleg er søndagskorps, sjølv om dei har valt å endre på eksersisdagen sin i seinare tid.

Ein søndag tidleg i april, var det duka for den årlege fellesmarsjeringa. Allereie då eg var på veg inn til byen med bussen, byrja eg å høyre trommer. Eg hadde avtalt med Markens Bataljon at eg skulle få møte opp ved deira lokale, for så å gå med dei bort til der dei skulle møte dei andre buekorpsa. Dette vart eg litt sein til, for når bussen kom til sentrum, måtte den vike for eit buekorps. Buekorpsa går midt i vegen og marsjerar, utan å ta omsyn til trafikken. Bilar og bussar må difor vente tolmodig bak, og vise omsyn til buekorpsa. Buekorpsa bruker byrommet og gatene flittig når sesongen er i gang, og dei først er ute for å marsjere. I Bergen er buekorpsa eit så viktig symbol i gatene i desse vårmånadane, at bilar og menneskjer må vike for denne stolte tradisjonen.

Då eg omsider kom meg til Markens Bataljonen sine lokale, begynte dei også å bli klare for å stille opp. Nokre av slagarane sto utanfor og øvde på ulike marsjar, medan andre prøveslo på andre si tromme, då dei var soldatar, og ikkje hadde tromme sjølve. Dei yngre soldatane tykte openbart at det var stas å få slå på trommene til dei eldre gutane, og få prøve seg på deira oppgåve som slagar. Etter nokre minutt kom resten av buekorpset, inkludert offiserane. Dei stilte seg opp i riktig formasjon, klare til å starte marsjeringa. Dei marsjerte så bort i ei av Bergens hovudgater, Olav Kyrres gate, før dei gjekk inn på Torgalmenningen, der mange av dei andre søndagskorpsa allereie hadde stilt seg opp.

Mange hadde møtt opp for å sjå på dei ulike buekorpsa. Det var meldt regn, og mange møtte opp i regnklede og paraply, i eit typisk bergensvår. Inn på Torgallmenningen kom eit og eit buekorps, for å stille seg opp. På vegen inn, gjekk dei ein runde for å helse på dei andre buekorpsa, også kalla for defilering. Buekorpsa helser på kvarandre, ved at fana skal vere rett fram, og ikkje opp, sablane til offiserane skal vere rett opp, og handa deira skal vere ved panna. På denne måten helser ein på buekorpsvis.

Når det er 11 buekorps som skal gjennom det same, tar dette tid, og ein kunne sjå at dei aller yngste medlemmane begynte å bli uttolmodige. Då dei etter ei stund hadde helst på alle buekorpsa, stilte dei seg opp, det vart ønskt velkommen, og dei gjekk gjennom planen for dagen.

Alle buekorpsa samla seg til eit stort buekorps, der alle sjefane i korpsa gjekk fremst. Vidare følgde fanegarden, slagarane, og soldatane til slutt. Det vart eit kjempestort buekorps, der alle dei 11 var slått saman til eitt. Dette vakte mykje oppsikt, og dei aller fleste som gjekk på Torgalmenningen og i Bergen sentrum denne dagen, stoppa opp for å sjå på kva dette var. Det blei tatt mange bilete av buekorpsa, av dei forbigåande denne dagen.

Deretter var det tid for å starte marsjeringa. Det store korpset gjekk samla den faste ruta dei pleier å ta på desse fellesmarsjeringane. Dei stoppa under Smørsbru, ei gammal og stor bru sentralt i Bergen sentrum. Dette gjer dei kvar gong dei er på fellesmarsjering. Slagarane samla seg under bruua, og alle tromma så høgt som dei klarte. Her blei det ein enorm akustikk, og ein kunne høre trommene veldig godt, og langt vakk. Dette var veldig kjekt å høre, sjølv om det blei veldig høgt dersom ein vart ståande under bruua. Dei sto lenge å tromma under der, likevel sa dei at «dette er årets høgdepunkt!».

Det store, samla buekorpset marsjerte vidare ned til Torgalmenningen igjen, og stilte opp i kvart buekorps igjen. Dei avslutta med ein felles faneparade, noko som var veldig kjekt å sjå på, då det var så mange fine faner, som gjorde paraden samtidig. Sjefane takka heilt til slutt for dagen, og den flotte marsjeringa dei hadde gjennomført. Buekorpsa marsjerte ut av plassen, buekorps for buekorps. Buekorpsa gjekk kvar for seg etterpå for å avslutte dagen, og årets fellesmarsjering var ferdig for i år.

### Hierarki og overgangsriter

Ein laurdags ettermiddag i mai, hadde Nordnæs Bataillon løp i parken. Det var knallsol, men kaldt i lufta. Då eg kom ut på Nordnes, var det mange buekorpsgutar, gamlekarar og foreldre som hadde møtt opp. Når dei har løp er det om å gjere å gjere det best både på stafett, der ein er inndelt i dei ulike pelotongane som ein marsjerar i, og som enkelpersonar på både 60- og 100-meter. Dette blei eit stort og flott sosialt arrangement i Nordnesparken. Bilane kom køyrande då gutane hadde stafett midt i bilvegen, men måtte vente, sidan gutane hadde tatt plassen i gata i dag. Det blei sett ut eigne vakter for å stoppe bilane, slik at gutane kunne gjennomføre løpet som planlagt. Mange foreldre møtte, og gamlekarane var behjelpelege med å ta tida på dei som sprang. Dette er noko av det dei pleier dei å hjelpe til med. Vinnarane blir ikkje kåra før på landtursdagen, som er bataillonen sin siste dag for sesongen, og alle gutane må då vente spent resten av sesongen, før dei får vite korleis dei gjorde det denne dagen. Dette blir premiert med pokalar på siste marsjdag, som ikkje er før nesten ein månad seinare.

Då konkurransane i Nordnesparken var ferdige, var det klart for nokre av gutane sitt høgdepunkt i løpet av sesongen, øvingseksersis. Dette vert òg kalla tulleeksersis av mange dei eldre, då det blir mykje tull av det. Då gjer dei heilt om på rollene i hierarkiet som dei har i buekorpset. Dette er ein dag der dei endrar på rollane, og hierarkiet blir snudd på hovudet. Den minste av alle soldatane får då ta på seg jakka til sjefen, og tek over rolla. Jakka er då meir som ein kjole på denne soldaten, som no skal ta styringa i buekorpset. Han får også låne sabelen som sjefen vanlegvis har. Sjefen må då ta på seg jakka til soldaten, noko som ikkje er like enkelt. Soldaten som då har fått rolle som sjef, må også styre buekorpset slik som sjefen pleier. Han må då gi ordrane som sjefen pleier, medan resten av gutane må følgje dei ordrane som han kjem med. Eksersisplassen deira på Tollboden, er ein stor og open plass, så det er ikkje like enkelt å få stemma til ein 7-8 åring til å høyrast over heile plassen. Difor blir det også mykje tull i løpet av denne eksersisen. Det er ikkje alltid like enkelt å skulle passe inn i andre sine rollar, som ein ikkje har vore i før.



Figur 15 Tulleeksersis, der rollane blir endra på, og soldatane får oppleve å vere offiserar. Her ser ein den yngste av soldatane som sjef for denne dagen. Foto: Evita Uglum

Å ha ein dag der ein endrar på rollene, er stas, spesielt for dei yngste. Det å endeleg kunne få styre litt, og å få ei rolle som for dei kanskje betyr meir, kan ein sjå at dei tykkjer er kjekt. Når ein gjer om på heile hierarkiet for ein dag, gjer det at alle kan få prøve seg i andre rollar, og kanskje setje seg meir inn i kva dei andre rollane i buekorpset inneberer. Dette skapar nok meir forståing over kva andre som er på ditt lag har som innhald i si rolle, og vil sannsynlegvis skape eit betre samhald i buekorpset.

Det å snu opp ned på rollane slik som dei gjer her, er eit utbredt globalt fenomen – og særleg knytt til det rituelle feltet. Frå sitt feltarbeid blant Zuluane i Sør-Afrika, beskriv Gluckman (2004) eit rituale der reglane og hierarkiet blei snudd på hovudet – så lenge ritualet

varar. Når zulufolket skulle tilbe fruktbarheitsgudinna Nomkhubulwane, byrja kvinnene å oppføre seg som menn ved både å kle seg som menn, og gjere deira arbeidsoppgåver, som å gjete og mjølke kyr. Dette var ved alle andre anledningars forbeheldt menn, og er noko som til vanleg ville ha våre forbode for kvinnene. Dette gjorde dei fordi dei er undertrykte i samfunnet dei lev i. Kvinnene fekk ei dominerande rolle, medan menn blei dei underordna, som ofte gøynde seg under dette ritualet (Gluckman:2004, 179-182). Ved å endre slik på hierarkiet, kan dette i følgje Gluckman vere bra for den psykiske helsa til kvinnene. Eit anna blikk på dette er Eriksen (2021:172), som forklarer at den eigentlege betydinga er at ein skal tydeleggjere plassen til kvinnene i samfunnet, som då er under mannen.

Å snu om på rollene, som også skjer i buekorpset, kan samanliknast med det som går føre seg blant zuluane. Det kan vere for at ein skal vise kven som er sjefen, og kven som skal bestemme der til vanleg. Å endre på rollene, slik at dei yngste blir satt inn i dei mest krevjande rollane for ein dag, kan vere med på gi ein auka respekt for offiserane. Dei som til vanleg er underordna offiserane, vil då vite kor mykje arbeid som blir lagt ned av dei, og vil då kanskje vise dei meir respekt for arbeidet dei gjer for både korpsset og dei som er under dei i hierarkiet. For å tydeleggjere rollane, er dette eit grep som blir tatt i bruk. Dette ritualet blir utført kvar sesong, og tydeleggjer respekten i buekorpset. Ikkje berre vil det føre til auka respekt til offiserane, men det vil nok også gå andre vegen. Når offiserane, som er vande med å vere høgt oppe i hierarkiet får prøve seg igjen på å vere nedst, vil dette gi eit større innblikk i korleis dei under dei har det. Noko som altså ser ut som leik, tulleeksersis, har dermed klare rituelle kjenneteikn, og mykje tyder også på at det fungerer integrerande for korpsset.

I buekorpsa går ein difor gjennom ulike stadium. Ein byrjar heilt nedst i korpsset som soldat. Nokre byrjar også tidlegare, som maskot i buekorpset. Dette er ein som er for liten til å vere med, men som likevel ynskjer å vere med. Maskoten går då saman med sjefen og adjutanten heilt framme i buekorpset når dei er ute å marsjerar. Desse gutane eller jentene har opp gjennom tiden blitt kalla for «rævadiltar», som er eit Bergens-uttrykk. Dette har også blitt brukt om dei som sprang etter buekorpset tidlegare, og var for små til å vera med.

Eit spesielt tilfelle som eg beit meg merke i, var då Nordnæs Bataillonen hadde sin siste marsjering frå sesongen, og hadde ein høgtidleg avslutning. Då marsjeringa og eksersisen var ferdig, takka sjefen for seg, og for året som sjef. Etter dette, defilerte heile buekorpset forbi han. Å defilere er når dei marsjerar forbi sjefen, i honnør til han. Deretter kom ein av gamlekarane opp til sjefen, for å hente han ned, slik at han stilte opp saman med dei. Dette var ein symbolsk handling, der ein tydeleg kunne sjå at han gjekk frå å vere

buekorpsgut til å bli ein del av gamlekarane, og tida hans var over i buekorpset. På slutten av denne dagen, sto han i buekorpsuniform saman med gamlekarane, utan å vere ein stor del av nokre av gruppene. Han hamna då i ein mellomfase, eller liminalfasen, som Turner skriv om. Det er når ein står mellom to ulike fasar i livet, og kor mellomfasen blir løyst ved ei eller fleire rituelle handlingar (Turner, 2017:95). Van Gennep, som først presenterte ei slik teori om liminalfasen, brukte dette omgrepet både når det gjaldt plass, sosial posisjon og alder (Turner, 2017:94). Når eit buekorpsmedlem er ferdig i buekorpset, og skal over i gamlekarane, er det fordi han eller ho har blitt for gammal til å vere med i buekorpset, og må då endre sin posisjon på grunn av alder. Når han som har vore sjef tidlegare møter neste gong, er han ikkje lenger ein del av buekorpset, men er no ein del av gamlekarforeininga. Ein trer då inn i ei ny rolle, og den rolla som ein hadde som sjef, har no nokon andre overtatt.

Når ein då byter posisjon fordi ein har blitt for gammal, vil ein også bytte sosial posisjon. Ein går frå å vere øvst i buekorpset, med mykje ansvar, til å bli eit vanleg medlem i gamlekarane, då det i gamlekarane ofte er dei med lengst erfaring som har ansvaret. Denne dagen, når ein er ferdig som buekorpsgut, er ein i ein mellomfase, før ein går over til gamlekarane. Ei ny tid ventar, denne gongen i ei anna rolle. Nordnæs Bataillonen laga då ein seremoni ut av dette, for å takke sjefen som hadde vore den øvste leiaren i løpet av dette året, og gjort ein god innsats. Ein får ei anna tilhøyring til buekorpset med den nye rolla, men er fortsatt ein del av det.



Figur 16 Her ser ein Nordnæsbataillon marsjerande på buekorpsanes dag. Dei har beholdt flosshatta, noko som viser at dei ein gong kom frå overklassen. Foto: Evita Uglum

## Kapittelkonklusjon

I dette kapittelet har eg tatt for meg den første av dei tre dimensjonane som fører til reproduksjon av buekorpsa: klasse. Eg har kasta lys over korleis hierarki, roller og klasseskilnadar utartar seg, både i kvart buekorps og tvers av rørsla. Medan klasseskilnadane har utjamna seg i takt med samfunnet, har hierarkia og rollefordelinga blitt reproducert og teke vare på fram til no. Rollefordelinga gjer at alle har bestemte oppgåver i kvart buekorps, og at dei utfyller kvarandre. Likevel vil desse rollene utarte seg ulikt etter kva sosialt rom ein er i, då front stage i marsjeringa vil krevje noko anna av medlemmane enn back stage i samlingshusa. Rollene byggjer opp hierarkiet i buekorpsa, som får det heile til å fungere. Samstundes som dei tradisjonelle nemningane på dette har haldt seg ved like, har det vore ei utvikling når det gjeld klasseskilje. Frå å vere store skilnader mellom laurdags- og søndagskorps, kan no kven som helst bli med uavhengig av kva dag dei har eksersis. Klasseskilja er i den grad utviska til at buekorpsa legg til rette for at kven som helst kan bli med, uavhengig av bakgrunn og økonomisk status. Samspelet mellom dei tradisjonsrike rollene og ansvaret, saman med fornyinga gjennom inkludering, gjer at buekorpsa reproducerer seg, både som fenomen, men òg som tradisjon.

## Kapittel 4: Eit utviska kjønnsskilje

Som vist tidlegare, var buekorpsa berre for gutter frå starten av. Dei er laga av gutter, for gutter, medan jentene har stått på sidelinja og følgt med. Fedrene har danna seg ein foreining som berre er for gutter og menn som tidlegare har vore med i buekorpset. Mødrene derimot, har vore med på ein anna måte: dei har sørga for at uniformane har vore slik som dei skal, og at gutane i buekorpsa skal få mat når dei samlast. Sjølv om buekorpsa har vore styrt av berre menn, har kvinnene vore gode å ha – på sidelinja. Dei starta det som blei kalla for damegarden, eller velforeininga som det også heiter i dag. Dette er noko som alle buekorpsa har, og som er god hjelp til å halde liv i buekorpsa.

Velforeininga sitt formål då dei blei oppretta, var å støtte dei og hjelpe buekorpset fram til ein betre økonomisk ståstad (Thorsen, 2013:558). Dette er også noko som dei arbeider med i dag, og er til god hjelp for buekorpsa, både for den økonomiske delen, men også hjelp til det praktiske. I dag er det endra til ei foreldregruppe, som også blir kalla for Venneforeininga, der både menn og kvinner kan vere med. Dei fortset med oppgåvene som damegarden hadde fram til 1998, som hjelp til arrangement og stell av uniformar. Dei har også bidrige ein del økonomisk i form av gåver, noko som eg vil komme meir tilbake til i kapittel 5 (Thorsen, 2013:564).

Dei seinare åra, har tre av buekorpsa opna opp for å ha med jenter (Løvstakkens Jægerkorps, Lungegaardens Buekorps og Damsgårdsfjellets Bataljon). Med dette har buekorpsa blitt meir inkluderande, og er no ein aktivitet som fleire kan vere med på, uavhengig av kjønn. Ein er no inne i ein periode der kjønnsforskjellane forsvinn meir og meir i Noreg, og dei gamle tradisjonane for kva oppgåver som blir fordelt etter kjønn. Det norske samfunnet er i utvikling, og dette reflekterer òg i stor grad over på buekorpsa.

I dette kapittelet vil eg gå nærmare inn på den andre dimensjonen i denne oppgåva: kjønn i antropologien, og korleis dette er i forhold til buekorpsa og det norske samfunnet rundt, slik det var før, og slik som det er blitt i dag. Eg vil sjå på korleis dette har utvikla seg, men også kvifor det maskuline fortsatt står sterkt i buekorpsa den dag i dag. Eg vil vidare sjå på korleis utviklinga av kjønnsproblematikken er med på å reproduksjonere buekorpsa.

### Kjønn i antropologien

Kjønn har lenge vore eit viktig tema i antropologien og debattane om kjønn og korleis ein kunne anvende dette omgrepene starta for alvor på 1970-talet i faget. Mykje av den tidlege antropologiske forskinga på kjønn, blei gjort frå eit feministisk perspektiv. Dette hadde å gjere

med at i mange av kulturane som blei forska på, var kvinnene undertrykte, og ein såg på kjønn ut frå dette (Eriksen, Fagertun og Ødegaard, 2007:76). Dette perspektivet, ofte kalla ein universell måte å tenke kjønn frå – altså at kvinner er undertrykka alle stadar, blei utfordra av Marilyn Strathern som meinte at ein heller måtte sjå på kvifor kjønnsstudiar ofte endar opp med å få ein hierarkisk analyse, i staden for å sjå på det som universelt at kvinner er undertrykte av menn (Eriksen et.al, 2007:84). Om ein følgjer Strathern, så høyrer altså kjønn og hierarkisering saman – noko som også, som eg vil vise, speglar seg i utviklinga til buekorpsa.

Eit anna sentralt skilje i den antropologiske analysen av kjønn, er forskjellen på *sex* og *gender*. *Sex* er det biologiske kjønnet som ein er fødd inn i, medan *gender* er korleis kjønnet er sosialt konstruert. *Sex* er universelt, og dermed likt frå kultur til kultur, medan *gender* er noko som kan vere forskjellig i ulike kulturar (Eriksen et.al, 2007:79). I veldig mange kulturar kan ein møte på forskjellane mellom dette. Til dømes er det i mange i kulturar vanleg at kvinne blir ståande med det huslege, og mannen er ute og skaffar pengar for å forsørge familien. Dette er noko som ein også kunne sjå i Noreg tidlegare, men som har endra seg med utviklinga av samfunnet og likestillinga.

Ortner kom i 1974 med ein ny teori der ho samanlikna kjønna med natur og kultur. Ho meinte med dette at kvinnene ofte blei knytt opp mot natur, medan menn blei knytt opp mot kultur. Dette var fordi ho såg att eit mønster i fleire kulturar, der kvinnene vart sett på som underordna menn. Vidare forklarte ho at kvinnene kunne koplast opp mot natur på grunn av oppgåvane deira i samfunnet, og rolla i forhold til reproduksjon. Mennene blei knytt opp mot oppgåvane som var meir utanfor hushaldet, som også då blei knytt mot kultur. Dette gjorde til at ein fekk ein dikotomi, som kunne forklare litt meir kjønnsdelinga i fleire samfunn, og korleis desse sto opp mot kvarandre (Eriksen et.al, 2007:79-80).

I denne oppgåva vil eg sjå på kjønn opp mot Ortner sin teori om natur og kultur. Buekorpsa har hatt eit tydleg kjønnsskilje, noko som dei også til dels har i dag. Sjølv om dette ikkje passar inn i dagens samfunn, så vil Ortner sin teori om kjønnsforskjellane komme til nytte når eg no skal i gang med å analysere kjønnsproblematikken i buekorpsa.

### Er det plass til jentene i buekorpsa?

I dag er det blitt gjort plass til heile tre buekorps som godtek jentene som medlemmar. Det er tre buekorps som er ope no, og desse vil eg fortelje meir om i dette kapittelet. Løvstakken Jægerkorps blei stifta i 1903, og marsjerte fram til 1919, før det vart lagt ned. Det vart starta

opp igjen i 1928, og marsjerte heilt fram til 1966, før det vart lagt ned igjen. På denne tida var det berre gutar som fekk vere med i buekorpset. Ikkje før i 1999 starta buekorpset opp igjen, men denne gongen var det opent for både jenter og gutter. Uniformane er dei same som dei har hatt frå byrjinga av, og fana som dei fekk frå gamlekarane i 1961 har dei framleis med seg den dag i dag, til tross for at det har vore nedlagt i nokre år etter dette (Løvstakkens, u.å.).

Lungegaardens Buekorps er eit buekorps som berre er for jenter. Lungegaardens blei starta opp i 1994, og blir drive likt som dei andre buekorpsa, og har også ein foreining for dei som er ferdige, slik som dei andre buekorpsa har gamlekarforeininga (Buekorpsmuseet, u.å.). Alle buekorpsa har eldreforeiningar, sjølv om det ikkje i alle korps blir kalla for gamlekarforeiningen.

«Når me er ferdige i Løvstakkens Jægerkorps, så får me også vere med i ein foreining som blir kalla for Eldreforeininga. Dette fungerer heilt likt som gamlekarane, og på større dagar får me også marsjere slik som me gjorde når me sjølve var med i buekorpset».

Vidare har Bergen også Damsgårdsfjellets Bataljon som er Bergen sitt yngste buekorps, og blei starta så seint som i 2018, og hadde sin første eksersis våren 2020. Dette er eit buekorps der både jenter og gutter er velkomne til å vere med (Damsgårdsfellets Bataljon, u.å.).

Då det tidlegare har blitt arrangert *Buekorpsenes dag*, har det vore mykje strid i buekorpsrørsla om jentekorpsa skal få vere med eller ikkje. Dette er det sjefsrådet som bestemmer, der ein frå alle buekorpsa er med i eit felles styre for all fellesaktivitet som skjer mellom buekorpsa. Tidlegare har ikkje jentene fått vere med her ein gong, og dermed ikkje vore ein del av fellesskapen som blir danna buekorpsa mellom. Det at jentene har blitt ekskluderte slik, har skapt masse oppslag i media, og mange bergensrar har engasjert seg (Thoresen, 2013:510-511).

Dersom ein ser på denne situasjonen, kan ein sjå korleis utviklingar blir motteke og handsama i buekorpsrørsla. Damsgårdsfjellets Bataljon fekk ikkje vere på *Buekorpsenes dag* denne sesongen. Grunnen til dette var fordi dei hadde for like uniformar og fane som Laksevågs Bueskyttere. Slik er det når ein startar opp noko nytt i buekorpsrørsla. Alt tek tid å venje seg til, slik som ein også har måtta gjort med det å ha jenter med i buekorpsa. I år 2000 var det to jentekorps og eit blandingskorps. Då Bergen by skulle ha kulturyåpning, var alle buekorpsa invitert til å vere med på denne. Med alle buekorpsa, var dette berre gutekorpsa. Grunnen til dette var at jentekorpsa ikkje var med i sjefsrådet på denne tida. Dette kom fram i

*Bergens Avisen*, og jentene fekk til slutt vere med på opninga, etter at dette kom fram som ein glipp dagen før opninga (Halleraker og Larsen, 2000). I dag er alle buekorpsa med i sjefsrådet, uavhengig av kjønn, bortsett frå Damsgårdssjellets Bataljon, som er nokså nyoppstarta.

Det første buekorpset som opna for jenter var Vågens Bataljon, som vart stifta i 1991. Dette skapte fleire debattar i media, og mange uttrykte at dei ikkje hadde trua, og jentene hadde ingenting å gjere i eit buekorps (Schønfelder, 1992:116). Dersom ein samanliknar samtalane rundt Vågens oppstartstid, kan ein sjå at det no ikkje lengre vert diskutert om jenter har noko å gjere i buekorps. Trass at Vågens Bataljon starta med stor interesse, gjekk det raskt nedover. Avisa *Bergens Tidene* skrev den 2. juni i 2003 at det i byrjinga hadde vore 172 medlemmar, men at det den gongen i 2003 hadde berre møtt opp 12 medlemmar for å markere stiftingsdagen-den dagen i året som er den viktigaste å markere for buekorpsa. Grunnen til dette var at det hadde blitt kranglar i buekorpset, og medlemmane hadde følt seg ekskluderte (Stangenes, 2003). Etter ein veldig nedgang i medlemstala, blei bataljonen lagt ned i 2008.

Det er altså ikkje like lett å komme å starte opp eit buekorps. Mykje av dette handlar nok om den tause kunnskapsoverføringa. Kanskje endå vanskelegare er det å overføre denne til eit buekorps beståande av jenter, då hovuddelen består av gutter. Kunnskapsoverføringa blir ganske så sentral i den rituelle reproduksjonen i buekorpsa. Til tross for at Vågens Bataljon ikkje klarte det, har det altså no komme to blandingskorps og eit jentekorps på bana, som ser ut til å klare seg veldig bra i buekorpsrørsla. Fleire meiner også at det er diskriminering å ikkje godta jentene i alle buekorps, noko som har ført til fleire diskusjonar. Nokre meiner at det er nok at det er to buekorps som jentene kan vere med i om dei vil, medan andre meiner at alle buekorps bør godta jentene. Dette er noko som kjem til å vere eit tema i all tid, uavhengig om det blir godkjent med jenter eller ikkje. Uansett er det buekorpsa sjølve som får bestemme dette, og debatten kjem nok til å fortsetje i lang tid.

Sjølv om jentekorpsa og blandingskorpsa får vere med i *sjefsrådet* i dag, har det ikkje alltid vore slik. Sjefsrådet er eit styre, det øvste i buekorpsrørsla. Her sit det ein frå kvar buekorps, som oftast *sjefen*. Dei bestemmer det som skal skje felles for buekorpsa, som i 2022 var fellesmarsjering og *Buekorpsenes dag*. I ein klagesak til likestillings- og diskrimineringsombodet i 2004, blei det klaga på at jente- og blandingskorpsa blei uteslengde frå å vere med i sjefsstyret. Av dette, kom det fram at det var i mot likestillingslova at jentene blei uteslengde frå sjefsrådet (Likestillings- og diskrimineringsombudet, 2004). Men likevel er det buekorps i dag, som ikkje vil ha med gutter eller jenter. Spørsmålet er om dette faktisk

er lov, eller om dette også går i mot likestillingslova. I 2008 var politikaren Amir Payan i lokalavisa i Bergen, og samanlikna buekorpsa med Taliban. Dette var fordi at ein fortsatt skil på jenter og gutter i buekorpsa, noko som han meinte ikkje var greitt. Han meinte at dette er kjønnsdiskriminering, og reagerte då på at kommunen støtta buekorpsa, utan å stille krav til inkludering, uavhengig av kjønn (Wehus, 2008). Sjølv om dette har vore ein debatt i fleire år, er det fortsatt slik at buekorpsa er kjønnsdelte, noko som ein kan reagere på når ein lev i eit elles så likestilt Noreg.

**Aftenposten** Nyheter Meninger Podcast A-magasinet Vink Søk Meny

Norge

## Sammenligner buekorps med Taliban

SV-politikeren Amir Payan i Bergen går hardt ut mot byens mest elskede form for sivilforsvar, buekorpsene.



Figur 17 skjermdump av avisutklipp frå Aftenposten nettavis, den 21. November 2008, som også skreiv om uttalelsen til Amir Payan.

Kvifor har ikkje buekorpsa utvikla seg parallelt med Noreg når det gjeld likestilling? Buekorpsa har også blitt meir og meir opne, ved at det i det heile teke er buekorps for jenter, og at dei får ta like stor del i buekorpsmiljøet som dei andre. Likevel er det ikkje full likestilling, då jentene berre har tre buekorps dei kan velje mellom av 15 stk. At det hovudsakleg er for gutter, heng truleg att med at det var gutter som starta buekorpsa for mange år sidan, og det har vore tradisjon med berre gutter. Jentene har truleg også tradisjonelt drive med andre aktivitetar, slik Gullestad analyse viser (Gullestad, 1979:82-83).

«Guttene leker cowboy. Pikene hopper strikk og passer småbarn. Av og til slår både piker og gutter seg saman og leker «gjemmespill». Så og si alle pikene er «passepike» til et barn som de får noen kroner for å trille i barnevogn». (Gullestad, 1979:82-83)

Også denne gongen var det eit skilje i kva aktivitetar gutar og jenter føretok seg. Eit skilje som ikkje er der like mykje i dag. På den tida kunne ein kanskje ikkje tenke seg at jenter, som hoppa i strikk, og passa på babyar, skulle marsjere i gatene saman med gutane og etterlikne militærret. I dag når samfunnet og forskjellane har endra seg, blir dette mykje meir naturleg, og jentene og gutane har fleire felles aktivitetar, som for eksempel buekorps.

Den gongen då buekorpsa blei starta på 1800-talet, var ikkje Noreg eit likestilt land. Etter dette har det skjedd mykje med likestillinga. Tidlegare var det vanleg at kvinnene var meir heime, medan mennene var ute for å jobbe, og skaffe pengar til familien. På denne tida var det også eit større skilje mellom jentene og gutane. Det vart leika på forskjellige måtar blant gutane enn det blei blant jentene, noko som gjer det meir naturleg for gutane å starte opp buekorps. Gutane har nok også kanskje vore meir interessert i våpen og marsjering i gatene, då buekorpsa er ei etterlikning av *borgarvæpningen*, der fedrene deira var med. Dette kan ha med at sidan kjønnsrollene var meir delte før, såg gutane opp til far sin, medan jentene såg opp til mor si. Mora var for det meste heime på denne tida når buekorpsa starta.

For å kaste lys over kjønnsskilje som har oppstått i buekorpsrørsla, må ein ta omsyn til dei historiske røtene rørsla har, og sjå dette i samanheng med Ortner sin analyse av natur og kultur inn mot kjønn. Teorien hennar er framleis synleg i praksis i mange kulturar med stort kjønnsskilje, og ein kan òg sjå att teorien i kjønnsdebatten kring buekorpsa. På grunn av det kroppslege, blir kvinnene sett meir ned på enn menn, og vil då automatisk bli satt i ein bås under mennene. Rollene og kroppen til kvinnen blir kopla opp mot natur, medan menn sine roller blir kopla opp mot kultur (Ortner, 1972:12). Dette gjer at kvinnene blir meir bundne til å vere heime, og mennene er ute og tek seg av det sosiale utanfor heimen (Ortner, 1972:16). Dette er noko ein også kan sjå på når det gjeld den kulturen som ein hadde i Noreg tidlegare. Kvinnene var meir heime, for å passe på ungar, hus og heim. Dette påverka også jentene på denne tida, då det er dette mødrene gjorde. Difor var det meir naturleg at gutane starta buekorpsa, medan jentene gjorde meir aktivitetar heime.

Sjølv om det har skjedd ei enorm endring i samfunnet i forhold til kjønnsroller, er ikkje buekorpsa heilt likestilte i dag. Dette er kanskje noko som kjem med tida, då samfunnet mest sannsynleg vil fortsetje å utvikle seg i same retning. Likevel har buekorpsa tatt eit stort framsteg, berre ved å godta å ha både eit reint jentekorps og to blandingskorps med i buekorpsrørsla i Bergen.

Jentene har ikkje fått mykje plass i buekorpsa før no i seinare tid. Likevel så har det vore ein del fokus på jentene, gjennom buekorpsa. Ei eldre dame som eg snakka med på stiftingsdagen til Nordnæs Bataillon, fortalte meg kor kjekt det var å sjå på gutane som marsjerte i gatene der ho budde før då ho var lita jente. Dette var eit høgdepunkt, for ho. I dag er mannen hennar med som gamlekar i Nordnæs Bataillon, og ho er også veldig engasjert der. Likevel, føler ho seg også tilknytt til Nygaards Bataljon, då det var dei ho vaks opp i same gate som. I tillegg observerte eg også at laurdagskorpsa blomsterpiker. Dette er jenter, på rundt same alder som buekorpsgutane. Dei gir blomar til buekorpsa på større dagar, som for eksempel stiftingsdagen.

Sjølv om kvinnene si rolle i buekorpsa framleis skil seg frå mennene, spelar kvinnene ei viktig rolle inn i den kvardagslege drifta av buekorpsa. Mødrene stiller ofte opp i kiosk, til hjelp med faner og uniformar, og der det elles trengs ei hjelpende hand. Mødrene og andre interesserte kvinner, er ofte med i noko som tidlegare blei kalla for damegarden. Dette er ein samling for kvinnene som vil hjelpe til. I dag blir denne kalla for støtteforeininga, slik at både menn og kvinner kan vere med i denne. Kvinnegarden har altså utvikla seg, slik at også menn kan få vere med. Då står det att å sjå om også buekorpsa vil gå i same retning med tida, eller om dei vil fortsetje å vere like kjønnsdelte som dei er i dag.



Figur 18 Blomsterpikene gir blomar til offiserane i Nordnæs Bataillon, her på Tollboden, deira faste eksersisplass. Foto: Evita Uglum

## Maskulinitet

Sidan buekorpsa berre blei starta av gutter, og har lenge berre vore ope for gutter, vil eg sjå på korleis dette heng saman med maskulinitet. Maskulinitet er dei eigenskapane som tradisjonelt sett karakterisera den mannlige personlegdomen (Skre, 2019). Gutane som danna buekorpsa, ville vere slik som sine fedre i *borgarvæpningen*, som nemnt i kapittel 1. Det å vere liten gut, og sjå opp til sin far er nok ganske vanleg. Menn var ute for å beskytte både familie og samfunnet. Dette kan ein knytte opp mot natur/kultur-dikotomien, og knytte kvinnene som hadde meir oppgåver heime, opp mot kultur.

Militæret har lenge blitt knytt opp mot maskulinitet, då det berre dei siste åra har blitt vanlegare med vinner i militæret i Noreg. Ikkje før i 1985 fekk kvinnene lik tilgang til forsvaret som menn. I 2014 blei det innført allmenn verneplikt, og då var alle, uavhengig av kjønn vernepliktige (Hanson et al., 2017:6). I dag er det like vanleg for kvinner, som for menn å avleggje teneste i det norske forsvaret. Dette har nok også ført til at maskuliniteten som er knytte opp mot det militæret har blitt meir og meir utvaska.

Då Vågens Bataljon starta opp i 1991, var det allereie lik tilgang til forsvaret for kvinner og menn. Sidan forsvaret har frå starten av vore for menn, haðr ein kanskje sett på dette som ein maskulin og mandig ting å vere med i. Det var ikkje vanleg tidlegare at både menn og kvinner skulle vere med. Dette har nok då også blitt overført til buekorpsa, sidan dei etterlikna militæret. Det å gå rundt med våpen i gatene var nok også sett på som meir maskulint, og difor blei dette naturleg at det var gutane som gjorde.

Judith Butler kom i 1999 med eit nytt syn på korleis ein kunne sjå på kjønn. Ho meinte det at kjønn berre var noko som ein performerte, altså utøvde og ikkje noko som ein er. Dette vil seie at identiteten ikkje blir styrt ut frå kva kjønn ein er, men kjønnet bestemmer ein ut frå kva identitet ein sjølv vel å ha (Butler, 2020/1990:44).

Handlinger og gester, artikulert og iscenesatt begjær skaper med andre ord illusjonen om at det finnes en indre og organiserende kjerne i kjønnet, en illusjon som diskursivt blir opprettholdt med henblikk på å regulere seksualiteten innenfor den obligatoriske rammen av reproduktiv heteroseksualitet (Butler, 2020/1990:44).

Butler forklarar korleis ein vel å utøve eit kjønn, uavhengig av kva biologisk kjønn ein har. Kjønn er berre noko ein utøver, og difor kan ein sjå på menn og kvinner som like. Kjønn er difor berre ein eigenskap med menneska, og kvart individ er ikkje prekjønna. Maskuliniteten som står sterkt i buekorpsa, handlar nok mykje om at det opphaveleg berre var opent for

gutar. Sjølv i dag då det er rom for jentene å vere med, så blir det fortsatt sett på som ein maskulin aktivitet. Jentene går i fotspora til menn, slik det var ein gong i tida, og utøver dei same oppgåvene, som tidlegare var forbeholdt for menn, som for eksempel våpen, militæret og gateleiken. Sjølv om samfunnet er til dels kjønnsdelt, så kan ein seie at når ein går inn i buekorpset, så performerar ein kjønnet, og blir kanskje endå meir maskulin enn det ein er til vanleg. Dette fordi buekorpsa er forbunde med guitar og maskulinitet frå gammalt av, og er noko som heng igjen også den dag i dag. Den kjønna preforminga blir då reproduisert i buekorpsa.

Buekorpsrørsla har altså utvikla seg i same retning som samfunnet elles – også når det gjeld det likestilte Noreg. I dag kan jentene vere med i fleire buekorps, og dei er også inkluderte i det store buekorpsmiljøet. Dette viser at buekorpsa også er villige til å utvikle seg, samstundes som dei også held på dei viktige og lange tradisjonane.

Sidan buekorpsa blei starta, har dei hatt ein stor utvikling, frå eit kjønnsdelt samfunn, til slik det er i dag, der me nærmar oss eit likestilt samfunn. Sjølv om også buekorpsa har ein veg å gå når det gjeld inkludering av jentene, og nye buekorps, er dei på god veg i dag, med mykje hjelp utanfrå. Buekorpsa har endra seg og godtatt nye ting før, og det kjem nok til å endre seg vidare med tida. At buekorpsa har utvikla seg så mykje at jentene no kan få vere med i buekorpsa, kan vere positivt for reproduksjonen av buekorps, då det no er opent for alle, uavhengig av kjønn.

## Kapittelkonklusjon

I dette kapittelet har eg utforska korleis kjønnsproblematikken påverkar buekorpsrørsla. Medan buekorpsrørsla starta opp i eit samfunn kor kjønnsrollene var særstak, finn buekorpsa seg no i eit samfunn kor skilnadane på kjønna stadig vert meir utviska. Denne utviklinga i samfunnet påverkar buekorpsa på fleire måtar. Først og fremst har det no blitt danna fleire buekorps som har rom for jenter, og kvinnene si rolle rundt buekorpsa har fått meir fokus, noko som igjen er med på å reproduisere buekorpsa. Debatten rundt jentekorpsa er stadig oppe i media, noko som gjer at jentekorpsa si rolle i buekorpsrørsla i Bergen veks. Medan buekorpsa sine kjønnskilje i lang tid har reflektert Ortner sin natur-kultur-dikotomi, kan no Butler kaste lys over utviklinga rundt kjønn både i samfunnet og i buekorpsa, og korleis dette blir utøvd i denne samanhengen.



## Kapittel 5: Den symbolske verdien

I dette kapittelet kastar eg lys over den materielle dimensjonen, og korleis den gjer at buekorps reproducerer norsk kulturarv og tradisjon. Funna i dette kapittelet kjem hovudsakleg frå museet, observasjonar ute i felt, og samtalar med fleire informantar. Eg vil sjå på kva verdiar buekorpsa sit på, og korleis desse er med på å reproduusere buekorpsa på ulike måtar.

I buekorpsrørsla er det kopla mykje verdi til ulike element i rørsla og, som eg har antyda gjennom fleire kapittel, så er det knytt både ulike ritual og reglar til dei ulike materielle gjenstandane som buekorpsa eig. Verdien av dei materielle gjenstandane er ofte stor, og det gjeld å behandle dei, slik som fana, med respekt. I dette kapittelet vil eg komme meir inn på dei ulike verdifulle gjenstandane som buekorpsa ser på, og korleis desse blir behandla og respekterte. Eg vil sjå på korleis den materielle kulturen blir tatt vare på, og korleis denne er med på å reproduusere buekorpsrørsle.

### Å ta vare på historia

Mykje av dei materielle gjenstandane, slik som fanene, uniformane eller medaljane har buekorpset og medlemmane i eigen beheld, og ligg ofte lagra i buekorpsa sine eigne lokale. Men gjennom tida har det vore langt fleire buekorps enn det som er igjen i dag i Bergen. Når buekorpsa etter kvart har forsvunne og blitt nedlagt, vil det ligge igjen mykje av det materielle rundt om i Bergen. Mykje ligg truleg endå på loft rundt om i Bergen, medan noko har komme fram igjen og blitt tatt hand om. Dei gjenstandane som kjem fram, blir ofte sendt til Buekorpsmuseet, som ligg sentralt i Bergen sentrum. Her er det eit eige hus som blir nytta til museum for buekorps, både nedlagte og noverande.

Noko av det første eg gjorde i løpet av mitt felter arbeid, var å vitje dette museet. Her fekk eg omvising av ein engasjert gamlekar, som tidlegare har vore med i Laksevågs Bueskyttere. Han viste meg både gamle faner frå nedlagte buekorps, eldre medaljar, og mykje biletar og avisutklipp som hang på veggen. Dette gav meg eit innblikk over kva buekorps var, og kor viktig dette er for så mange. Det at Buekorpsmuseet tek imot materielle gjenstandar frå buekorps som har bestått rundt om i Bergen, bidreg til at historia og ulike verdiar som er viktige blir tatt vare på. Dette er ei viktig oppgåve, som blir satt pris på av mange.

### Eit antropologisk perspektiv på verdi og materialitet

I all tid har menneska brukt ulike typar ting til å betale kvarandre for materielle verdiar. Tidlegare, før det fantes pengar, blei det blant anna brukt skjell, fjær, tekstil og ulike metallgjenstandar (Nelms og Maurer, 2014:37). Ein har i all tid utveksla ulike gjenstandar, og

bytta det mot andre verdifulle gjenstandar. Men kva er det som då styrer kva verdi ein gjenstand skal ha?

Verdi kan bli sett på ut frå eit økonomisk, politisk og kulturelt perspektiv. David Graeber fann tre ulike måtar på korleis ein kan måle verdien på det materielle rundt menneska. Det første var kva som var godt, riktig eller ønskeleg i livet. Det andre var verdi i ein økonomisk forstand. Dette blir så styrt av kor mykje menneska er villige til å gi for dei ulike gjenstandane. Til slutt var det korleis gjenstandane skapar ein meining til ulike menneske (Graeber, 2001:1-2). Graeber laga ein teori ut frå desse måtane å måle verdi på, og denne vil eg prøve å bruke i dette kapittelet, for å forstå meiningsbak dei ulike verdifulle gjenstandane som eg har møtt på i løpet av mitt feltarbeid, og kvifor dei er så verdifulle for buekorpsa.

Kluckhohn kom med ein definisjon av verdi, som var at det var førestillingar om det ønskelege. Med dette meinte han at førestillingane som ein har påverkar vala og handlingane som folk gjer, noko som gjer at folk vel det som er ønskeleg i livet, og verdiane blir målt ut frå dette. Det handlar også like mykje om kva menneska bør ønske seg, og kva som er det rette å oppnå i livet. Dette handlar om at ein skal oppnå harmoni eller suksess i livet, og ein set difor verdiane opp etter korleis ein skal kunne oppnå dette (Graeber, 2001:3). Kluckhohn sin teori er berre ein av mange teoriar om verdi, og det er ikkje like lett å komme med teoriar som skal passe inn i det ein faktisk ser når ein er ute i felten. Malinowski oppdaga dette då han gjorde feltarbeid på Trobianderøyene i 1922. Teorien til Kluckhohn passa ikkje inn i han sine funn her. Sjølv om det kjem gode teoriar i antropologien, så er det ikkje alltid det passar inn i det faktiske feltarbeidet, då både mennesker og samfunn er ulike. Det er også kanskje ekstra vanskeleg når det gjeld verdi, då det er mange forskjellige økonomiske system rundt i verda (Graeber, 2021:6-7).

Mauss, som også er ein sentral antropolog innanfor verdi og materialitet, såg på verdi i forhold til gåveutveksling. Han såg då blant anna plikten til å gi og motta gåver. Dersom ein får ei gåve av nokon, så er ein plikta til å motta denne. Men når ein mottek ei gåve, så er ein også plikta til å gi igjen ved eit seinare tidspunkt. Dette gjer at menneske er blitt meir som byttehandlarar, og dersom ein ikkje gir noko tilbake når ein mottar ei gåve, vil dette vere det same som om ein hadde starta ein krig. Dette blir altså ikkje sosialt akseptert, og difor må ein gi tilbake dersom ein får noko. Altså har ein plikten til å gi, plikten til å motta og plikten til å gi tilbake. Dette gir då eit økonomisk system i form av gåver, og systemet blir sett på som sosialt og hierarkisk (Mauss, 1995/1950:23-30).

Vidare i dette kapittelet vil eg forsøke å forstå meir av verdiane som ligg bak buekorpsa. Eg kjem då til å bruke både Mauss og Graeber sine teoriar, og setje desse opp mot slik det er i buekorpsa i dag. Eg vil då blant anna bruke teorien til Mauss, om korleis buekorpsa føler seg forplikta til å gi tilbake dersom dei får noko av andre buekorps. I tillegg vil eg sjå meir på Graeber og korleis gjenstandar skapar verdi for ulike menneskje, då dette er eit sentralt tema i dette kapittelet.

### Fana som symbol

Det første, av dei viktige materielle tinga, eg vil gå nærmare inn på, er fana. Den er veldig viktig for alle buekorpsa, og er verdifull både for dagens buekorps og tidlegare buekorps. Fana er eit tøystykke som er festa til ei stang ein held i, som representerer dei som går under den, for eksempel militæravdeling, institusjon, foreining eller statsoverhovud (Langlo, 2020:12). Dette er noko som alle buekorpsa brukar, og fana er eit kjennemerke for kvart av buekorpsa. Det er ein viktig del av buekorpset, og når ein ser fana komme nedover i gata, kan ein lett sjå korleis buekorps som er ute på marsjering. Fana er av stor betyding for kvart av buekorpsa, og det er noko dei er stolte over, og den blir behandla med stor respekt – som eg også har vist i kapittel 3, kor eg skriv om parade for fana.

Faner er noko som alle buekorpsa har hatt heilt frå byrjinga av. Dette har dei antakeleg også tatt frå *borgarvæpningen*, som eg greidde ut om i kapittel 1, då dei hadde faner heilt fram til det blei avvikla i 1881 (Langlo, 2020:38). Den tidlegaste fana dei har funne, er frå Skutevikens buekorps, og er datert heilt tilbake til 1853. På denne tida var fanene enkle, og teikna av gutane sjølve (Langlo, 2020:43). Det er dei ikkje i dag. No får gutane ny fane når det trengst, som oftast i gavé frå gamlekarforeininga, i anledning stiftingsdagen deira.

«Å få ny fane er stas, og det er ekstra kjekt å marsjere med. Fana er heile korpset stolte av, og den synest me er veldig fin. Dessutan har me sjølv sagt den finaste fana av alle buekorpsa».

Dette var noko av det første den eine informanten min sa til meg, då eg spurte han om kvifor fana var så sentral og viktig i buekorpset. Det beste og finaste buekorpset er sjølv sagt sitt eige buekorps som ein er med i sjølv. Fanene kan eg skjønne at dei er stolte av, då dei har flotte motiv på, med sterke og fine fargar. Dei er flott broderte eller malte, med mykje flotte detaljar.

Når gamlekarane marsjerar saman med buekorpset på større dagar, brukar dei buekorpset sine gamle faner. Dette er for eksempel på stiftingsdagen til dei ulike korpsa. Då marsjerer også gamlekarane. På *Buekorpsenes dag*, som blei arrangert i slutten av mai, hadde gamlekarforeininga med seg alle dei eldre fanene til buekorpset på marsjeringa. Nokre av fanene var så gamle og slitte, at dei ikkje ein gong hadde turt å pakke dei ut. Det var mange av buekorpsa som hadde mange faner med seg, noko som var veldig fint å sjå på når dei kom marsjerande gjennom sentrum. Dei aller eldste fanene er dei veldig forsiktige med, då dette er ein viktig del av historia til buekorpset, som er viktig at blir tatt godt vare på. Det er viktig Bergenshistorie og ikkje minst buekorpshistorie. Nokre av buekorpsa har difor fått laga kopi av dei gamle og slitte fanene, som dei heller kan bruke i staden for å ta ut dei som ikkje lenger toler ein dag ute i vêr og vind.

Alle buekorps har ein eigen fanehistorie, då det har blitt mange faner opp gjennom tiden. Det ligg mykje historie bak fanene, og i 2020 kom tidlegare Nygårdsgut Einar Langlo ut med ei eiga bok om fanene si historie. I boka skriv han blant anna at det har dukka opp mykje ny fanehistorie i løpet av tida når boka har blitt skreve. Han nemner også at det alltid vil komme opp nye faner og historiar seinare, etter at boka har komme ut, då det er så mykje buekorpshistorie som endå ikkje har blitt oppdaga den dag i dag (Langlo, 2020:6). Dessutan vil det alltid komme nye faner til i kvart av buekorpsa.

Det at ein no ikkje lenger lagar fanene sjølv, skapar meir alvor over buekorpsa, og det er meir og meir naturleg å få hjelp utanfrå. Sjølv om buekorpsa blir drive av medlemmane sjølve, får dei også mykje hjelp, dersom dei vil det, blant anna til å ordne faner til buekorpset. Den første silkefana var det laurdagskorpset Nordnæs Bataillon som fekk i 1879 (Langlo, 2020:67). I seinare tid, har også komme frynser og faneduskar på dei fleste fanene, noko som gjer dei til eigne kunstverk. Fanene har altså hatt ein stor utvikling frå starten til korleis dei ser ut i dag.



Figur 19 Fanene til Sydnæs Bataljon på buekorpsenes dag, både eldre og nyare. Foto: Evita Uglum

Til fana er det knytt ulike rituale. Eit av desse er blant anna faneparaden, som vist tidlegare i kapittel 3, kor fanebæraren går parade for å vise respekt for fana. Når *Buekorpsenes dag* blei arrangert den 28. mai 2022, blei det gjort ein felles faneparade på Festplassen i Bergen, midt i sentrum. Her blei det gjort faneparade av alle som heldt ei fane samtidig. Dette var mange faner frå kvart av korpsa, og det blei til saman mange faner og mykje fargar samla. Både nye og gamle faner var med, noko som var veldig spesielt å få med seg. Alle visste korleis ein parade for fana skulle utførast, og alle gjorde det samstundes. Medan dei som haldt fanene utførte paraden, var det heilt stilt på festplassen. Ein kunne berre høyre marsjen og takten som faneparaden skulle gjerast til. Dette til tross for at det var eit enormt oppmøte denne dagen, noko som viser kor viktig og høgtidleg faneparaden er for buekorpsa.



Figur 20 Felles faneparade på buekorpsenes dag for alle buekorpsa. Foto: Evita Uglum

Eit anna ritual fleire korps har med fana, er at nokre korps ved spesielle anledningar har ein blomsterbukett i fana. Dette er på dagar som *Buekorpsenes dag*, stiftingsdagen og andre dagar der ein pyntar fana ekstra mykje, fordi det er ein større dag. På stiftingsdagen, i alle fall i Sydnæs Bataljon, er det gamlekarane som gir blomstrar til bataljonen. Dette er ein av gåvene deira, og noko dei gjer kvart år, for å starte dagen. Når dagen er ferdig, blir buketten sjefen sin, sidan han er den øvste leiaren i buekorpset.

Ved fleire observasjonar, kunne eg sjå at blomar er ganske sentralt på større dagar i buekorpsa. På stiftingsdagen, fellesutmarsjen og siste marsjdag i Nordnæs Bataillon, får offiserane blomar for å bli gjort litt meir stas på. Då er det jenter som delar ut desse. Dei er som oftast pynta opp, og står og ventar spent på sidelinja før det er deira tur til å gå med blomar til offiserane. Desse jentene blir frå gammalt av kalla for småtøser, som blir bruk om jenter frå Bergen. Blomar blir ikkje brukt berre i fana, men også for å takke for innsatsen til offiserane og buekorpset, og blir gitt til andre for å vise takknemlegheit. Blant anna dei som har hjelpt korpset gjennom sesongen får også blomar som takk for innsatsen.

Fana har også noko som ein kallar for fanemedaljar, som er festa heilt oppe i toppen, saman med blomane. Dette er medaljar som hovudsakleg blir gitt i gave frå andre korps. Denne tradisjonen er relativt ny, sjølv om det også har vore påvist tidlegare. Det skjedde

allereie i 1923 med Sydnæs Bataljon, då Nøstets Bataljon og Møhlenpris Kompani, som begge er nedlagde i dag, kom for å gi gāve i anledning 60-års jubileet deira. Dei gav då kvar sin medalje til Sydnæs Bataljonen si nye fane, som blei avslørt same dag (Thorsen, 2013:228). Medaljane er då gāver som ein viser fram saman med fana på større dagar (Langlo, 2020:132).

Medaljane er på fana på dei viktigare dagane, slik som med blomstrane, og dei blir som oftast overrekt som gāve på viktigare dagar og jubileum. Dette blir gitt til eit buekorps frå eit anna buekorps, og er noko som dei verkeleg set pris på å få. Meir om denne gāveutvekslinga vil eg komme tilbake til seinare i dette kapittelet, under den delen som omhandlar gāver.

Både fana og medaljane er gjenstandar som har stor verdi i buekorpsa. Dette er ting som betyr mykje for kvart enkelt buekorps, då dei er med på å oppretthalde historia og identiteten til buekorpset, og kanskje også til strøket rundt. Dersom ein ser det utanfrå, kan det vere vanskeleg å skjonne kvifor fana og dei tilhøyrande medaljane har så mykje verdi, og blir sett på som noko av det viktigaste buekorpsa har. Verdien er noko som er forskjellig med tanke på kva samfunn ein er i, og kva personar som ser på gjenstanden. For eksempel, så er ikkje dei gamle fanene berre eit tøystykke, men det ligg også mykje historie i dei. Verdien er derfor ulik frå person til person. Ein som er med i buekorpsa eller har tilknyting til det, har difor eit anna forhald til gjenstanden og verdien den har enn ein som ikkje har noko tilknyting til buekorps i det heile (Graeber, 2001:32).

Fanene som buekorpsa brukar er heilt unike for dei, og gjer dei då også ekstra verdifulle. Det at den tilhøyrer berre eit buekorps, skapar ein ekstra verdi, då spesielt for dei som er med i buekorpset og brukar fana aktivt. Alle faner har ei historie bak seg, og alle fanene presenterar ilag buekorpset si historie. Dette gjer at fanene er ekstra viktige, då det representerer korpset og deira historie gjennom over 100 år. Jo meir historie det er i objektet, jo meir verdi vil då medlemmane sjå i fana, og dei andre gjenstandane dei har som kan knytast historie til (Graeber, 2001:34). Sidan fanene har så mykje mening for buekorpsa og betyr så mykje for dei og historia deira, så vil dei også vere svært verdifulle for dei, slik som også Graeber får fram i sin teori.

### Ein felles uniform

Klede kan vise kva sosial identitet og status ein har i samfunnet. Det kan kommunisere ulike betydingar ut til ulike grupper samtidig, då det ikkje alltid er ein felles menneskeleg oppfatning av klede og deira formidling. Dersom ein fjernar identiteten i kleda og alle kler seg i like uidentifiserbare klede, vil ein ha ei uniform. Dette gjer til at ein blir satt inn i eit system saman med dei andre som også har same klede. Når ein trer inn i ei uniform, så vil det komme fram eit hierarki, etter korleis ein er kledde innanfor denne kleskoden, som då er uniform (Hertz, 2007:43). Slik som tidlegare forklart i kapittel 3, har buekorpsa eit hierarki som dei føl i buekorpsa. Dette er også noko som ein også kan sjå i uniforma deira, og det vil eg forsøke å gjere i denne delen.

Det som er meininga med uniform, er at ein skal kunne skilje dei som er inne i gruppa, frå dei utanforståande. Ein forsterkar då tilstadeveringa av hierarkiet, og ein oppmuntrar medlemmane i gruppa til å følgje dei gitte lovane og reglane som er bestemt på forhand. Ein uniform bidreg også å skilje gruppa ut frå folkemengden, ved å vere likt kledde, men ulikt frå dei andre rundt. Dette skapar då også eit samhald som gruppe, og gjer til at gruppa får ein betre samarbeidsatferd seg i mellom. Vidare skapar dette også ein betre kontroll over medlemmane, då både dei sjølve og dei rundt er bevisste på at dei er ei felles gruppe med felles mål. Det skapar då ein symbolisk markør på buekorpset som ei gruppe (Hertz, 2007:44).

Alle i buekorpsa har uniformar, og dei er nokså like frå buekorps til buekorps. I løpet av tida buekorpsa har eksistert, har uniformane endra seg ein del. I starten byrja dei med uniformar som vart sett saman av det dei hadde heime. Gutane møtte opp i det dei hadde tilgang på heime av sko, buksar og jakker. Det var ikkje like viktig i byrjinga, så lenge dei møtte opp i fine og ordentlege klede, for å representere sitt buekorps (Schønfelder, 1992:32). Dei møtte ofte i sine aller finaste klede, noko som ein kan sjå igjen i uniformen også i dag, då dei er staselege og flotte.

I dag er det annleis med uniformane. Alle går likt kledde i like fargar og uniformar. Kvart buekorps har sine fargar, som ein ofte kan sjå igjen i uniformen. Både Laksevågs Bueskyttere og Nordnæs Bataillonen har raudt, kvitt og blått som sine fargar. Sydnæs har blått og kvitt som sine fargar. Dette er det som er lettast å sjå på for å skilje dei ulike buekorpsmedlemmane, dersom dei ikkje står under fana til sitt buekorps.



Figur 21 Dagens buekorps (utanom Damsgårdssjellets Bataljon) sine uniformar, utstilt på Buekorpsmuseet. Foto: Evita Uglum

Uniforma i dag består av svart dressbukse, svarte finsko, kvit skjorte, skottelue og svart dressjakke for alle buekorpsa, utanom Laksevågs Bueskyttere, Løvstakken Jægerkorps og Damsgårdssjellets Bataljon. Dei har ikkje svarte jakker, men marsjerer berre i kvite skjorter. Dette er basisen som alle i buekorpsa har på seg når dei er ute på marsjering eller har eksersis.

I tillegg til det dei har på seg, er det mykje tilleggsutstyr som ein skal ha. Kva ein skal ha på eller med seg er avhengig av kva rolle ein har i buekorpset. I nokre korps brukar dei for eksempel skjerf rundt magen. Dette heng då ned ved foten, som ein ekstra detalj på uniformen. Også dette er i buekorpset sine eigne fargar. Kven som brukar dette er ulikt i dei forskjellige korpsa. Nokre korps har ikkje skjerf i det heile tatt, medan i nokre korps brukar alle det. I for eksempel Laksevågs Bueskyttere er det berre offiserane som brukar skjerf. Dette er det ulike praksisar på frå buekorps til buekorps. Det meste av uniformane er slik som buekorpset har liggande, slik at ein sjølv berre treng å stille med bukse og sko. Dette gjer til at alle kan vere med, slik som også nemnt i kapittel 4.

Nokre buekorps brukar også eit band på skrått over magen. Dette gjer for eksempel Laksevågs Bueskyttere og Løvstakken Jægerkorps, og er kanskje noko dei gjer sidan dei ikkje har jakke. Bandet er då i fargane til buekorpset, slik at for eksempel Laksevågs blueskyttere har raudt, kvitt og blått band, medan Løvstakken har grønt band. Eg såg også at Nordnæs Bataillon brukte gullband på sine store dagar. Men dei brukte det ikkje på medlemmane sjøve, men på statuen deira, ein buekorpsgut. Til dømes vart det brukt på stiftingsdagen til Nordnæs Bataillon. Det blei også brukt på blomsterpikene som gav blomar til buekorpsa på fellesmarsjeringen til laurdagskorpsa. Då var det blomsterpiker som hadde på seg fargane til dei ulike buekorpsa, når dei delte ut blomster til dei. Sjølv om bandet over magen ikkje er ein del av uniformen deira, er det fortsatt ein del av buekorpstradisjonane til buekorpset, berre ikkje som ein del av uniformen.

I buekorpsa ser ein forskjell på dei ulike rollane dei har, ved å sjå på uniformen. I tillegg til at offiserane blant anna har skjerf og band over magen, er det andre ting som viser forskjellar på dei ulike rollane. I nokre buekorps, brukar offiserane blant anna epålettar på skuldrene, og har sablar med seg, som ein rekvisitt i buekorpset. Ein kan også sjå forskjellar på skotteluene deira, då nokre har gullkant rundt, medan andre har sølv, og nokre svart. Dette kjem an på kva rolle ei har i buekorpset. Dei har også ulike stripa på armane, som symboliserer rolla deira.

Kva ein skal ha på seg når ein skal møte, er forskjellig gjennom sesongen. Første gong eg møtte til eksersis på Laksevåg, hadde dei halv uniform. Då hadde dei berre på seg buksar, sko og skottelue. Dei hadde ikkje skjorter på, og gjekk med eigne hettegenserar som sto Laksevågs Bueskyttere på. Dette er noko som dei brukar tidleg i sesongen, og eg såg det ikkje fleire gonger enn denne. Når dei har på seg full uniform, blir dette kalla for galla. Det vert brukt på dei vanlege eksersisane og marsjeringane sine. Dersom det er større dagar, som

stiftingsdagen, 17. mai, eller avslutningsdagen, har dei på seg grand gallauniform. Dette er det same som gallauniform, berre at dei også har på seg heidersmerka sine. Det er ekstra stas, og ein får vise fram kva medaljar ein har gjort seg fortent til i si tid i buekorpset.

Siste dagen eg var med Nordnæs Bataillon, hadde dei landtursdag. Dette vart ein lang dag med mykje som skjedde. Tidleg på morgonen møtte heile buekorpset, gamlekarane og foreldra opp på fotballbana heilt ute på Nordnæs, ved siden av Depotbakkane, der dei vanlegvis møter opp når dei har marsjering. Det var kaldt og litt regn i lufta. Til tross for litt ruskete vær, var det mange av foreldra som også møtte opp. Det var klart for å reise til Nordnæsdalen, men siden dette var siste dag i sesongen, fekk alle som hadde gjort seg fortent til det medalje. Dette var det sjefen og adjutanten som sto for. Då gutane fekk utdelt medaljen som dei skulle ha, kunne ein sjå på stoltheita dette førte med seg. Gutane var stolte over å få medalje, men foreldra og andre bekjente som sto på sida og såg på, var minst like stolte. Det er stas å få medalje for å vere med i buekorpset, og ekstra stas når ein får utdelt heiderleg, den største av dei alle, som ein må gjere ein innsats i buekorpset for å gjere seg fortent til.



Figur 22 Norsnæs Bataillon oppstilt på Fotballbana på Nordnes. Dette er årets siste eksersisdag, og dei får utdelt medaljar for innsatsen sin denne sesongen. Foto: Evita Uglum

Våpenet er også ein viktig del av ei buekorpsuniform, og noko som har endra seg gjennom tidene, og skapt masse debattar. Buekorpsa ber ulike våpen. Nokre ber bogar, medan andre ber trerifler. Sjølv om det blir kalla for buekorps, er det ein del av buekorpsa som er bataljonar. Dette betyr også at det er ein god blanding av buekorps som brukar bogar og av dei som brukar rifler. I tillegg til dette har Laksevågs Bueskyttere blant anna økser, og dermed eigne øksebærarar i buekorpset. Dei har også skjoldberarar og flaggberarar, som har ansvar for å bære skjold og flagg. Dette er det soldatar som får ansvaret for, og er ein av rollane i buekorpset. I tillegg ber dei *hellebardar*, som er eit langt spyd med ei øksliknande spiss på toppen.

Sablane er viktige rekvisittar, og viser tydleg kven som er offiserar i buekorpset. Desse held offiserane oppover, og ligg inntil kroppen når dei er ute på marsjering. Dersom dei møter på eit anna buekorps eller ein gamlekar, skal ein helse på dei. Dette blir gjort ved at sablane blir holdt opp, slik at handa er rett ut frå kroppen, med sabelen som peikar oppover. Dette blir også gjort når ein går forbi viktige plassar, som for eksempel eit stiftarhus, gravene til stiftarane eller ei kyrkje. Sabelen er eit viktig symbol i buekorpset som blir brukt for å vise respekt ovanfor andre viktige personar, og for buekorpset. Kommandoar blir og då ofte vist med sabelen. Dersom sjefen held den opp for å helse på noko som er viktig for buekorpset, skal også resten av buekorpset helse. Offiserane då med sabelen ut og opp, og resten av buekorpset skal ha handa opp mot hovudet for å helse.

I dei buekorpsa som eg var mest med, hadde Laksevåg og Sydnæs bogar, medan Nordnæs hadde rifler. På siste eksersisdag i Sydnæs blei det gitt beskjed om at neste sesong skulle dei starte opp med rifler, og ikkje lenger bogar. Ein av grunnane som ein gamlekar kom med, var at Sydnæs var ein bataljon og ikkje eit buekorps. Sydnæs Bataljonen har endra på beväpninga fleire gonger. Dei første to åra hadde dei bogar, i tillegg til kårdar. Etter dette, hadde dei tregevær og seinare rifler, før dei starta med bogar igjen i 1973 (Thorsen, 2013:626). Desse har dei hatt heilt fram til no, i 2022, og vil bli endra når sesongen 2023 starta.

Det har vore mykje debattar om våpena som har blitt brukt, spesielt rundt 2. verdskrig. Då Sydnæs Bataljonen droppa riflene i 1973 og gjekk over til bogar, var det fordi det kom antimilitaristiske bevegelsar, som gjorde til at det kom reaksjonar på at gutter ned i 5-6 års alderen gjekk rundt med tregevær. Sidan buekorpsa i tillegg likna på det militære, blei det kopla for mykje opp mot krig, når dei i tillegg hadde våpen som likna på krigsvåpen. Derfor gjekk Sydnæs Bataljonen over til bogar og pilkoggar, som er vesker soldatane går med, som

skal kunne romme piler (Thorsen, 2013:631). Men no når 2022 sesongen er over, har bataljonen marsjert for siste gong med bogar, i alle fall for denne gong.

Her skal også foreldrene, kanskje spesielt mødrene før i tida ha skryt. Dei har fiksa på uniformane, sydd på striper, sydd medaljar, og passa på at alle gutane har tatt på seg uniformane riktig. I dag er det ordentlege uniformar, der alle går likt, noko som kan takkast foreldra, som har bidrege til å skaffe, sy og hjelpe gutane med å få tak i ordentlege klede. Mødrene si viktige rolle må ikkje gløymast i buekorpsa, sjølv om det er gutane og gamlekarane som blir sett mest i gatene. Det ligg meir arbeid bak eit buekorps enn det ein ser i marsjeringa.

Å bere uniformen med respekt er viktig for buekorpsa. Dette er både for å vise respekt for uniformen og for sitt buekorps. Derfor er det viktig at lovane som gjeld når ein ber uniformen, blir følgde. Ein skal for eksempel ikkje banne eller røyke når ein ber uniformen.

Det er også veldig viktig at uniformen sit som den skal, noko som kan vere vanskeleg for ein nybegynnar i buekorpset, då det er mykje forskjellige detaljar på uniformen som skal lærest og følgast. Desse reglane skal alle i buekorpset følgje, og dersom dei ikkje gjer det, er ikkje dette særleg populært. Det er ei norm i dei enkelte buekorpsa å følgje desse reglane, som ofte er gamle, men likevel har sin plass i buekorpset i dag. Å ha respekt for uniformen ein ber, er viktig for heile buekorpset. Dette er reglar som kun gjeld når ein ber uniformen, medan med ein gong ein tar den av, er det ikkje noko som er gjeldande lenger.

Dei fleste buekorps har også nedskrivne lover som også omhandlar korleis ein skal forhalde seg til for eksempel val av styre, kven som kan begynne, og kva som blir forventa av medlemmane i dei ulike buekorpsa. I buekorpsa kan dette vere vanskeleg, spesielt i starten, då det er mykje å setje seg inn i. Mange av reglane blei laga for veldig mange år sidan, og er kanskje ikkje slik som ein er vand med i dagens samfunn. Dessutan er det ikkje like lett for ein gut på 7-8 år å følgje reglar som det er for ein ungdom på 17 år. Likevel skal desse to følgje dei same reglane, slik som buekorpset har satt opp. Å vere medlem i eit buekorps krev dette av deg. Både at stiller i uniformen din, som skal sjå perfekt ut til kvar eksersisdag, og at ein føl reglane elles som omhandlar oppførsel. Dersom ein ikkje føl reglane, kan ein bli straffa med dette. Det kan for eksempel vere å bli utestengt frå buekorpset i nokre dagar eller inndraging av heidersteikn. Dette er noko som ingen har lyst til, og gjer til at dei alle fleste vel å følgja reglane.

Å ha slike ulike reglar for uniformeringa, kan ein sjå fleire ulike plassar. Det som kanskje er mest likt på buekorpsuniformen, er nok den militære uniformen, der ein har nokre små endringar jo meir ein stig i gradene. Men slike forskjellar kan ein også sjå i ulike yrker der ein brukar uniformar. På sjukehus for eksempel, er det ulike normer knytt til uniformane. Dette er fargekodar som dei som arbeidar på sjukehuset eller andre helseinstitusjonar kan, medan dei som står utanfor ikkje alltid veit kva kodane betyr. Dette er slik som i buekorpset, der dei som er med der, kan kodane på dei forskjellige uniformane, medan dei som ikkje har tilknyting til buekorpset ikkje klarar å skilje dei ulike rollane berre ved å sjå på uniformane deira. Dei laga seg eit internt system som er unikt for bevegelsen.

Som ein kan sjå her, så er uniformen ein viktig del av buekorpsa, og noko som tydleg symboliserar at det er eit buekorps som kjem marsjerande. Uniformane dannar ein kode som fungerar innan buekorpsbevegelsen, og gjer det til eit identifisert hierarki (Hertz, 2007:44). Ved å berre sjå på uniformane til buekorpsa så kan ein skilje dei i fleire grupper. Ein kan både skilje buekorpsa frå kvarandre, men også dele det opp hierarkisk innan kvart buekorps. Ein kan sjå kven som er offiserar, berre ved å sjå på uniformen deira, at dei for eksempel ber både sablar, og i nokre buekorps epålettar på skuldrene. Dette gjer til at når buekorpsa ber uniformane, så vil ein kunne skilje soldatane frå offiserane, berre ved å sjå på buekorpset. Ein får då eit identifisert hierarki, med standardiserte klede (Hertz, 2007:44). Når buekorpset kjem saman i uniformar, forsvinn alle roller som ein har utanfor buekorpset, og det er berre rollane i hierarkiet innan buekorpset som gjeld.

Uniformar kan også skape ei form for militær, maskulin eller autoritær følelse. Dette er fordi uniformar ofte blir forbundne med militærteneste (Hertz, 2007:43). Når buekorpsa kjem marsjerande i gatene, iført uniform, så flyttar bergensarane seg, og både folk, bilar og bussar vikar for dei. I tillegg til at bergensarane er så stolte over denne gamle tradisjonen, kan det også ha med bekledninga deira å gjere. Den er liknande på uniformar som ein finn i militæret, og ser både autoritær og staseleg ut. I tillegg til uniformen, kjem dei også med fana si, noko som gjer til at dei er endå meir synlege i folkemengda.

### Respekt for viktige personar – levande som døde

Den 3. mai var det ein stor dag for heile Nordnes. Tidleg på morgonen, halv sju, før sola hadde rukke å komme enda, gjekk eg utover frå sentrum til Nordnes. Det var kaldt, men såg ut til at det skulle bli ein fin dag. På vegen møtte eg også fleire andre som gjekk same veg som meg, og eg skjønte at me skulle av for å sjå på det same, Nordnæs Bataillonen hadde stiftingsdag, og blei heile 164 år denne dagen, og dette skulle feirast. For stiftingsdagen blir feira med ein stor festdag kvart år. Ekstra stort er det dei åra dei har eit rundt eller halvrundt jubileum. Då feirar dei ekstra mykje heile sesongen.

Då eg kom ut på Nordnes, var det mykje flagg å sjå. Det var pynta frå ulike hus og til og med vegane ut var pynta opp med noregsflagg. Eg gjekk opp til Fredriksberg festning, Nordnæs Bataillonen sin tilhaldsplass. Her sto det mange gamlekarar og foreldre klare for å sjå på Bataillonen. Dei sto oppstilt, alle offiserane, og nokre av soldatane. Vidare gjekk tre av offiserane opp på haugen, for å henge opp flagg. Der har dei ei mast, som tidlegare vart brukt til å heise stormsignal i, til båtane ute på fjorden. Den er ikkje i bruk lenger, og det er berre Nordnæs Bataillon som brukar den på 3. og 17. Mai (Bing, 2018:360).

Flaggheisarane gjekk ned igjen til resten av bataillonen og stilte seg med dei. Det var klart for den historiske runden som dei tar kvar 3. og 17. mai. Forskjellen på desse dagane er at på 3. mai, som er den viktigaste for dei, er det offiserane som held talane på dei ulike plassane, medan den 17. er det underoffiserane. Dette er fordi stiftingsdagen er såpass viktig for bataillonen, og då skal alt vere perfekt, og staseleg som mogleg. 3. Mai er altså viktigare enn Noreg sin eigen nasjonaldag, då er det ein stor dag!

Første tale blei haldt oppe på Fredriksberg utanfor stiftarhuset til bataillonen. Dette var eit lite kvitt hus der bataillonen blei stifta i 1858. Huset låg ikkje opphavelig på festningen, men har blitt flytta dit i etterkant. Turen gjekk ut av Fredriksberg, og vidare på den historiske runden. Gamlekarane marsjerte bak, for dei er med på denne store dagen, då det også er ein stor dag for dei som har gått i bataillonen tidlegare. Det blei haldt talar for viktige personar i bataillonen si historie. Dei haldt då blant anna tale for eit hus som ikkje lenger står der den dag i dag, men som var viktig for dei, då ein av stiftarane budde der før det forsvann. Talane blir haldt, som om huset fortsatt skulle ha stått der. Dei stoppa også på eit minnesmerke like ved festningen. Dette var satt opp som eit minne for dei som døydde under krigen, som var tidlegare Nordnæsgutar. Her blei det haldt talar til ære for dei, før turen gjekk vidare.



*Figur 23 Nordnæsbataillon og gamlekarane oppstilt tidleg den 3. mai, for å ta den historiske runden og heidre buekorps sine viktige menn. Foto: Evita Uglum*

Ein kunne sjå at dette var ein stor festdag for heile Nordnes. Då denne historiske runden vart tatt, var det mange som følgde med, og fleire og fleire blei med på runden jo lenger den kom. I det bataillonen gjekk forbi Nordnes sjøbad, blei flagget heisa. Dette gjaldt også når dei kom til eit viktig hus der dei skulle halde tale, ved det Ballasthandlerolenske hus. Dette var også eit viktig hus for dei, då det har vore i bataillonen i mange år – og det heile starta med at bataillonen fekk ha rådsmøte der i starten, når dei ikkje hadde nokon anna plass å vere. Huset ligg sentralt til heilt ute på Nordnæs. Det er fortsatt busett av ein tidlegare Nordnæsgut den dag i dag, og går fortsatt i arv nedover.



Figur 24 Nordnæsbataillon utanfor Ballasthandlerolens hus den 3. mai. Her blei det holdt ein takketale til familien som i generasjonar har hatt huset og lånt det ut til bataillonen i trangare tider. Foto: Evita Uglum

«Hurra for bataillonen!» ropte buekorpset og gamlekarane etter kvar tale, før dei stilte opp igjen, og gjekk vidare til den neste historiske staden. Alle helser også på huset eller plassen som dei held tale til, ved å ha handa opp mot hovudet. Det er ein veldig høgtidleg stemning, og ein skjønnar fort at denne historiske runden til bataillonen er viktig for dei. Det å heidre dei som er viktige og har vore med på å bygge opp bataillonen gjennom åra er viktig på slike dagar som dette, når bataillonen skal feirast.

Siste tale før den historiske runden var over, var ved statuen til Nordnæs Bataillon. Dette er ein statue av ein buekorpsgut med ei tromme. I tillegg til å halde tale for denne

statuen, så pynta dei han også opp med buekorpset fargar, raudt, kvitt og blått. Det blei også lagt blomster på statuen av buekorpsguten. Statuen er satt like ved eksersisplassen til Bataillonen, Tollboden. Etter denne var gjort stas på, gjekk gutane ned på Tollboden og stilte opp, før dei tredde av og fekk pause før ettermiddagens opplegg.

Veldig mange buekorps har statuar rundt om i heile Bergen. Både noverande og tidlegare buekorps har fått satt opp statuar av buekorpsgutar, som fungerer som minnesmerker. Det at dei har så mykje respekt for statuen og at den er så viktig for dei, kan ha med at det er denne som viser fram buekorpset når dei ikkje er ute på marsjering sjølve. Statuen står der til alle døgnets tider, slik at buekorpset alltid er representert i strøket.

Ein statue, slik som denne, gjer historia synleg og tilgjengeleg for andre, slik at andre også får ta del i det. Men då kjem spørsmålet om kven statuen tilhøyrer og gir identitet til. Statuen gir identitet til bataillonen, og den gjer nok at dei som har tilhørsle til bataillonen eller strøket på andre måtar også føler ein viss tilhørsle til statuen, som representerer bataillonen og strøket. Statuen representerer eit stykke historie og strøket (Nielsen, 2007:142-143).

Vidare vil denne statuen fungere som eit koplingspunkt, slik som den i dag fungerer for buekorpsa, spesielt på større dagar. Buekorpsa tek over rommet og staden der statuen står, og gjer den til sitt eige, noko som ein ofte gjer med statuar og monument som desse (Nielsen, 2007:145). Dette er eit symbol som er postmaterielt, og skapar eit bilet av noko som ikkje lenger er virtuelt. Det blir ein symbolsk verdi som buekorpsa tek vare på ved å vidareføre historia gjennom denne.

### Gåveutveksling

3. mai er veldig viktig for Nordnæs Bataillonen. Dei feirar heile dagen, og dei som er på skulen, søker om fri for å få vere med på denne store dagen. Etter at dei har hatt sin historiske runde i strøket, får gutane ein liten pause, før dei reiser på kino. Når denne er ferdig er det klart for hovudopplegget for dagen. Då samlar alle seg på Fredriksberg igjen, og det er på tide med stor feiring.

Då eg gjekk opp på Fredriksberg klokka 16 3. mai, var det mykje meir folk enn det var på morgonen. No var det over 100 gamlekarar, i tillegg til alle andre interesserte og engasjerte i Nordnæs Bataillonen samla der, og dei aller fleste hadde kledd seg i fine klede, for dette var ein skikkeleg festdag. Sola skein endå, og det var eit nydeleg maivêr. Eg møtte opp i god tid, for er det noko eg har lært etter nokre månader med buekorps, er at buekorpstid og vanleg tid er to forskjellige ting. Buekorpsa styrer tiden sin sjølve, og arrangementa deira varar som oftast ikkje i same tid som planlagt på forhand. Dei tek seg den tiden dei treng, og let seg ikkje bli påverka av noko tidspress utanfrå. Buekorpsa tek sin tid og plass i samfunnet. No var det mykje meir folk på festningen enn det var klokka 07 i dag tidleg, og det var nesten litt tront på festningen, til tross for at det er eit stort område. Dette seier noko om kor mange som har møtt opp for å feire Nordnæs Bataillon.

Når eg kom opp på Fredriksberg, møtte eg med ein gong ein av mine informantar, som har hjelpt meg mykje gjennom tida med buekorpsa, slik at eg skulle forstå kva dei driv med. Ho var klar i dag og, for å fortelje meg mykje, noko som var til god hjelp på ein så stor dag. Denne dama har ikkje vore med i buekorps sjølv, men ho hadde vakse opp i Bergen sentrum, og var vand med å ha dei rundt seg. Dessutan var mannen hennas gamlekar i Nordnæs, så dette var ein viktig dag for dei begge, då dei har våre engasjerte i bataillonen i mange år. No er dei begge over 80 år gamle, men er fortsatt aktivt med på slike dagar som dette.

Det første me gjorde der, var at ho ville vise meg samlingshuset til Nordnæs Bataillon. Dette kallar dei for Krutthuset, og det blei bygd på 1700-talet, og det er eit gammalt og historisk hus, som bataillonen no får bruke når dei vil. Då me kom inn i det gamle, store steinbygget, satt det mange gutar der som gjekk i Nordnæs Bataillonen, og åt bollar. Gutane bestemmer sjølve, og då er det klart at det blir bollar til lunsj. Dei hadde ein pause i eit elles så stramt opplegg for den store årsdagen til bataillonen. Det var klart for ettermiddagsprogrammet. Bataillonen og gamlekarane helste på kvarandre, på ordentleg buekorpsvis, med hendene og sablane opp. Sjefen ønskte velkommen, og det var klart for blomsternedlegging. Dette var det sjefen som sto for, og gjekk då staseleg fram, med sabelen

oppover, slik som ein helsar. Første buketten la han ved samlingshuset deira, for å heidre dette. Det var tid for utdeling av gode ord til bataillonen, blant anna frå gamlekarane og velforeininga. Vidare var det også talar frå gamlekarar som ikkje kunne møte denne dagen, men som gjerne ville gi gode ord til bataillonen. Talane blei haldne av sjefen i gamlekarforeininga, då dei også har eit styre, litt slik som bataillonen har. Av dei 100 gamlekarane som møtte, var det menn heilt ned i 20-års alderen som nettopp hadde slutta i bataillonen, og heilt opp til den eldste for dagen, som var rundt 90 år. Aldersspriket i gamlekarforeininga er altså veldig stort, noko som ikkje verkar som har noko å seie, då dei har den eine store fellesinteressa: Nordnæs Bataillonen. Gamlekarane møtte i dress, og med medaljen som blir kalla for orden, den beste medaljen ein kan få når ein er med i bataillonen. Denne ber dei med stoltheit, då denne viser at ein har vore ein pliktoppfyllande buekorpsgut gjennom si tid i bataillonen, og gjort det som blir forventa av han. Orden er det største ein kan få, og den har ein berre på seg på slike store dagar, som stiftingsdagen, 17. Mai, *Buekorpsenes dag* og landtursdagen, som er den siste dagen i seidsongen. Både dei i bataillonen og gamlekarane har denne på seg, dersom dei har fått den, då det er noko ein må gjere seg fortent til. Likevel er det ikkje berre medlemmar og tidlegare medlemmar som kan få denne. Ein av mine informantar, som er kvinne på ca. 50 år, har vore engasjert i lang tid i bataillonen, og har då gjort seg fortent til orden, utan å vere med i bataillonen sjølv. Å få denne som kvinne, og ikkje har vore med i bataillonen, krev at ein hjelper mykje til, og er engasjert over lengre tid. Dersom ein får denne, viser det at bataillonen set veldig pris på hjelpen og engasjementet som ein gir til dei.

Det blei også utdelt gåver, då dette er viktige symbol på denne dagen. I år fekk dei ein trompet i gåve, noko som dei blei veldig glade for. Denne kan dei bruke ved spesielle anledningar i buekorpset, som for eksempel 17. Mai, når det skal gjerast ekstra stas på bataillonen. Å få gåver frå gamlekarane er noko som dei får ved kvar årstdag, og det er ofte gåver som er viktige for dei. Blant anna er det gamlekarane som gir dei nye faner når dette er behov for, og Nordnæs Bataillonen har også blant anna fått ei grillhytte i Nordnæsdalen, som er bataillonen si eiga eigedom i Fyllingsdalen, rett utanfor Bergen. Grillhytta fekk dei for øvrig også frå gamlekarane i anledning 60 års jubileet deira. Denne fekk dei fordi gamlekarane var bekymra for at gutane ikkje skulle ha nokon plass å leike på etter kvart som byen vaks fram. Det var då fleire av gamlekarane som gjekk saman for å skaffe denne eigedommen i Fyllingsdalen, som ikkje er meir enn 10-15 minuttar i bil frå Bergen Sentrum.

Med i denne gåva fekk dei også eit pengebeløp som dei skulle bruke på å utvikle og bygge opp området dei hadde blitt overrekt (Kvamme, 2018:12).

Eg har vore med ut i den dalen nokre gonger i løpet av sesongen, når bataillonen har hatt aktivitetar der ute, og det er eit fint opparbeidd område, som ligg for seg sjølv. Der har dei blant anna ei hytte som dei kan bruke til overnatting i helgane, ei grillhytte, toalett, kioskhytte og ei stor fotballbane, som dei driv med ulike idrettar på. Det er eit enormt område, som bataillonen brukar mykje, og er stolte over.

Vidare i programmet var det også gåve og tale frå velforeininga, som støttar opp om bataillonen. Ei takka for eit godt samarbeid, og gratulerte dei med dagen. Så kom gåva deira. I år var dette vaskeutstyr, som dei skal bruke for å vaske hyttene i Nordnæsdalen. noko som dei har bruk for. Med dette tilbydde også velforeininga å vere med på vasken saman med gutane. Dei gav også måleband, som dei skulle ha til å måle opp 60-meteren når dei skal ha idrettsdag, som dei har ein dag kvar sesong. Dette var begge deler gåver som gutane sat pris på, då dette er noko dei får bruk for saman i bataillonen.

Vidare gjekk feiringa ut frå festningen, og bataillonen og gamlekaranane marsjerte ein runde i sentrum for å vise seg fram. Denne runden enda på Tollboden som er eksersisplassen til Nordnæs Bataillonen. Her var også nokon av medlemmane i dei to andre laurdagskorpsa, Nygaards Bataljon og Dræggens Buekorps møtt opp. Dei hadde kvar sin eksersisoppvisning framfor alle, og gav kvar si gåve til Nordnæs Bataillonen til deira stiftingsdag. Dette gjør desse tre korpsa på kvarandre sine dagar, og er veldig fint. Det at dei kjem med ein oppvisning på deira dag, er ein gåve i seg sjølv, og ein gjer stas på det buekorpset som feirar sin dag. Dagen vart avslutta med Faneparade, både for gamlekaranane og for bataillonen samtidig, før gamlekaranane reiser vidare på middag på kvelden. Feiringa er no over for gutane i bataillonen, då dei byrja allereie klokka 07 på morgonen, og ein kunne sjå at spesielt dei yngste begynte å bli utspringe og trøytte etter ein lang dag på linje. Ein dag som dette blir sjølvsagt avslutta med Bergens nasjonalsong, Nystemten, spelt av gamlekarmusikken.

Seinare i sesongen var eg med på Sydnæs Bataljon ein stiftingsdag. Også her var utdeling av gåver ein stor del av deira dag. Sidan dei har stiftingsdag 7. juni, er dette i tillegg deira siste dag for sesongen. Den blei feira den 11. juni, då dei legg den til nærmaste laurdag, og, ikkje feirar den på same dato kvart år, slik som Nordnæs bataillon gjør.

Her blei det delt ut gåver frå gamlekaranane til bataljonen, med talar og ei høgtidleg overrekking. Ein kjenner den høgtidlege stemninga på slike dagar som dette. I tillegg til at

gamlekarane gav gåver til buekorpset, gav også buekorpset noko tilbake. Dei gav gåver i form av blomar til dei av gamlekarane som hadde hjule ekstra mykje til i bataljonen i løpet av året. Dette var som takk for innsatsen dei hadde lagt i bataljonen. Gåveutvekslinga skjer då begge vegar, og ein gir det som ein takk til den andre. Ein gir og tar i buekorpskulturen.

«Eg vil veldig gjerne vere med å hjelpe til. Det er viktig at gutane som er med i korpset no får dei same kjekke opplevelingane som eg fekk då eg sjølv var med», sa ein av gamlekarane eg snakka med. Det å gi tilbake når ein får noko, er utbreidd i mange samfunn. Slik er det også innanfor buekorpsrørsla. Dette er ikkje noko som ein er plikta til, men er frivillig. Sjølv om det er frivillig, vil det i teorien vere ein plikt, fordi mennesket føler at ein må gi tilbake noko dersom ein får ei gave eller ein teneste frå nokon. Dersom ein mottek ei gave, føler altså dei fleste seg forplikta til å gi tilbake noko (Mauss, 1995/1950:11).

Dette er også noko nordmenn kjenner på, og er noko som er heilt vanleg i buekorpsa også. Kvar stiftingsdag kjem dei andre laurdagskorpsa med gave. For å gi tilbake, reiser ein på dei andre laurdagskorpsa sin stiftingsdag, og gir ei gave tilbake. Gåveutveksling er viktig i buekorpset, og det viser at ein respektera dei andre korpsa, ved å gjere stas på dei på deira dag. Å vise takknemlegheita for det ein har fått, ser ein tydleg i buekorpsa, og resiprositeten er viktig.

Mauss skriv om korleis potlatch fungerar hjå indianarane. Her handlar det om å gi gåvar av verdi, for å vise sin sosiale status. Gåvene blir då brukt som eit økonomisk system mellom ulike stammar (Mauss, 1995/1950:16). Buekorpsa har også eit visst system på korleis ein gir gåver til kvarandre og korleis gamlekarane gir gåver til buekorpsa. Som nemnt tidlegare i dette kapittelet, så blir det blant anna gitt fanemedaljar mellom buekorpsa. Desse er av høg symbolsk verdi, og er difor noko som kan vise status og taknemmelegheit ovanfor dei andre buekorpsa. ein ser også korleis gamlekarane gir faner som er av høg verdi til buekorpset. Dette gir dei fordi dei har fått så mykje av buekorpset den gongen dei sjølve var med, og har no moglegheiten til å gi tilbake i form av gåver. Dette gjer til at buekorpsa blir reproduksjon og verande i Bergenshistoria.

## Kapittelkonklusjon

I dette kapittelet har eg fokusert på korleis dei materielle verdiane i buekorpskulturen er med på å reproduksjon dei historiske og tradisjonelle elementa ved buekorpsa. Buekorpsa vert dermed ein viktig historiebærar gjennom gåver og verdiar, både for kvart buekorps, men òg for byhistoria. Uniformer og faner dannar grunnlag for identiteten til buekorpsa, då desse

dannar oppfatningar om kva som er «vårt» og «dei andre sitt». Desse skilja gjer at identiteten vert reproduusert i samspel med at dei tek vare på tradisjonane i buekorpset. Uniformane er med på å lage ei gruppetilhørsle, og desse identitetsmarkørane vil gjere at ein kan kategorisere og sortere menneske som gruppe, slik Jenkins (2008) skriv.

Ein viktig del av dei materielle verdiane i buekorpsa er gåvene, som vert gitt til faste tider. Gåvene skaper og syner respekt mellom buekorpsa og i kvart buekorps. Desse rituala dannar igjen rammer for reproduksjon av tradisjonar. Sjølv om gåvene til buekorpsa kan ha ulike økonomisk verdi, vil gåvene ofte ha stor verdi uavhengig av økonomisk verdi grunna tilhørsle til det einskilde buekorps. Verdi handlar altså om noko meir enn store og dyre gåver, men om verdien ulike ting har for dei ulike buekorpsa, dei einskilde individua, og Bergen by som heilskap.

Evita Uglum

## Kapittel 6: Avslutning

I denne oppgåva, har eg analysert buekorpsa i ein rituell samanheng, og sett dette opp mot tre ulike dimensjonar. Problemstillinga mi søker etter å kaste lys over korleis reproduksjonen av buekorps i Bergen dels kan forklaraast ved hjelp av dei rituelle elementa hjå buekorpsa.

Dimensjonane i fokus er klasse, kjønn og materialitet. Som kapitla har vist, er desse ulike og komplekse dimensjonar, men alle er essensielle for at buekorpsa blir reproduuserte i dagens bybilete. Heilt i byrjinga av oppgåva presenterte eg Bergen og innbyggjarane, og korleis byen har ei særprega strøksdanning. Med dette ville eg vise korleis byen er bygd opp, då spesielt rundt buekorpsa. Eg kom inn på korleis byen har utvikla seg, og korleis buekorpsa har utvikla seg saman med byen, både med tanke på strøksendringar og gode og dårlige tider for buekorpsa. Vidare tok eg opp korleis ein overfører kunnskapen mellom menneska som er med i buekorpsa, og kor avhengige buekorpsa er av både enkeltpersonar men også lokalsamfunnet rundt for å kunne overleve. Alt i alt så er både strøket og byen viktige for at buekorpsa har klart å overleve så lenge som dei har gjort, og skal gjere i framtida.

Deretter tok eg opp den første av dei tre dimensjonane som eg ville innom, nemleg klasse. For korleis er klasse med på å reproduusere buekorpsa? Samfunnet har endra seg mykje i løpet av kort tid, og buekorpsa har då måtte henge med i den same utviklinga. Tidlegare var klasseskiljet i samfunnet mykje større enn det er i dag, og til og med buekorpsa hadde eit eige klasseskilje. I tillegg til at samfunnet var meir klassedelt før, så var også buekorpsa inndelt i eit hierarki innan kvart buekorps. Dette gjer til at ein får mange ulike roller som skal fyllast ut, og ein må tre inn i ei rolle dersom ein skal vere med i buekorpset. Det å starte på botn heilt som soldat, for å kunne sjå opp på offiserane i buekorpset kan nok vere ein god motivasjon i seg sjølv til å fortsetje i buekorpset, til ein sjølv kjem i denne rolla. Det at dei tek vare på hierarkiet og dei ulike rollane, er nok ein viktig del av kvifor buekorpsa blir reproduuserte i dagens moderne samfunn.

Vidare kom eg inn på den andre dimensjonen, og den mykje omtala kjønnsproblematikken som ein finn i buekorpsrørsla. I byrjinga var ikkje buekorpsa opne for jenter, og det er berre no i seinare tid at dei har fått lov til å vere med. Likevel så er det berre tre buekorps som tillet at det er jenter med i buekorpset den dag i dag. Tidene har forandra seg, det kjønnsdelte Noreg er ikkje like kjønnsdelt lenger, og dette har buekorpsa måtte utvikle seg i takt med. Det at buekorpsa er såpass tilpassingsdyktige til endringane som skjer i samfunnet rundt, er nok ein viktig faktor for at det framleis overlever i dagens samfunn. Sjølv

om jentene berre kan velje mellom nokre få buekorps, så er det fortsatt ein endring i buekorpsrørsla i same retning som samfunnsendringane.

Til slutt tok eg for meg den siste dimensjonen som er det materielle. Her såg eg på korleis verdien er viktig for buekorpsa, og korleis denne blir ivaretatt og er med på reproduksjonen av buekorpsa. Eg såg både på viktigheten av fana, uniformen og personar. Dei er opptatte av å ta vare på det materielle, og ser på verdien av det som buekorpset har og er. Dei handsamar både fana og uniformen med ein enorm respekt, då dette er viktig for dei, då det er ein så stor del av identiteten til buekorpset. I tillegg er dette noko som har blitt vidareført sidan buekorpsa blei starta, og ein har respekt for dei som starta buekorpsa. Dei blir blant anna hylla ved at buekorpsa har ein historisk rund i sitt strøk knytt opp mot stiftingsdagen, og legg då både ned blomar og held talar for stiftarane og andre personar som har vore viktige for dagens eksistens av buekorpset. Dei tek vare på historia, med respekt for dei som har vore med å bygd opp buekorpset. Dette er med på å gjere ein bevisstheit rundt at buekorpsa er gamle, men likevel verd å ta vare på.

Ein anna viktig del som foregår i buekorpsa, er gåveutvekslinga. Denne foregår både internt i kvart buekorps, men også mellom buekorpsa. Innan kvart buekorps blir det gitt gåver som for eksempel blomar på større dagar. Det blir også gitt gåver mellom buekorpsa, då også blomar, men også fanemedaljar. Desse er verdifulle gåver for buekorpsa, då dei skal vere på fana, som er noko av det viktigaste som buekorpsa har. Dette gjer til at ein gir respekt til fana, som er ein viktig symbolsk verdi for buekorpset, og som skapar eit samhald rundt buekorpset. Det å gi og få tilbake gåver gjer også til at buekorpsa seg i mellom får eit betre samhald og gjensidig respekt for kvarandre. Dette i seg sjølv er nok ein stor faktor for at buekorps blir reproduksjon i dagens samfunn. Det å vere fleire om denne bevegelsen, og skape eit større samhold, på tvers av buekorpsa, kan gi følelsen av å vere med på noko større, ein fellesskap. Dette får nok ein del til å fortsetje og buekorpsa til å reproduksjon seg.

I tillegg til desse tre dimensjonane og som eg har prøvd å vise gjennom å vere detaljert omkring buekorpsaktivitetar, så er den sosiale delen også veldig viktig. At det blir arrangert ulike arrangement utanom er nok avgjerande for at mange av medlemmane vel å fortsetje i buekorpsa. Det fellesskapet som ein får av å vere med i buekorpsa er noko unikt, og ein får venner som ein har resten av livet. Sjølv om eg ikkje har valt å ta med den sosiale biten som ein eigen analytisk del i oppgåva, så er denne også veldig viktig. Den går inn i dei tre andre dimensjonane, då den sosiale biten ligg til grunn i buekorpsa, for at dei skal kunne utføre dei tre dimensjonane.

I denne studien kan me trekkje konklusjonar til at reproduksjonen av buekorpsa i Bergen er eit nettverk av komplekse prosessar. I ei spenning mellom fornying og modernisering på den eine sida, og tradisjonar og historiebevaring på den andre sida, søker buekorpsa å halde på dei viktige identitetsmarkørane dei har i strøk og by, samstundes som dei tilpassar seg dagens samfunn når det gjeld kjønn, klasse og aktivitetar. Den stolte bergensar vil trekkje fram buekorpsa som noko særeige for Bergen, og denne rolla som korpsa har i bybiletet utgjer ein viktig faktor inn i reproduksjonen. Den tause overføringa av kunnskap i buekorpsa gjer at rituala reproducerer seg, og har gjort at buekorpsa kan på fleire områder sjå likt ut som det gjorde då det starta for nærmare 200 år sidan. Buekorpsa er truleg avhengig av både fornying og tradisjonsbevaring for å halde seg relevante framover i tid. Då kan den interesserte bergensar, eller utanforståande som meg sjølv, følgje spent med på utviklinga til denne stadig meir inkluderande fritidsaktivitet som utgjer ein så stor del av puslespelet Bergen.



## Vedlegg 1

### Ordliste Buekorps

Dette er ulike ord som eg støytte på i løpet av felterbeidet mitt, som ikkje er vanlege utanfor buekorpssamanheng. Forklaringa er basert på det eg observerte og blei fortalt i løpet av tida mi ute i felten.

**Adjutant:** Dette er hjelparen til sjefen. Hen går fremst i buekorpset saman med hen, og har ansvaret for å passe på buekorpset saman med sjefen. I løpet av marsjeringa går han eller ho nokre rundar for å telje over resten av buekorpset, for å sjå om alle fortsatt er der.

**Eksersis:** Dette er når buekorpsa øver på marsjering og forsvar av fana. Ting må terpast på, og dei alle fleste buekorpsa har eksersis 1-2 gonger i veka gjennom heile buekorpssesongen.

**Fanebærar:** Dette er dei som bær fana. Dei er alltid minst 2 stk, då fana kan bli tung å bere på i lengden. Dei som har ansvaret for fana, blir kalla for fanegarden. Dei har også eigne øvingar på å gå faneparade, då dette krev ekstra trening.

**Faneparade:** Dette er ei framvisning av fana, og ein skal hylle den. Fanebæraren går med fana rett ut frå kroppen. Hen går så 7 steg, med beina rett opp og ut, før han snur og går 7 steg tilbake. Dette gjer han i takt med at tamburen trommar.

**Full uniform, grand gala:** Når ein kler seg opp i full uniform, inkludert dei utmerkelsane som ein har gjort seg fortjent til gjennom si tid i buekorpset.

**Halv uniform:** Dette er når ein ikkje pyntar seg opp i full uniform, og blir berre brukt på eksersisdagar, ikkje større arrangement, som for eksempel fellesmarsjering, *buekorpsenes dag* og stiftingsdagar.

**Kompani:** Soldatane blir delte inn i to kompani. Eit buekorps kan berre ha to kompani, og desse blir igjen delt inn i fleire pelotongar. Kvart kompani blir leda av ein kompanisjef, som er ein av offiserane.

**Kompanisjef:** Dette er den personen som har ansvaret for eit kompani, og gir dei ordrar og passar på at alle gjer slik dei skal når dei er ute på marsjering.

**Laurdagkorps:** Marsjerar frå gammalt av på laurdagane, på grunn av klasseskiljet som ein gong var i samfunnet. Denne tradisjonen har dei fortsatt med, og marsjerar også på laurdagane den dag i dag.

**Marsj:** Ein marsj er den sangen som ein trommar i buekorpset. Ein har ulike marsjar ein spelar, og nokre er eigne for kvart korps, medan nokre er felles for alle korpsa.

**Masjering:** Dette er når ein går med fana, i eit felles tempo, i takt med trommeslaga, iført uniform.

**Offiserar:** Dette består av dei eldste i korpset, har ansvar for ulike delar av buekorpset. Dei har ansvar for at buekorpset opptrer som det skal når dei er ute på marsjering, og står også ansvarlige for aktiviteten som skjer i buekorpset.

**Pelotong:** Kvart kompani innad i buekorpset, er delt inn i ulike peletongar dersom dei er så mange medlemmar at kompania blir for store.

**Rådet:** Rådet består av dei eldste gutane og jentene, og dei som bestemmer og styrer korpset. Dei blir valde inn via eit demokratisk val av dei andre i buekorpset. Her er det også ulike praksisar frå buekorps til buekorps.

**Sjef:** Øverste leiar i buekorpset. Kommandoar frå hen skal alltid følgjas, og hen har det øvste ansvaret for det som skjer i korpset.

**Sjefsrådet:** Dette er eit felles styre for alle buekorpsa. Her sitt sjefen i kvart av buekorpsa, og planlegger det som skal skje på tvers og i fellesskap av buekorpsa i løpet av sesongen.

**Skjoldbærar:** Dette er dei som går heilt bakarst, i det bakarste kompaniet, og er ein del av soldatane. Dei går med skjold i staden for bøge eller trerifle.

**Soldatar:** Dette er dei minste i korpset. Dei går med bøge eller trerifle, og har ikkje særleg med ansvarsoppgåver. Alle startar her i buekorpset, før dei jobbar seg oppover til høgare posisjonar.

**Søndagskorps:** Dei marsjerar på søndagane frå gammalt av, men det kan vere endringar på dette i dag, som for eksempel Sydnæs Bataljon som er eit søndagskorps, men som til vanleg masjerar på laurdagane no.

**Tambur, slagar:** Tambueren er sjefstrommeslagaren. Hen styrer resten av slagargjengen når dei spelar ulike marsjar.

**Øksebærar:** Dei går langt framme i korpset og ber økser i tre, og er ein del av offiserane.

## Litteratuliste

Anderson, B. (1996). *Forestilte Fellesskap: refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning*. Spartacus Forlag AS, Oslo.

Barth, F. (1999). Kapittel 1. Boundaries and connections. Anthony Cohen (red.). Signifying identities. *Anthropological Perspectives on Boundaries and Contested Identities*. S. 17-36.

Bing, K., Kvamme, A. & Kvamme, M. (2018). *Nordnæsboken: Nordnæs Buecorps og Bataillon 1858-2018* (6. Utgave). Bodoni Forlag, Bergen

Bourdieu, P. (2015). *Distinksjonen: Smak, kunnskap, livsstil* (A. Eriksen, Oversettar.). Oslo, Noreg: Pax Forlag AS. (Orginalt publisert i 1979).

Brosing, G. (1957). *Nygaards Bataljon gjennom 100 år 1857-1957. Et bidrag til Bergensk kulturhistorie*. Bergen.

Buekorps (2004, 1. mars). Løvstakkens Jægerkorps. Buekorps.no

<http://www.buekorps.no/modules.php?name=Content&pa=showpage&pid=6> henta 19.05.2023

Buekorpsmuseet. (u.å.). Dagens Korps. Henta fra <https://www.buekorpsmuseet.no/dagens-korps/> Henta 18.10.2022

Buekorpsmuseet. (u.å.). Lunegaardens Buekorps. Henta fra

<https://www.buekorpsmuseet.no/dagens-korps/lunegaardens-buekorps/> Henta 21.10.2022

Butler, J. (1999). *Kjønn, performativitet og sårbarhet*. (Lars Holm-Hansen, overs.) Cappelen Akademisk forlag AS. (Opprinneleg utgit 1990).

Damsgårdsfellets Bataljon. (u.å.). Litt om oss. Henta fra

<https://damsgardsfjelletsbataljon.com/om-oss/> Henta 12.01.2023

Eriksen, A., Fagertun, A. & Ødegaard, C. (2007) Introduksjon. Om kjønn og antropologi. *Norsk antropologisk Tidsskrift*. Vol. 18, nr. 2. S. 75-89. Universitetsforlaget.

Eriksen, O. (1983, 13. Januar). Laksevåg Bueskyttere har ordet. *Morgenavisen*.

Eriksen, T. H. (2021). *Små steder – store spørsmål: innføring i sosialantropologi* (4. Utgave). Universitetsforlaget.

- Frost, N. (2016). Anthropology and Festivals: Festival ecologies. *Ethnos Journal of Anthropology*.
- Geertz, C. 2005, *Deep Play: Notes on the Balinese Cockfight*. Daedalus (Cambridge, Mass.), Vol.134 (4), S.56-86.
- Gluckman, M. (2004). *Order and rebellion in tribal Africa*. 2. utgave. British library Catalouging in publication data.
- Goffman, E. (1992). *Vårt rollespill til daglig: en studie i hverdagslivets dramatikk*. (K. Risvik, K. Risvik Overs.) Pax forlag. Oslo. (Opprinneleg utgitt 1974)
- Graeber, D. (2001). *Toward An Anthropological Theory of Value : The False Coin of Our Own Dreams*. Palgrave Macmillan. New York & Hampshire
- Grytten, F. (2015). *17. Mai Bergen*. Skald 2015.
- Gullestad, M. (1975). *Livet i en gammel bydel: Analyse av rekruttering og sosial organisasjon i eit eldre sentralt boligstrøk*. Universitetet i Bergen.
- Hagen, A. Landsverk & Skorpen, G. Stueland (2021). *Hjelp jeg skal på felter arbeid!* Cappelen Damm AS.
- Hagen, H. (2021, 29. Desember). Verfts- og industrimiljø. *Sydvesten*.  
<https://www.sydvesten.no/nyheter/2019/11/13/verfts-og-industrimiljoe/> Henta 06.10.2022
- Halleraker, T. og Larsen, B.M. (2000, 16. Januar). En stor glipp. *Bergensavisen*.
- Hammerborg, M. (16.11.2017) Eg e'kje frå Norge! *Bergensavisen*. <https://www.ba.no/ka-det-med-bergen/morten-hammerborg/bergen/eg-e-kje-fra-norge/f/5-8-682726> Henta 18.05.2023
- Hammerborg, M. (2020). *Bergenser*: en historisk analyse. Universitetsforlaget.
- Hanson, T., Hellum, N., Kvalvik, S., Køber, P. K., Rones, N., Steder, F. B., & Strand, K. R. (2017). Slik får Forsvaret flere kvinner. *Viten: Forsvarets forskningsinstitutt*.
- Hartvedt, G. H. og Skreien N. (2001, 25. Januar). Lørdagskorpsene. Bergen byarkiv.  
<https://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1422158> Henta 12.09.2022
- Hartvedt, G. H. og Skreien N. (2001, 25. Januar). Nøstets Bataljon. Bergen Byarkiv.  
<https://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1422649> Henta 11.02.2023

Hartvedt, G. H. og Skreien N. (2001, 25. Januar). Søndagskorpsene. Bergen byarkiv.

<https://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1423513> Henta 12.09.2022

Hartvedt, G. H. og Skreien N. (2008, 06. Juni). Tønnebålet på Laksevåg. Bergen byarkiv.

<https://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/14029169> Henta 12.09.2022

Hertz, C. (2007). The uniform: As material, as symbol, as negotiated object. *Midwestern Folklore*, 32(1/2), 43-56.

Haaland, A. (u.å). Bygningshistorie.

<https://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/bergens-historie#BYGNINGSHISTORIE>

Henta 14.09.2022

Jenkins, R. (2008). *Social Identity*. Third edition. Routledge. Abingdon, Oxford.

Jenkins, T. (1994). *Fieldwork and the Perception of Everyday Life*. Man, 29(2), 433-455.

Kapferer, B. (2005). Ritual Dynamics and Virtual Practice. I Handelman, Don(red.) og Lindquist, Galina (red.). *Ritual in Its Own Right: Exploring the Dynamics of Transformation* (1. Utgåve). Berghahn Books.

Kvamme, M. (2018). *Nordnæsdalen gjennom 100 år*. Bodoni forlag, Bergen.

Kvamme, M. (2022). *Nordnes. Beretninger fra en gammel bydel*. Bodoni Forlag. Bergen.

Langlo, E. (2020). *Fanen er vårt samlingsmerke*. John Grieg, Bergen.

Loga, J. (2011). *Inkludering i nærmiljø: En studie av frivillige organisasjoner som flerkulturelle møteplasser. Inkludering i nærmiljø: En studie av frivillige organisasjoner som flerkulturelle møteplasser*. Senter for forskning på sivilsamfunn og offentlig sektor. Bergen/Oslo.

Løvstakkens. (u.å.). Korpsets Historie. <http://www.lovstakkens.com/34217630.html> Henta 24.04.2023

Markens Bataljon. (u.å.). <https://www.markensbataljon.no/historikk> henta 11.11.2022

Mauss, M. (1995). *Gaven: Utvekslingens form og årsak i arkaiske samfunn*. (T.H. Eriksen, Overs.) Cappelen Akademisk Forlag AS. (Opprinnelig utgitt 1950).

Morell, M. (2015). When space draws the line on class. I Carrier, J. og Calb, D. (red.), *Anthropologies of class. Power, practice and inequality* (S.102-117). Cambridge University Press

Müller, H. (1996). Veier inn i den tause kunnskapen. *Norsk Antropologisk Tidsskrift*. Årgang 7, nr 3.

Nelms T. C. & Maurer, B. (2014) Materiality, symbol, and complexity in the Anthropology of Money. *The psychological Science of Money*. Spring.

Nielsen, N. K. (2007). *Minnesmärken. Att tolka det forflutna och besvärja framtiden*. Carlssons.

Nilstun, C. (2021, 8. november). Patriotisk. <https://snl.no/patriotisk> Henta 12.11.2022

Ortner, S. B. (2006). *Anthropology and Social Theory: Culture, Power, and the Acting Subject*. Duke university press.

Peirano, M. G. S. (1998). When anthropology is at home: The different contexts of a single discipline. *Annual Review of Anthropology*, 27, 105-128

Pettersen, E. (1996, 10. Juni). Slå buekorpsene sammen. *Bergensavisen*. Min mening

Ramsli, E. (1998). *Laksevåg, eg ser deg*. Sigma Forlag AS.

Regis, H. A. (2001). Second Lines, Minstrels, and the Contested Landscapes of New Orleans Afro-Creole Festivals. *American Ethnologist*, Vol 28, no. 4, s. 752-777.

Schønfelder, L. (1992). *De bergenske buekorps*. Utgitt av Ex Libris Forlag as, Oslo.

Schønfelder, L. (2010). *Leve tradisjonen!: Buekorpsenes dag 1970-2010*.

Skre, Ingunn B. (2019, 20. mai). Maskulinitet. <https://snl.no/maskulinitet> Henta 08.03.2023

Skår, A. K. (2017). *Tradisjon-Kameratskap-Disiplin: En etnologisk studie av buekorps*. Avhandling til magistergraden i etnologi, universitetet i Bergen, våren 1984. Utgitt av Buekorpsmuseet i Bergen. John Grieg, Bergen.

Stangenes, T. (2003, 2. Juni). Lite igjen av Vågens Bataljon. *Bergens Tidene*.

<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/zOqWq/lite-igjen-av-vaagens-bataljon> Henta 09.12.2022

Sørensen, J. (2021). *Marsjtakt i smitt og smau: historien om Fjeldet og bataljonen*. Utgitt av Fjeldets Bataljon og Foreningen Fjeldgutten. John Grieg Forlag.

- Thorsen, J.E., Bjørkhaug, G.S., Magnussen, C.H., Birkeland, H. & Karlsson, H. (2013). *Sydnæs og Bataljonen: Sydnæs Bataljon 1863-2013*. John Grieg AS, Bergen.
- Turner, V. (1960). Betwixt and Between: The Liminal period in Rites de Passage. *The Rites of Passage*. M. Vizedom, G. Caffee. (Overs.) Chicago: University of Chicago Press.
- Turner, V. (2017). *The ritual process : structure and anti-structure*. Routledge, London.
- Tvedt, O. (2022, 17. Mai). Comeback for Laksevågs blueskyttere. *Bergensavisen*.  
<https://www.ba.no/comeback-for-laksevags-bueskyttere/s/5-8-1902197> Henta 13.05.2023
- Wadel, C. (2020). *Feltarbeid i egen kultur*. Cappelen Damm AS.
- Wehus, W. N. (2008, 21. November). Sammanligner buekorpsene med taliban. *Bergens tidene*. <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/LMXRk/sammanligner-buekorps-med-taliban> Henta 06.10.2022
- Zahle, J. (2012). *Practical Knowledge and Participant Observation*. Inquiry (Oslo) s. 50-65.